



MØTEINNKALLING KOMMUNESTYRET

Møtedato: 06.03.2017
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 11:00 - 17:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Sølvi Legård epost solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Det er open halvtime frå kl. 1100
Innbyggjarar som ønskjer å ta ordet i open halvtime må vere tilstades i kommunestyresalen kl. 1100

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
13/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
14/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
15/2017	VEDTAK AV PLANSK OMRÅDEREGULERING TETTANESET OG STANGHELLE VEST, PLANID 2015002
16/2017	INNFØRING AV ELEKTRONISK AVKRYSSING I MANNTALET PÅ VALDAGEN / ENDRING/NEDLEGGING AV VALKRINSAR
17/2017	SANKSJONAR ETTER SKJENKEKONTROLL

24. februar 2017

Eirik Haga
Ordførar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
13/2017	Kommunestyret	PS	06.03.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/241

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
14/2017	Kommunestyret	PS	06.03.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/241

GODKJENNING AV MØTEBOK

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 13.02.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

Møtedato: 13.02.2017
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 11:00 - 16:30

OPEN HALVTIME

Katrine Audestad tok opp utfordringane for foreldre med barn født i 2016 på Vaksdal

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Anders Jin Risnes	AP	Medlem
Magne Hestad	AP	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Jan Hansen	AP	Medlem
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Hege Eide Vik	SP	Medlem
Jarle Audestad	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Evelyn Boge	SV	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem
Anneli Vatile Lilletvedt	H	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Odd Jøran Oldervik – sak 07/2017	SV	Varamedlem



Andre møtande:

Konst. rådmann Åse Elin Myking
Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad
Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum,
Einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal
Politisk sekretær Sølvi Legård
Medlemmer frå ungdomsrådet

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
03/2017	REFERATSAKER OG MELDINGAR
04/2017	STATLEG PLAN FOR VEG OG BANE ARNA - STANGHELLE - ORIENTERINGSSAK
05/2017	SAMFUNNSDELEN AV KOMMUNEPLANEN TIL VEDTAK
06/2017	ENDRING AV VEDTEKTER FOR VAKSDAL KOMMUNALE BARNEHAGE
07/2017	HFK, TILBOD SEKRETARIATTENESTE
08/2017	SALSLØYVE FOR EKSINGEDALEN SNARKJØP AS FOR PERIODEN 01.02.2017-30.06.2020
09/2017	POLITIREFORMA. KLAGE PÅ VEDTAK
10/2017	INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM ØYEBLIKKELEG HJELP DØGNTILBOD
11/2017	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
12/2017	INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET 130217 FRÅ MDG - TILTAK FOR Å BEGRENSE PLASTAVFALL I VAKSDAL KOMMUNE



01/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 13.02.2017

Behandling:

Tom Charles Johnsen, MDG, etterlyste interpellasjon sendt tirsdag.
Ordføraren svarte.

Samrøystes vedteke.

KOM - sak 01/2017 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

02/2017: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kommunestyret 13.02.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 02/2017 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

03/2017: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Kommunestyret 13.02.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 03/2017 Vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

04/2017: STATLEG PLAN FOR VEG OG BANE ARNA - STANGHELLE - ORIENTERINGSSAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 30.01.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 10/2017 Tilråding:

Saka vert tatt til orientering.

Kommunestyret 13.02.2017

Behandling:

Orientering i saka vart gitt i starten på møtet.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 04/2017 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.



05/2017: SAMFUNNSDELEN AV KOMMUNEPLANEN TIL VEDTAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samfunnsdelen til kommuneplanen 2017 - 2028 vert vedtatt med heimel i Plan- og bygningslova §11-15

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 30.01.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 07/2017 Tilråding:

Samfunnsdelen til kommuneplanen 2017 - 2028 vert vedtatt med heimel i Plan- og bygningslova §11-15

Kommunestyret 13.02.2017

Behandling:

Tilleggsframlegg frå Anneli Vatile Lilletvedt, H:

Ønskjer desse tiltaka innarbeidd i planen:

Næring

Synleggjer i tekst:

Opna nye moglegheter for:

Ledige næringslokale Dale/ Vaksdal

Mulighet til å etablera nye arbeidsplassar

Styrka etablerte arbeidsplassar

Beligenhet til ny veg bane

Tilleggsframlegg frå Bjørn Roald, H:

Dette er den delen av Vaksdal kommune som har det største potensialet for å motivere folk til å flytte til kommunen ved siden av logistikkdelen som følger av K5.

Her bør krefter fra de forskjellige friluftslagene bl.a. Turistforeningen (Bergen og Hordaland Turlag) komme sammen for å strukturere tilbudet vi har i dag samt muligheter for å utvide det.

I samsvar med dette må vi få med grunneiere for å høre hvilke tanker de har, og eventuelt nye ideer om fritidsaktiviteter/tilbud de kan se for seg. Under dette kommer også gardsturisme og gardsnæring.

- *Plan/oversikt over aktuelle muligheter kommunen har på området*
- *Plan for markedsføring av natur og friluftsliv i kommunen*
- *Aktuelle områder for ny hyttebygging*
- *Fritidsanlegg; alpint, løypeanlegg, toppturer, klatring, sjø og vann med padling etc*
- *Områder for fritidsfiske*
- *Jakt*



Vaksdal kommune

Hva med å lansere Vaksdal kommune som et sentralt område for natur og friluftsliv ved å fremheve mulighetene og verdiene som ligger rundt oss. (se Voss som ekstrem sportsted)

Vi bør ha:

- *En egen plan for dette området*
- *Dedikerte folk som jobber spesielt med dette*

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over om innkomne framlegg skal innarbeidast i samfunnsdelen av kommuneplanen:

- Bjørn Roald sitt framlegg fekk 7 røyster (Kjartan Haugsnes og Line Kydland frå SV, H, MDG, Sigmund Simmenes og Jarle Audestad frå SP) og fall
- Anneli Vatle Lilletvedt sitt framlegg fekk 6 røyster (SV, H, MDG) og fall

Framlegga følgjer saka vidare til andre planar; arealdelen, handlingsplanar, områdeplanar m.v.

KOM - sak 05/2017 Vedtak:

Samfunnsdelen til kommuneplanen 2017 - 2028 vert vedtatt med heimel i Plan- og bygningslova §11-15

06/2017: ENDRING AV VEDTEKTER FOR VAKSDAL KOMMUNALE BARNEHAGE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtektene for Vaksdal kommunale barnehage vert vedtekne slik dei ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 30.01.2017

Behandling:

Rådmannen kom med ei presisering på kva som er endra i vedtektene.

Endringsframlegg frå Eirik Haga, AP:

§ 8 Opningstider

Setninga: "Kriterie for opningstida er at minimum 6 barn (4 på Stamnes) nyttar tidspunktet fast" går ut

Endringsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Vedtektene for Vaksdal kommunale barnehage vert vedtekne slik dei ligg føre med ei endring:

Vedtektene § 8 vert endra til:



Barnehagen er open heile året. Opningstida er frå kl. 06:45 – 17:00. Barna har tilbod om plass i 12 månader. Barnehagen er stengt helge- og høgtidsdagar, jul- og nyttårsaftan og 5 planleggingsdagar fastsett i skule- og barnehagerute. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagen kl. 12:00. Det pedagogiske barnehageåret går frå medio august til medio juni.

Nytt punkt. § 8.1

Registrering av frammøte i barnehagen i VIGILO skal ikkje nyttast utan at foreldre skriftleg samtykker til slik registrering jfr. personopplysningslova § 2, punkt 7 og § 11 siste setning.

Framlegg frå Heidi Rongved:

Siste setning i § 19 vert endra til: Administrasjonen har fullmakt til å gjere endringar som fylgje av statlege pålegg.

Røysting:

Det vart røysta slik:

1. Framlegget frå Eirik Haga vart samrøystes vedteke.
2. 1. avsnitt i framlegget frå Kjartan Haugsnes fekk 2 røyster (H, SV) og fall.
3. 2. avsnitt i framlegget frå Kjartan Haugsnes (§ 8.1) (÷ "i VIGILO") vart samrøystes vedteke.
4. Framlegget frå Heidi Rongved vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 04/2017 Tilråding:

Vedtektene for Vaksdal kommunale barnehage vert vedtekne slik dei ligg føre med følgjande endringar:

§ 8:

Setninga "Kriterie for opningstida er at minimum 6 barn (4 på Stamnes) nyttar tidspunktet fast" går ut.

Ny § 8.1.:

Registrering av frammøte i barnehagen skal ikkje nyttast utan at foreldre skriftleg samtykker til slik registrering jfr. personopplysningslova § 2, punkt 7 og § 11 siste setning.

§ 19 siste setning endra til:

Administrasjonen har fullmakt til å gjere endringar som fylgje av statlege pålegg.

Kommunestyret 13.02.2017

Behandling:

SV fremja sitt framlegg frå formannskapet på nytt.

Kjartan Haugsnes, SV, fremja følgjande protokollmerknad og inviterte andre parti til å slutta seg til:

Partia SV og viser til delegert ansvarsmynde til utval for levekår, Arbeids og ansvarsområde kulepunkt 3.

Levekårsutvalet sitt arbeids- og ansvarsområde er:

•Oppvekst og opplæring (barnehage, grunnskule, skulefritidsordning og vaksenopplæring)

Levekårsutvalet har: «Innstillingsmynde til kommunestyret i alle saker innan utvalet sitt ansvars- og



Vaksdal kommune

arbeidsområde. I saker som krev endringar i budsjetttrammene er det naudsynt at også formannskapet (som er økonomiutval) handsamar sakene før dei går til kommunestyret.»

I høve delegasjonsreglementet til Vaksdal kommune skulle denne saka vore handsama i Levekårsutvalet først.

Endringsframlegg til § 8.1. frå Heidi Rongved på vegner av AP, SP:

Registrering av framømte i barnehagen skal ikkje nyttast til å justera opningstider utan at foreldra er varsla på førehand.

Nytt endringsframlegg til § 8.1. frå Kjartan Haugsnes, SV:

Bruk av elektroniske dataløysingar i barnehagen skal ikkje nyttast utan at foreldre vert informert og samtykker til bruk og registrering av eige born.

Framlegget frå Heidi Rongved vart så trekt

Røysting:

- Formannskapet si tilråding med endring i § 8 vart samrøystes vedteken
- Kjartan Haugsnes sitt framlegg fekk 7 røyster (SV, H, FRP, MDG) og fall
- Kjartan Haugsnes sitt framlegg i § 8.1. vart sett opp mot formannskapet si tilråding - Kjartan Haugsnes sitt framlegg samrøystes vedteke.
- Formannskapet si tilråding med endring i § 19 vart samrøystes vedteken

Kommunestyret slutta seg så samrøystes til protokollmerknaden frå Kjartan Haugsnes.

KOM - sak 06/2017 Vedtak:

Vedtektene for Vaksdal kommunale barnehage vert vedtekne slik dei ligg føre med følgjande endringar:

§ 8:

Setninga "Kriterie for opningstida er at minimum 6 barn (4 på Stamnes) nyttar tidspunktet fast" går ut.

Ny § 8.1.:

Bruk av elektroniske dataløysingar i barnehagen skal ikkje nyttast utan at foreldre vert informert og samtykker til bruk og registrering av eige born.

§ 19 siste setning endra til:

Administrasjonen har fullmakt til å gjere endringar som fylgje av statlege pålegg.

Protokollmerknad:

Partia i kommunestyret viser til delegert ansvarsmynde til utval for levekår, Arbeids og ansvarsområde kulepunkt 3.

Levekårsutvalet sitt arbeids- og ansvarsområde er:

•Oppvekst og opplæring (barnehage, grunnskule, skulefritidsordning og vaksenopplæring)

Levekårsutvalet har: «Innstillingsmynde til kommunestyret i alle saker innan utvalet sitt ansvars- og arbeidsområde. I saker som krev endringar i budsjetttrammene er det naudsynt at også formannskapet (som er økonomiutval) handsamar sakene før dei går til kommunestyret.»



I høve delegasjonsreglementet til Vaksdal kommune skulle denne saka vore handsama i Levekårsutvalet først.

07/2017: HFK, TILBOD SEKRETARIATTENESTE

Framlegg til vedtak:

KU ynskjer å endre sekretariatstenesta for Vaksdal KU, og foreslår for kommunestyret å engasjere Sekretariat for kontrollutvalet v/Hordaland fylkeskommune (HFK) jamfør mottatt tilbod av 04.10.2016 m/vedlegg referert i fylgjande dokument:

- «Tilbod sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune»
- «Avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Vaksdal kommune om Sekretariatstenester for kontrollutvalet -unnateke offentleggjering, offl. §13 jf. fvlt § 13.
- «Skildring av korleis vi vil gjennomføre oppdraget» -unnateke offentleggjering, offl. §13 jf. fvlt § 13.

Endringar i kostnader forbundet med KU si sekretariatsteneste ved overgang til ny teneste vert å innarbeide i budsjett for 2017, med atterhald om godkjenning i kommunestyret.

Saka vert oversendt kommunestyret for endelig vedtak med fylgjande innstilling:

Vaksdal kommune bestiller sekretariattjenester for Vaksdal Kontrollutval av Hordaland Fylkeskommune i samsvar med tilbod av 04.10.2016 m/vedlegg mottatt frå Hordaland fylkeskommune v/sekretariat for kontrollutvalet.

Endringar i kostnader forbundet med KU si sekretariatsteneste ved overgang til ny teneste vert å innarbeide i budsjett for KU for 2017.

Nytt sekretariat tiltrer etter nærmare avtale med Vaksdal Kontrollutval.

Kontrollutvalet 13.10.2016

Behandling:

Sekretariat for kontrollutvalet v/Hordaland fylkeskommune (HFK) informerte i KU-møtet 11. mai 2016 om kva dei kan tilby som sekretariat for kontrollutvalet i Vaksdal kommune. I KU-møtet 14. september 2016 blei det vedteke å hente inn tilbod frå HFK om sekretariattjenester.

Hordaland fylkeskommune v/sekretariat for kontrollutvalet leverte tilbod i samsvar med førespurnaden. Kostnad forbunda med å ha HFK som sekretariat samanlikna med eksisterande løysing utgjør for 2017 ca kr 74 000,- ekskl. mva. i meirutgift.

Tilbodet blei behandla i møtet.



Leiar for kontrollutvalet kommenterte tilbodet. Medlemene var alle samde om å akseptere tilbodet.

KONT - sak 35/2016 Vedtak/Tilråding:

KU ynskjer å endre sekretariatstenesta for Vaksdal KU, og foreslår for kommunestyret å engasjere Sekretariat for kontrollutvalet v/Hordaland fylkeskommune (HFK) jamfør mottatt tilbod av 04.10.2016 m/vedlegg referert i fylgjande dokument:

- «Tilbod sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune»
- «Avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Vaksdal kommune om Sekretariatstenester for kontrollutvalet -unnateke offentleggjering, offl. §13 jf. fvlt § 13.
- «Skildring av korleis vi vil gjennomføre oppdraget» -unnateke offentleggjering, offl. §13 jf. fvlt § 13.

Endringar i kostnader forbundet med KU si sekretariatsteneste ved overgang til ny teneste vert å innarbeide i budsjett for 2017, med atterhald om godkjenning i kommunestyret.

Saka vert oversendt kommunestyret for endelig vedtak med fylgjande innstilling:

Vaksdal kommune bestiller sekretariattenester for Vaksdal Kontrollutval av Hordaland Fylkeskommune i samsvar med tilbod av 04.10.2016 m/vedlegg mottatt frå Hordaland fylkeskommune v/sekretariat for kontrollutvalet.

Endringar i kostnader forbundet med KU si sekretariatsteneste ved overgang til ny teneste vert å innarbeide i budsjett for KU for 2017.

Nytt sekretariat tiltrer etter nærmare avtale med Vaksdal Kontrollutval.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 30.01.2017

Behandling:

I medhald av forvaltningslova § 6 2. ledd, vedtok formannskapet samrøystes at Kjartan Haugsnes er ugild i saka.

Endringsframlegg (redaksjonelt) frå Eirik Haga, AP:

Vaksdal kommune inngår avtale med "Sekretariat for kontrollutvalet v/Hordaland fylkeskommune (HFK)" om sekretariatstenester for kontrollutvalet i samsvar med mottatt tilbod av 04.10.2016 m/vedlegg referert i fylgjande dokument:

- *Tilbod sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune*
- *Avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Vaksdal kommune om sekretariatstenester for kontrollutvalet - unnateke offentleggjering, offl § 13 jfr fvlt § 13*
- *Skildring av korleis vi vil gjennomføre oppdraget - unnateke offentleggjering, offl § 13 jfr fvlt § 13*

Nytt sekretariat tiltrer etter nærare avtale med Vaksdal kontrollutval.

Endringar i kostnader med KU si sekretariatsteneste ved overgang til ny teneste vert å innarbeide i budsjett for 2017 ved budsjettjustering ved tertialrapport 1.



Røysting:

Dei to framlegga vart sett opp mot kvarandre - framlegget frå Eirik Haga vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 08/2017 Tilråding:

Vaksdal kommune inngår avtale med "Sekretariat for kontrollutvalet v/Hordaland fylkeskommune (HFK)" om sekretariatstenester for kontrollutvalet i samsvar med mottatt tilbud av 04.10.2016 m/vedlegg referert i følgjande dokument:

- *Tilbod sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune*
- *Avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Vaksdal kommune om sekretariatstenester for kontrollutvalet - unnateke offentleggjering, offl § 13 jfr fvl § 13*
- *Skildring av korleis vi vil gjennomføre oppdraget - unnateke offentleggjering, offl § 13 jfr fvl § 13*

Nytt sekretariat tiltrer etter nærare avtale med Vaksdal kontrollutval.

Endringar i kostnader med KU si sekretariatsteneste ved overgang til ny teneste vert å innarbeide i budsjett for 2017 ved budsjettjustering ved tertialrapport 1.

Kommunestyret 13.02.2017

Behandling:

I medhald av forvaltningslova § 6 2. ledd, vedtok formannskapet samrøystes at Kjartan Haugsnes er ugild i saka. Odd Jøran Oldervik kom inn i hans stad.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 07/2017 Vedtak:

Vaksdal kommune inngår avtale med "Sekretariat for kontrollutvalet v/Hordaland fylkeskommune (HFK)" om sekretariatstenester for kontrollutvalet i samsvar med mottatt tilbud av 04.10.2016 m/vedlegg referert i følgjande dokument:

- *Tilbod sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune*
- *Avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Vaksdal kommune om sekretariatstenester for kontrollutvalet - unnateke offentleggjering, offl § 13 jfr fvl § 13*
- *Skildring av korleis vi vil gjennomføre oppdraget - unnateke offentleggjering, offl § 13 jfr fvl § 13*

Nytt sekretariat tiltrer etter nærare avtale med Vaksdal kontrollutval.

Endringar i kostnader med KU si sekretariatsteneste ved overgang til ny teneste vert å innarbeide i budsjett for 2017 ved budsjettjustering ved tertialrapport 1.



08/2017: SALSLØYVE FOR EKSINGEDALEN SNARKJØP AS FOR PERIODEN 01.02.2017-30.06.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for Eksingedalen Snarkjøp AS vert innvilga. Løyvehavar er Eksingedalen Snarkjøp AS , org. nr. 917976538. Styrar for løyvet er Hege Lavik. Det vert gitt fritak for stedfortredar.

Det vert gitt salsløyve på følgjande vilkår:

Sals- og utleveringstidspunkt:

Sal og utlevering av i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-2000 på kvardagar.

Sal og utlevering av i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-1800 på dagar før sundagar og helgedagar.

Sal og utlevering av i gruppe 1 skal ikkje skje på sundagar og helgedagar og på stemmedag for stortingsval, fylkestingval, kommunestyreval og folkerøysting vedteken ved lov.

Salet skal fylgjas gjeldane lovar, førsegner og retningsliner for omsetnad av alkohol. Salsløyvet kan inndragast ved brot på regelverket.

Alle verksemder og einskildperonar nevnt i dette vedtaket skal ha god vandel i høve skatte- og avgiftsmessige tilhøve.

Salsløyvet gjeld frå 01.02.2017 til og med 30.06.2020.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 30.01.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 09/2017 Tilråding:

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for Eksingedalen Snarkjøp AS vert innvilga.

Løyvehavar er Eksingedalen Snarkjøp AS , org. nr. 917976538. Styrar for løyvet er Hege Lavik.

Det vert gitt fritak for stedfortredar.

Det vert gitt salsløyve på følgjande vilkår:

Sals- og utleveringstidspunkt:

Sal og utlevering av i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-2000 på kvardagar.

Sal og utlevering av i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-1800 på dagar før sundagar og helgedagar.

Sal og utlevering av i gruppe 1 skal ikkje skje på sundagar og helgedagar og på stemmedag for stortingsval, fylkestingval, kommunestyreval og folkerøysting vedteken ved lov.

Salet skal fylgjas gjeldane lovar, førsegner og retningsliner for omsetnad av alkohol. Salsløyvet kan inndragast ved brot på regelverket.

Alle verksemder og einskildperonar nevnt i dette vedtaket skal ha god vandel i høve skatte- og



avgiftsmessige tilhøve.

Salsløyvet gjeld frå 01.02.2017 til og med 30.06.2020.

Kommunestyret 13.02.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 08/2017 Vedtak:

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for Eksingedalen Snarkjøp AS vert innvilga. Løyvehavar er Eksingedalen Snarkjøp AS , org. nr. 917976538. Styrar for løyvet er Hege Lavik. Det vert gitt fritak for stedfortredar.

Det vert gitt salsløyve på følgjande vilkår:

Sals- og utleveringstidspunkt:

Sal og utlevering av i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-2000 på kvardagar.

Sal og utlevering av i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-1800 på dagar før sundagar og helgedagar.

Sal og utlevering av i gruppe 1 skal ikkje skje på sundagar og helgedagar og på stemmedag for stortingsval, fylkestingval, kommunestyreval og folkerøysting vedteken ved lov.

Salet skal fylgjas gjeldane lovar, førsegner og retningsliner for omsetnad av alkohol. Salsløyvet kan inndragast ved brot på regelverket.

Alle verksemder og einskildperonar nevnt i dette vedtaket skal ha god vandel i høve skatte- og avgiftsmessige tilhøve.

Salsløyvet gjeld frå 01.02.2017 til og med 30.06.2020.

09/2017: POLITIREFORMA. KLAGE PÅ VEDTAK

Framlegg frå ordførar:

I politidirektøren sitt framlegg til ny organisering av politiet er Osterøy kommune lagd under Lensmannen på Voss. Voss tenesteeining vert etter dette samansett av kommunane Eidfjord, Granvin, Osterøy, Vaksdal, Voss og Ulvik. Med Osterøy og Eidfjord innlemma i tenesteeininga stig folketalet med om lag 9.000 innbyggjarar. Arealet aukar med 1.446 km². Me tek for gitt at det framtidige talet på polititeneestemenn tek omsyn til auken i folketal og areal.

Det er tenkt to tenestestadar i tenesteeininga. Det er naturleg at leiinga av tenesteeininga vert lagd til Voss som regionsenter. Vaksdal kommunestyre reager med vantru på at politidirektøren vel å plassera den andre tenestestaden på Osterøy heilt i utkanten av tenesteeininga.



Det vil vera ein stor fordel for innbyggjarane i heile området å plassera tenestestad to på Vaksdal. Dette fordi:

- Vaksdal er ein klart definert tettstad. Ein tettstad som vil veksa
- Vaksdal ligg langs E16. Raskare utrykking betrar responstida i heile Vaksdal og Osterøy
- Ny veg og bane Arna – Vaksdal – Stanghelle ligg inne i framlegget til nasjonal transportplan med oppstart i 2021. Dette vil letta kommunikasjonane monaleg, og er eit sterkt argument og for rekruttering
- Det vert akseptabel reiseavstand for innbyggjarane
 - Kontoret skal og tena Eksingedalen i Vaksdal kommune. Avstanden frå Lonevåg til Gullbrå er 100 km med ei estimert reisetid på 1 time og 27 minutt
 - Tyssebotn som ligg i utkanten av Osterøy vil liggja 51 km frå Vaksdal med ei estimert reisetid på 54 minutt
- Ein tenestestad bør liggja nært innbyggjarane, men ikkje plasserast i ein utkant av det nye området. Med ei plassering på Vaksdal vil ein lettare kunne dra vekslar på ressursane til begge tenestestadane
- Vaksdal gjev betre moglegheiter for «flåtestyring» / back-up for Voss enn om tenestestaden vert plassert i utkanten av området /den geografiske driftseininga
- Gjennom Vaksdal går Bergensbanen. Stasjonane våre vert nytta til transitt når det gjeld smugling av narkotika inn i Bergensområdet. Ein kan transportera narkotika med Bergensbanen, kvitta seg med smuglargoedset på ein av stasjonane våre og transportera det med bil inn til marknaden i Bergen
- Ei framtidig mogleg samlokalisering av t.d. politi, brannstasjon og ambulanse vil kunne vera interessant for Vaksdal kommune

Politidirektøren bruker som eit argument mot Vaksdal at politiet ikkje har lokale på Vaksdal. I arbeidet med politireforma skal ein bygga ein struktur for framtidens politi og ha eit perspektiv 30 – 40 år fram i tid. Då må ein ikkje sjå seg blind på eksisterande leigekontraktar.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 30.01.2017

Behandling:

Endrings-/tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Responstid til ny og framtidig E16

Idag har E16 ein ÅDT på omlag 5000 kvardagar og toppar på over 20 000 i utferdshelger og ferietid. Trafikken er forvente å auke med ny veg. E16 Arna – Voss har og rett i underkant av 20 % tungtrafikk med dei risikoar det innebære. Ein veit og at omlag 10 prosent av denne trafikken fraktar farleg gods. Kort responstid til E16 må vege tungt i høve etablering av framtidig tenestestad for politiet.

I tillegg til framlegget frå Kjartan Haugsnes, kom det inn fleire innspel. Ordførar får fullmakt til å innarbeide desse i framlegget til kommunestyret.

Røysting:

Det vart først røysta over framlegget frå ordførar - som vart samrøystes vedteke
Framlegget frå Kjartan Haugsnes vart samrøystes vedtak



FPØ - sak 11/2017 Tilråding:

I politidirektøren sitt framlegg til ny organisering av politiet er Osterøy kommune lagd under Lensmannen på Voss. Voss tenesteeining vert etter dette samansett av kommunane Eidfjord, Granvin, Osterøy, Vaksdal, Voss og Ulvik. Med Osterøy og Eidfjord innlemma i tenesteeininga stig folketalet med om lag 9.000 innbyggjarar. Arealet aukar med 1.446 km². Me tek for gitt at det framtidige talet på polititeneestemenn tek omsyn til auken i folketal og areal.

Det er tenkt to tenestestadar i tenesteeininga. Det er naturleg at leiinga av tenesteeininga vert lagd til Voss som regionsenter. Vaksdal kommunestyre reager med vantru på at politidirektøren vel å plassera den andre tenestestaden på Osterøy heilt i utkanten av tenesteeininga.

Det vil vera ein stor fordel for innbyggjarane i heile området å plassera tenestestad to på Vaksdal. Dette fordi:

- Vaksdal er ein klart definert tettstad. Ein tettstad som vil veksa.
- Vaksdal ligg langs E16. Raskare utrykking betrar responstida i heile Vaksdal og Osterøy. Særleg er det viktig med rask responstid til ny og framtidig E16.
- I dag har E16 ein ÅDT på omlag 5000 kvardagar og toppar på over 20 000 i utferdshelger og ferietid. Trafikken er forventa å auke med ny veg. E16 Arna – Voss har og rett i underkant av 20 % tungtrafikk med dei risikoar det innebærer.
- TØI si kartlegging av mengda farleg gods langs veg syner at omlag 10 prosent av tungtrafikken fraktar farleg gods. Kort responstid til E16 må vega tungt i høve etablering av framtidig tenestestad for politiet.
- Det er fleire ulukker langs E16 enn på Osterøy.
- Ny veg og bane Arna – Vaksdal – Stanghelle ligg inne i framlegget til nasjonal transportplan med oppstart i 2021. Dette vil letta kommunikasjonane monaleg, og er eit sterkt argument og for rekruttering.
- Det vert akseptabel reiseavstand for innbyggjarane.
 - Kontoret skal og tena Eksingedalen i Vaksdal kommune. Avstanden frå Lonevåg til Gullbrå er 100 km med ei estimert reisetid på 1 time og 27 minutt.
 - Tyssebotn som ligg i utkanten av Osterøy vil liggja 51 km frå Vaksdal med ei estimert reisetid på 54 minutt.
- Ein tenestestad bør liggja nært innbyggjarane, men ikkje plasserast i ein utkant av det nye området. Med ei plassering på Vaksdal vil ein lettare kunne dra vekslar på ressursane til begge tenestestadane.
- Vaksdal gjev betre moglegheiter for «flåtestyring» / back-up for Voss enn om tenestestaden vert plassert i utkanten av området /den geografiske driftseininga.
- Gjennom Vaksdal går Bergensbanen. Stasjonane våre vert nytta til transitt når det gjeld smugling av narkotika inn i Bergensområdet. Ein kan transportera narkotika med Bergensbanen, kvitta seg med smuglargoedset på ein av stasjonane våre og transportera det med bil inn til marknaden i Bergen.
- Det er grunn til å tru at også annan gjennomgangskriminalitet er større i Vaksdalsområdet enn på Osterøy. Tunnelane kan tena som dropssoner for smuglargoeds inn i Bergensområdet.
- Ei framtidig mogleg samlokalisering av t.d. politi, brannstasjon og ambulanse vil kunne vera interessant for Vaksdal kommune.

Politidirektøren bruker som eit argument mot Vaksdal at politiet ikkje har lokale på Vaksdal. Her viser



me til eksisterande ledige, moderne kontor- og næringslokale i Norgesmøllene sitt anlegg på Vaksdal. I arbeidet med politireforma skal ein bygga ein struktur for framtidens politi og ha eit perspektiv 30 – 40 år fram i tid. Då må ein ikkje sjå seg blind på eksisterande leigekontraktar.

Kommunestyret 13.02.2017

Behandling:

Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ei betenkning vedk. samlokalisering av politi-, brann- og ambulansetenesta.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 09/2017 Vedtak:

I politidirektøren sitt framlegg til ny organisering av politiet er Osterøy kommune lagd under Lensmannen på Voss. Voss tenesteeining vert etter dette samansett av kommunane Eidfjord, Granvin, Osterøy, Vaksdal, Voss og Ulvik. Med Osterøy og Eidfjord innlemma i tenesteeininga stig folketalet med om lag 9.000 innbyggjarar. Arealet aukar med 1.446 km².

Me tek for gitt at det framtidige talet på polititenestemenn tek omsyn til auken i folketal og areal.

Det er tenkt to tenestestadar i tenesteeininga. Det er naturleg at leiinga av tenesteeininga vert lagd til Voss som regionsenter. Vaksdal kommunestyre reager med vantru på at politidirektøren vel å plassera den andre tenestestaden på Osterøy heilt i utkanten av tenesteeininga.

Det vil vera ein stor fordel for innbyggjarane i heile området å plassera tenestestad to på Vaksdal. Dette fordi:

- Vaksdal er ein klart definert tettstad. Ein tettstad som vil veksa.
- Vaksdal ligg langs E16. Raskare utrykking betrar responstida i heile Vaksdal og Osterøy. Særleg er det viktig med rask responstid til ny og framtidig E16.
- I dag har E16 ein ÅDT på omlag 5000 kvardagar og toppar på over 20 000 i utferdshelger og ferietid. Trafikken er forventa å auke med ny veg. E16 Arna – Voss har og rett i underkant av 20 % tungtrafikk med dei risikoar det innebærer.
- TØI si kartlegging av mengda farleg gods langs veg syner at omlag 10 prosent av tungtrafikken fraktar farleg gods. Kort responstid til E16 må vega tungt i høve etablering av framtidig tenestestad for politiet.
- Det er fleire ulukker langs E16 enn på Osterøy.
- Ny veg og bane Arna – Vaksdal – Stanghelle ligg inne i framlegget til nasjonal transportplan med oppstart i 2021. Dette vil letta kommunikasjonane monaleg, og er eit sterkt argument og for rekruttering.
- Det vert akseptabel reiseavstand for innbyggjarane.
 - Kontoret skal og tena Eksingedalen i Vaksdal kommune. Avstanden frå Lonevåg til Gullbrå er 100 km med ei estimert reisetid på 1 time og 27 minutt.
 - Tyssebotn som ligg i utkanten av Osterøy vil liggja 51 km frå Vaksdal med ei estimert reisetid på 54 minutt.
- Ein tenestestad bør liggja nært innbyggjarane, men ikkje plasserast i ein utkant av det nye området. Med ei plassering på Vaksdal vil ein lettare kunne dra vekslar på ressursane til begge tenestestadane.



- Vaksdal gjev betre moglegheiter for «flåtestyring» / back-up for Voss enn om tenestestaden vert plassert i utkanten av området /den geografiske driftseininga.
- Gjennom Vaksdal går Bergensbanen. Stasjonane våre vert nytta til transitt når det gjeld smugling av narkotika inn i Bergensområdet. Ein kan transportera narkotika med Bergensbanen, kvitta seg med smuglargoedset på ein av stasjonane våre og transportera det med bil inn til marknaden i Bergen.
- Det er grunn til å tru at også annan gjennomgangskriminalitet er større i Vaksdalsområdet enn på Osterøy. Tunnelane kan tena som dropssoner for smuglargoeds inn i Bergensområdet.
- Ei framtidig mogleg samlokalisering av t.d. politi, brannstasjon og ambulanse vil kunne vera interessant for Vaksdal kommune.

Politidirektøren bruker som eit argument mot Vaksdal at politiet ikkje har lokale på Vaksdal. Her viser me til eksisterande ledige, moderne kontor- og næringslokale i Norgesmøllene sitt anlegg på Vaksdal. I arbeidet med politireforma skal ein bygga ein struktur for framtidens politi og ha eit perspektiv 30 – 40 år fram i tid. Då må ein ikkje sjå seg blind på eksisterande leigekontraktar.

10/2017: INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM ØYEBLIKKELEG HJELP DØGNTILBOD

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune inngår vertskommunesamarbeid med Voss kommune om øyeblikkeleg hjelp døgntilbod innan somatisk helsehjelp. Samarbeidsavtalen vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 13.02.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 10/2017 Vedtak:

Vaksdal kommune inngår vertskommunesamarbeid med Voss kommune om øyeblikkeleg hjelp døgntilbod innan somatisk helsehjelp. Samarbeidsavtalen vert godkjent slik den ligg føre.

11/2017: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Kommunestyret 13.02.2017

Behandling:

Orienteringane vart tekne i starten av møtet.



- Vold i nære relasjoner v/representantar frå krisesenteret i Bergen og Voss lensmannsdistrikt
- Statleg plan for veg og bane Arna - Stanghelle, jfr sak 04/2017 v/Asplan Viak

KOM - sak 11/2017 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

12/2017: INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET 130217 FRÅ MDG - TILTAK FOR Å BEGRENSE PLASTAVFALL I VAKSDAL KOMMUNE

Frå Tom Charles Johnsen, MDG, ligg det føre slik interpellasjon:

Bruken av kunstig fremstilte materialer har økt betraktelig i private husholdninger og i industrien. Produksjonen av plastråstoff har gått opp fra 1,7 millioner tonn i 1952 til 288 millioner tonn i 2012. Det gir en årlig vekst på 4,5%. En dobling hvert 15 år.

Alt plastavfall på avveie fragmenteres etterhvert til mikroplast.

Plast tar dessuten til seg skadelige miljøgifter fra omgivelsene, noe som gjør det enda mere giftig. På mikronivå kan platen trenge inn i cellene på levende organismer, altså blir den etterhvert tatt opp i næringskjeden.

Kunnskaphullene her er mange og store. Det er derfor grunn til å ta plastforurensning på alvor.

Det flere forskere har konkludert med at plastavfall bør regnes som miljøfarlig avfall og behandles/reguleres deretter.

Selv om vi har innført rutiner og regler, havner fremdeles veldig mye av platen i naturen.

Ved hjelp av vind og vann finner det meste av plastavfallet veien til sjøen og ender opp langt fra sitt opprinnelseskilden.

Her blir det etterhvert omgjort til mikroplast.

Miljødirektoratet sier at vi ikke vet hvilke konsekvenser mikroplastforurensningen får på kort eller lengre sikt for marine økosystemer og menneskelig helse.

Nordsjøen regnes som det mest forurensede havområdet i Europa.

Det registreres gjennomgående høye nivåer, uten noen nedadgående trend de siste årene.

Til tross for en rekke internasjonale tiltak som for eksempel OSPAR-avtalen, finner vi per idag 600-1400 plastbiter per 100m strandlinje langs hele kysten.

Kommunen spiller en nøkkelrolle i arbeidet for å få ryddet opp det som ligger av avfall, også i elvene og i fjorden, innenfor våre grenser.

Den stadig voksende marinaen på Stanghelle er også et område hvor endel tiltak kan iverksettes for å



Vaksdal kommune

begrense utslipp til sjø,
f.eks i forbindelse med vårpuss. Høytrykkspyling av båter er en vesentlig kilde til spredning av mikroplast.

Dei Grøne ønsker at kommunen skal se på hvilke prosesser som gjøres for å begrense eventuelle utslipp fra industrien og hos bedriftene som ligger i Vaksdal kommune.

Av avfall vi finner i strandsonen stammer rundt 42% fra rekreasjon, 15% fra fiskeri og 35% fra ukjent opphav.

Plasten er et problem av ny tid og er en kilde til død og lidelse.

Vi har alle hvalen på Sotra som ingen klarte å hjelpe friskt i minne!

Mikroplast er umulig å fjerne fra miljøet med dagens teknologi.

Derfor er det viktig å spre informasjon rundt dette alvorret og ikke minst, få ryddet det avfallet som allerede ligger rundtom.

Både under og over vannflaten.

Dette er en kontinuelig prosess.

Holdningskampanjer, infomøter, foredrag og kurs i bærekraftig forbruk, er andre muligheter vi også bør ta i bruk.

Vi ønsker å få istand en koordinert innsats som inkluderer lag og organisasjoner, skuler og barnehager i hele Vaksdal til en skikkelig dugnad denne våren i forbindelse med ryddedagen i Mai.

Dei Grøne foreslår at Vaksdal kommune skal søke om midler til å finansiere opprydding av marint søppel gjennom avfallsgebyret.

Kommunestyret 13.02.2017

Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordføreren ga slikt svar:

Vaksdal kommune er ein av 9 eigarkommunar i Bergensområdetets interkommunale renovasjonselskap (BIR). BIR har utarbeidd Avfalls- og ressursstrategi for 2016-2020. Kommunestyret i Vaksdal handsama «Høyring» i kommunestyre sak 03/2016 i møte 25.01.2016.

Styret i BIR AS godkjente 27.10.2016 BIRs nye avfalls- og ressursstrategi for BIR 2016-2020. Vaksdal kommune er ein av 15 medlemskommunar i Bergen og Omland friluftsråd (BOF).

Føremålsparagrafen i BOF:

«Friluftsrådets oppgave er i samarbeid med deltagerkommunene, offentlige etater på ulike nivå og interesserte organisasjoner å arbeide for:

- a) Sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområder av forskjellig slag til allment bruk.
- b) Større forståelse for friluftslivets betydning, bedre friluftskultur og utbredelse av friluftsliv.»



Bir har komt på banen:

Bli med og rydd en strand!

07.02.2017

Vi ser at dugnadsånden for å rydde strender er stor akkurat nå. Derfor kan du hente gjennomsiktige sekker på våre gjenvinningsstasjoner, fylle dem med herreløst avfall fra en strand og levere gratis til en av våre gjenvinningsstasjoner.

BIR og Bergen og Omland friluftsråd skulle egentlig ikke ha ryddeaksjon på strendene før til våren. BIR kan ikke bruke pengene fra husholdningskundene våre til å rydde strender. Men vi venter på et statlig tilskudd som kommer i mai. Vi forskutterer derfor dette beløpet og setter i gang aksjonen nå.

Gratis levering med BIRs dugnadssekker

Fra og med i dag kan overflateboss fra strandrydding leveres gratis til våre gjenvinningsstasjoner* så fremt det leveres i BIRs gjennomsiktige dugnadssekker. Disse sekkene får du utdelt på alle våre gjenvinningsstasjoner. Du kan også hente sekker på hovedkontoret til BIR i Conrad Mohrsvei 15 på Minde eller BOF sine lokaler på Helleneset.

Mange ønsker å bidra

- Vi ser at dugnadsånden for å rydde strender er på plass nå. Mange ønsker å bidra til å rydde plast og avfall i strandsonene. Da kan ikke vi si at folk må vente helt til mai. Både vi og BOF forskutterer derfor de pengene som vi er ganske så sikker skal komme. Vi må selvsagt være med og ta et samfunnsansvar her, sier Mette Nygård Havre, kommunikasjonssjef i BIR AS.

Vaksdal kommune er positiv til innbyggerintitativ til å halde kommunen rein for søppel, og har innarbeidd praksis med å samarbeide med skular og frivillige lag og organisasjonar om dette. Gjennom Vaksdal kommune sitt medlemskap i Bergen og omland friluftsråd (BOF) yter dei renovasjons- og vedlikehaldstenester for kommunen i definerte friluftsområde langs sjø i kommunen. Døme på dette er Sildastadskjæret, Agnavika og Skipshelleren.

Vaksdal kommune (kommunalteknisk drift) vil ved ønske om dugnad låne ut utstyr (klyper), hente inn oppsamla avfall (levert i sekk) ved avtala innsamlingspunkt og transportere det til miljøstasjon.

Det finns i dag ingen abonnementsgebyr som kommunen kan ta i bruk til denne typen kostnadsdekning. Renovasjonsgebyret er knytt til hushaldningavfall etter sjølvkost-prinsippet og kan ikkje nyttast i denne samanheng.

Ukontrollert spreining av plastmateriale i naturen er eit sakskompleks som dei nasjonale miljøstyremaktene jobber mykkje med for tida, både nasjonalt og gjennom internasjonalt samarbeid.

Det hadde vore tøft om kommunestyrerepresentantane inviterte og motiverte til ryddedugnad.

Det vart så opna for debatt.



SPØRSMÅL

Magne Hestad

Kan kommunestyret få ein grundig rapport på bruken av mellombelse tilsetjingar i samband med årsmeldinga
Rådmannen svarte

Jan Hansen

Om stoda på Stamnes motorverkstad
Rådmannen v/einingsleiar Samfunnsutvikling svarte

Jarle Audestad

Om ventetid og kostnad med utskrivingsklare pasientar, jfr. spørsmål stilt i kommunestyremøte
12.12.2016
Rådmannen svarte

Boris Groth

1. Om flyktningstenesta og samarbeid med lag/organisasjonar i kommunen
 2. Om streaming av kommunestyremøta
- Rådmannen svarte

Anneli Vatle Lilletvedt

Om kommunen som tenesteytar - Kva er resultatet av dei endringane som blei gjort i samband med PWC sin analyse av kommunen sin organisasjonsgjennomgang.
Rådmannen svarte

Sigmund Simmenes

Viste til oppmoding i formannskapet 30.01. og ba om status i følgjande saker:
- Utbygging av mobilnett
- Vidare framdrift i Stamnes sentrum
Rådmannen svarte



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
18/2017	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	20.02.2017
15/2017	Kommunestyret	PS	06.03.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll	PlanID - 2015002, FA - L12	15/1062

VEDTAK AV PLANSAK OMRÅDEREGULERING TETTANESSET OG STANGHELLE VEST, PLANID 2015002

Vedlegg:

Føresegner_300117

OREG_Stanghelle Tettaneset A2

Planomtale_300117

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune vedtek områderegulering for Tettaneset og Stanghelle Vest, planID 2015002 vedtak etter Plan- og bygningslova § 12-12. Plandokumenta er datert 17. januar 2017.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 18/2017

FPØ - Behandling:

Einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte.

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding:

Vaksdal kommune vedtek områderegulering for Tettaneset og Stanghelle Vest, planID 2015002 vedtak etter Plan- og bygningslova § 12-12. Plandokumenta er datert 17. januar 2017.

Saksopplysningar:

I 2010 vart reguleringsplan for Tettaneset/Stanghelle Vest vedtatt, planID 2010002. No føreligg dokument for omregulering. Bakgrunnen er eit kommunestyrevedtak om å utarbeide forprosjekt for utbygging av Stanghelle Vest og Tettaneset med målsetjing å etablere eit attraktivt utbyggingsområde som vil bidra til å auke folketalet, og spesielt få barnefamiljar til å flytta til kommunen. Føremålet med planarbeidet er å optimalisere eksisterande reguleringsplan for området, utan at dette vil undergrave dei kvalitetane som ligg i den gjeldande planen.

Vaksdal kommune er den største grunneigaren i planområdet. I tillegg inngår 23 fritidseigedomar i planområdet, der ein av dei ikkje er utbygd og ein annan har berre eit mindre skur. Kommunen eig òg fire av desse eigedomane.

Hovedgrep

I planen frå 2010 vart det tilrettelagt for ei utbygging med 127 bustadeiningar, realisert i 4 byggetrinn:

- 66 rekkehus
- 20 einebustadtomter
- 31 leilegheiter
- 10 einebustader i kjede

I planen no er det lagt opp til ei utbygging med potensial for totalt mellom 150 og 200 nye einingar og om lag 5- 600 innbyggjarar:

- Om lag 90 nye rekkehus
- 23 nye tomter for einebustader eller tomannsbustader (+ 10 på eksisterande hyttetomter)
- Om lag 50 nye leilegheiter
- Om lag 10 einebustader i kjede

Reelle planendringar (endra formål) er berre gjennomført for område BKS2-3 og BKS2-4 (raud pil) med tilhøyrande veg, som før var vist som friluftsområde, i tillegg til tilpassing av nokre ekstra tomter for einebustader eller tomannsbustader ved BFS3 (ved stien til Bjørnsvika) og BFS5-3 (blå pil). Rasvurderinga har vist at desse områda er utanfor faresona, og det vert foreslått ei utbygging med rekkehus. Sjå figur nedanfor.



Vidare er byggeområdet BKS2-3 (raud pil, ytterst til høgre) blitt litt redusert (ca. 30m²) for å unngå rasfarleg område (omsynsområde ras og skredfare). I tillegg er ein skilde område noko utvida inn i tidlegare friluftareal for å betre tilpasse tomtearronding til eksisterande tomtegrenser.

Prosess

Innhaldet i denne områdeplanen vart først fremja som ei reguleringsendring. Etter høyring vart det avhalde møte med fylkesmannen, og etter råd vart den fremja på ny som områdeplan. Etter at frist for merknadar til ny 1. gangs høyring var ute 25.11.2016, låg det føre i alt åtte merknader. I tillegg følgjer dei åtte merknadene frå varsel om oppstart, samt dei sju innkomne merknadane til offentleg høyring av reguleringsplanendringa, og innspel i frå Fylkesmannen i Hordaland etter avhalde møte i juni 2016. Alle desse merknadane er summerte i tabell, kap 6 i vedlagt planomtale. Etter siste høyring har ingen etatar varsla insigelse. Kommunen har likevel valt å gjere nokre endringar etter merknader.

Den største endringa gjeld føresegnene. Sidan planen ikkje har krav om ytterlegare detaljregulering,

er det no krav knytt til detaljerte situasjonsplanar, trinnvis utbygging og moglegheit til å nytte utbyggingsavtale, jamfør Plan- og bygningslova kapittel 17. I tillegg er det laga renovasjonsteknisk plan, godkjent av BIR. Mange av merknadene frå grunneigarar gjeld arealføremål, som ikkje inneber endringar i forhold til gjeldande reguleringsplan frå 2010. Andre merknader som gjeld parkering og båtfeste må forhandlast etter vedtak av plan. Syner til Planomtale kapittel 6 for detaljar om merknader og merknadshåndtering.

Konklusjon

Områderegulering, planID 2015002 er ferdigbehandla, og vert lagt fram for kommunestyret for endelig vedtak etter Plan- og bygningslova § 12-12. Planomtale, føresegner og plankart er datert 17. januar 2017.

Føresegner til områdereguleringsplan for Stanghelle vest og Tettaneset, PlanID 2015002

med heimel i plan- og bygningslov av 01.07.2009/sist endra 17.01.2017

§ 1 FELLES FØRESEGNER

1.1 Utfyllande planar

1.1.1 Det er ikkje krav om utarbeiding av detaljreguleringsplan for byggjeområda innanfor planområdet. For at kommunen skal kunne sikre forsvarleg gjennomføring av byggje- og anleggs-tiltak i planområdet, skal det for alle utbyggingsfelt sendast inn ein detaljert situasjonsplan, inkludert ei skriftleg utgreiing og illustrasjonar, saman med søknad om byggjeløyve eller rammeløyve. Planen skal visa plassering av bygg, byggjehøgder, parkering, avfallshandtering, og leike- og uteopphaldsareal, jf. § 1.1.2. Denne situasjonsplanen skal mellom anna syne samansetninga av bustadmassen med omsyn til fordeling mellom rekkehus og låg- og høg-blokker, parkerings- og renovasjonsløyvingar og plassering og utforming av felles uteopphaldsareal.

1.1.2 Detaljert situasjonsplan

Jf. § 1.1.1 skal situasjonsplanen vere fagleg utført og vise:

- Overordna situasjonsplan for heile utbyggingsfeltet, med prinsipp for etappar av utbygging i frå aust
- Utbyggingsareal inkludert nabotomter og tilgrensande ubygd areal, interne vegar, bygningar, opne plassar, uteopphaldsareal jf. § 2.5, og tun/kvartal
- Terrengutforming som følgje av tiltaket, murar, vegetasjon, og grønne korridorar
- Utforming av bygg, høgdeplassering, eksisterande og planlagd terreng ved inngang og rundt bygga
- Parkering med tilkomst
- Tomtegrense og byggjegrænse
- Avfallshandtering etter godkjent Renovasjonsteknisk avfallsplan og område for snøopplag
- Belysning av uteområda
- Plassering av uteopphaldsareal, nærmiljøanlegg og leikeplassar
- Løyvingar for VA og overvatn, jf. godkjent VA-rammeplan
- Eksisterande tre/vegetasjon som skal bevarast

Utgreiinga i situasjonsplanen skal omtale:

- Estetisk kvalitet på bygg og utomhusareal:
Det skal gjerast greie for arkitektonisk intensjon, særleg med tanke på forholdet mellom det planlagde bygget, omgjevnaden og landskapsmessig fjernverknad. Byggemønster, vegar, utomhusanlegg, hustypar og materialbruk skal gjerast greie for. Planområdet skal ha ei variert utforming. Alle byggeområda skal utformast og byggast med høg kvalitet, i varige material og med gjennomarbeida detaljering og fargeval. Takoppbygg for tekniske installasjonar for til dømes heishus, ventilasjon og varme, skal integrerast i byggevolumet på ein arkitektonisk god måte.

- Universell tilgjenge:
Byggverk og uteområde skal utformast etter gjeldande byggteknisk forskrift. Det skal leggjast vekt på universell utforming på fellesareal og vegareal slik at personar med funksjonsnedsetting og menneske med særskilde behov har høve til å nytte områda. Skildring av korleis krav til kvalitet, innhald og utforming storleik og utforming av uteopphaldsareal, nærmiljøanlegg og leikeplassar er tilfredstilt. Det må grunnjevast dersom ein ikkje fullt ut greier å tilfredstille krava til universell utforming.
- Ras- og skredfare:
Ved utbygging i område nemnt i § 5.5, skal sikringstiltak gjerast greie for og dokumenterast.
- Utnyttingsgrad:
Det skal gjerast greie for utnyttingsgrad, jf. føresegna og plankart, utrekna i samsvar med reglane i gjeldande byggteknisk forskrift.
- Rekkefølgekrav:
Rekkefølgekrav skal dokumenterast, jf. § 1.2 og ev. utbyggingsavtale/finansieringsavtale.
- Fotomontasje og/eller digital 3d-modell av området:
Det innsendte materialet skal syne korleis byggeområdet vil framstå, sett i høve til landskapsmessige fjernverknadar, kringliggjande felt, bygg og uterom.

1.2 Rekkefølgekrav

- 1.2.1 Utbyggingsavtale kan nyttast for å innfri rekkefølgekrav om å opparbeide, eller sikre opparbeiding, av teknisk infrastruktur, offentleg veg, og andre offentlege område i planområdet.

Utbyggjar kan ikkje vidaretransportera slike avtalar utan skriftleg samtykke i frå Vaksdal kommune. Vaksdal kommune kan ikkje nekte samtykke utan sakleg grunngeving. Ei sakleg grunngeving kan vera svekking av kommunen sin tryggleik og ny bidragsytars betalingsevne.

- 1.2.2 Utbygging av felta skal skje i frå aust, og trinnvis utbygging skal avtalast i utbyggingsavtale.
- 1.2.3 Før innsending av rammesøknad for dei områda nemnt i § 5.5 skal det dokumenterast korleis krav til sikringstiltak vert ivaretatt. Naudsynte tiltak skal gjennomførast i samband med bygging i områda, jf. § 5.5. Sikringstiltak skal prosjekterast og følgjast opp av geolog.
- 1.2.4 Det skal liggja føre godkjent VA-rammeplan før rammesøknad kan godkjennast. Rammeplanen skal òg omfatte heilskaplege løysingar for overvasshandtering, der planen skal dimensjonere og vise overvasshandtering og flomvegar, jf. § 1.7. Nedbør skal hovudsakleg ha avløp ved infiltrasjon i grunnen og i opne vassvegar, etter prinsipp om lokal overvasshandtering. Plassering av eventuell pumpestasjon for spillvatn i LF_3 skal avklarast i VA-rammeplan.
- 1.2.5 Det er utarbeidd ein renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP) etter den renovasjonstekniske rettleiaren (RTV), godkjent av BIR. Avfallshandtering skal skje i samsvar med RTP innanfor planområdet. Område for renovasjonsanlegg (BRE) skal ha fast dekke og skal byggjast samstundes med tilknytt veg.
- 1.2.6 Leike- og uteopphaldsareal i dei respektive felta jf. § 2.5 skal vera opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve til nye bustader. Grøntområde BUT1 skal vera opparbeidd før 5 nye bustader er tatt i bruk i BKS3 og BFS3. Leikeområde BLK4 skal vera opparbeidd før 5 nye bustader er tatt i bruk i BKS2/BFS5. Grøntområde BUT2a, BUT2b og leikeområde BLK2 skal vere opparbeidd før 5 nye bustader er tatt i bruk i BKS4, BFS8 og BFS9. Leikeområde BLK3 skal vera opparbeidd før 5 nye bustader er tatt i bruk i BKS3, BSF6 og BSF7.

- 1.2.7 Friområde BLK1 og nærmiljøanlegg BNA1 skal vere opparbeidd før 30 nye bustader i heile planområdet vert tatt i bruk.
- 1.2.8 Tilkomstrampe mellom friluftsområde GF1, SPP1/SGG2 skal vere ferdigstilt samstundes med første del av Veg1, fram til Veg3.
- 1.2.9 Veg 3 skal etablerast samstundes med det første feltet som blir bygd ut av BKS1 og B1.
- 1.2.10 Veg 4 skal ferdigstillast ved oppstart utbygging av felt BKS3 eller BFS3.
- 1.2.11 Veg 5 skal ferdigstillast til oppstart av utbygging i BKS2.
- 1.2.12 Offentleg gangveg SGG5 skal vera ferdigstilt før det kan gjevast bruksløyve til nye bustader i felt BFS9-1 og BFS9-2.

1.3 Terrenghandsaming

Alle terrengingrep skal skje mest mogeleg skånsamt. Skjeringar og fyllingar skal avrundast og tilpassast tilgrensande terreng og såast/plantast til. Eksisterande vegetasjon skal takast vare på så langt det er råd.

1.4 Automatisk freda kulturminne

Dersom det i samband med gravearbeid vert gjort funn av gjenstandar eller konstruksjonar, skal arbeidet stogkast snarast og fylkeskonservatoren underrettast, jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

1.5 Energi

Bruk av alternative og fornybare energikjelder for oppvarming skal prioriteres, t.d. sol- eller bioenergi, luft-, sjø- eller jordvarme. Grunngeving for og dokumentasjon av valt energiløysing skal sendast inn saman med rammesøknad.

1.6 Grad av utnytting

Grad av utnytting er vist på plankartet som prosent bruksareal (%BRA) eller prosent bygd areal (%BYA). Område for frittliggjande småhus der grad av utnytting ikkje er vist i plankartet, skal ha ei utnytting på %BYA= 30 %. Parkeringsareal i P-anlegg og på terreng inngår i bruksarealet. Parkeringsanlegg som ligg heilt under terreng med himling lågare enn 0,5 meter over terrenget sitt gjennomsnittsnivå rundt bygningen, skal ikkje inngå i bruksarealet. Parkeringsanlegg kan og omfatte bodar, tekniske rom og trapperom eller heissjakter.

1.7 Overvatn

Innan dei enkelte delfelt skal det gjennomførast tiltak for infiltrasjon etter godkjent VA-rammeplan.

§ 2 BYGNINGAR OG ANLEGG – PBL § 12-5.2

2.1 Frittliggjande småhus – felt BFS_1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8 og 9

- 2.1.1 Innanfor felta kan det førast opp einebustader eller tomannsbustader. Eksisterande hytter kan gjerast om til heilårsbustader når ein kan dokumentera parkering, vatn og avløp.
- 2.1.2 Parkering skal skje på eigen grunn.
- 2.1.3 Der byggjehøgde ikkje er påført plankartet kan bygg ha maksimal høgde på 7,0 m over planert terreng. Der terrenget ligg til rette for det, kan det også byggjast kjellar delvis under

bakkenivå. Ved bygging med kjellar skal maksimal byggjehøgde vere 8,5 m over gjennomsnittleg planert terreng. I overetasje skal måleverdig areal vere maksimalt 65 % av hovudetasje.

- 2.1.4 Bygg og uteområde skal formast med tanke på den eksponerte plasseringa mot fjorden. Støttemurar mot friluftsområda LF2 og LF3, i tillegg til GTD1 skal ikkje vera høgare enn 2,5 m. Søknad som omfattar høgare murar mot andre område skal dokumentarast med oppriss, perspektivteikningar og fotomontasje viss kommunen krev dette.
- 2.1.5 Avfallshandtering skal skje etter godkjent Renovasjonsteknisk avfallsplan. Eigedomane i BFS3 skal nytte BRE2, og BSF7 skal nytte BRE3. For resterande eigedomar skal avfallshandtering skje på eigen eigedom, og avfallsdunkar skal plasserast ved samlepunkt ved veg på tømmedagar. Eigedomane i BSF9-1 og BSF9-2 skal plassere avfallsdunkar ved samlepunkt ved Veg1 på tømmedagar.
- 2.1.6 I BSF5-3 må det installerast anlegg for trykkforsterkning til vassforsyninga. Dette kan gjerast som fellesanlegg, eller som individuelle anlegg for kvar bustad. Kommunen kan setje vilkår i rammeløyve eller byggjeløyve for etablering av slikt anlegg.

2.2 Konsentrert småhus – felt BKS1

- 2.2.1 Feltet skal nyttast til konsentrert småhusbusetnad i inntil to etasjar.
- 2.2.2 Parkering i felt BKS1 kan skje som felles anlegg, som individuell parkering eller som ein kombinasjon. Parkeringsanlegg som ligg heilt under terreng med himling lågare enn 0,5 meter over terrengets gjennomsnittsnivå rundt bygningen, skal ikkje inngå i bruksarealet. Parkeringsanlegg under terreng kan og omfatte buer, tekniske rom og trapperom.
- 2.2.3 Felles leike- og opphaldsareal med kvalitetskrav jf. §2.5 skal innpassast i feltet.
- 2.2.4 Bygg og uteområde skal formast med tanke på den eksponerte plasseringa mot fjorden og friområda. Støttemurar mot friområde GF1 skal ikkje vera høgare enn 2,5 m.
- 2.2.5 Avfallshandtering skal skje etter godkjent Renovasjonsteknisk avfallsplan. Eigedomane i BKS1 skal nytte BRE1.

2.3 Bustadføremål (konsentrert småhus/terrasseblokk/blokk) – felt B1 og B2

- 2.3.1 Feltet B1 kan byggjast ut med konsentrert småhusbusetnad i inntil 3 etasjar eller bustadblokker i inntil 5 etasjar.

Feltet B2 kan byggjast ut med konsentrert småhusbusetnad i inntil 3 etasjar eller lågblokker i inntil 4 etasjar.
- 2.3.2 Parkering skal skje som felles anlegg, som individuell parkering eller som ein kombinasjon. Parkeringsanlegg som ligg heilt under terreng med himling lågare enn 0,5 meter over terrenget sitt gjennomsnittsnivå rundt bygningen, skal ikkje inngå i bruksarealet. Parkeringsanlegg under terreng kan og omfatte boder, tekniske rom og trapperom eller heissjakter.
- 2.3.3 Felles leike- og opphaldsareal med kvalitetskrav, jf. §2.5 skal innpassast i feltet.
- 2.3.4 Avfallshandtering skal skje etter godkjent Renovasjonsteknisk avfallsplan. Eigedomane i B1 skal nytte BRE1, og eigedomane i B2 skal nytte BRE2.

2.3.5 Bygg og uteområde skal formast med tanke på den eksponerte plasseringa mot fjorden. Ein skal leggje særskilt vekt på gode arkitektoniske løysingar og god materialbruk. Støttemurar mot friluftsområde LF2 skal generelt ikkje vera høgare enn 2,5 m, støttemurar over 2,5 meter mot LF2 skal godkjennast av kommunen. Søknad som omfattar høgare murar skal dokumentarast med oppriss, perspektivteikningar og fotomontasje viss kommunen krev dette.

2.4 Konsentrert småhus – felt BKS2, BKS3 og BKS4

2.4.1 Felta BKS2-1 og BKS2-3 kan byggjast ut med rekkehus eller kjedehus. Dei andre felta i BKS2 samt BKS3 og alle felta i BKS4 kan byggjast ut med rekkehus. Meir enn 10 einingar i same feltet skal fordelast på fleire rekker. Avstand mellom rekkene skal da vere minimum 8 meter, eller 6 meter viss tilfredsstillande brannsikringstiltak gjennomførast.

2.4.2 Alle husværa i BKS4-1 skal ha inngang mot den lågare delen av Veg1 (mot sørvest), og alle husværa i BKS3 skal ha inngang mot Veg7.

2.4.3 For kjedehus skal parkering skje på eigen grunn. For rekkehus kan parkering skje på eigen grunn eller løysast som fellesanlegg under bygga. Parkeringsanlegg som ligg heilt under terreng med himling lågare enn 0,5 meter over terrengets gjennomsnittsnivå rundt bygningen, skal ikkje inngå i bruksarealet. Parkeringsanlegg under terreng kan og omfatte boder, tekniske rom og trapperom.

2.4.4 Bygg og uteområde skal formast med tanke på den eksponerte plasseringa mot fjorden. Plassering av bygg og uteområde bør sjåast i samanheng for heile feltet, slik at området utgjer eit heile.

2.4.5 Støttemur mot Veg1 eller LF2 skal generelt ikkje vera høgare enn 2,5 m. Støttemurar over 2,5 meter mot Veg1 eller LF2 skal godkjennast av kommunen. Søknad som omfattar høgare murar skal dokumentarast med oppriss, perspektivteikningar og fotomontasje viss kommunen krev dette.

2.4.6 Der byggjehøgde ikkje er påført plankartet kan bygg ha maksimal høgde på 7,0 m over planert terreng. Der terrenget ligg til rette for det, kan det også byggjast kjellar delvis under bakkenivå. Ved bygging med kjellar skal maksimal byggjehøgde vere 8,5 m over gjennomsnittleg planert terreng. I overetasje skal måleverdig areal vere maksimalt 50 % av hovudetasje.

2.4.7 Avfallshandtering skal skje etter godkjent Renovasjonsteknisk avfallsplan. Eigedomane i BKS3 skal nytte BRE3. For resterande eigedomar skal avfallshandtering skje på eigen eigedom, og avfallsdunkar skal plasserast på samlepunkt ved veg på tømmedagar. For området BKS4-1 skal avfallshandtering løysast innanfor feltet, og avfallsdunkar skal plasserast på felles samlepunkt ved Veg1. Avfallshandtering skal for BKS_2-1, 2, 3 og 4, BKS_4-2 og BKS_4-3 skje på eigen eigedom, og avfallsdunkar skal plasserast på samlepunkt ved veg på tømmedagar.

2.5 Uteoppfallsareal

2.5.1 Minstekrav til privat uteoppfallsareal med kvalitetskrav, jf. § 2.5.4 for ulike bustadtypar:

- 150 m² per bueining for einebustader og tomannsbustader
- 25 m² for bustad i konsentrert småhusbusetnad. Det er krav om ytterlegare 10 m² separat privat uteoppfallsareal for eventuell sekundærleilegheit
- 10 m² for blokkleilegheiter

2.5.2 For feltet BKS1 skal det setjast av minst 25 m² per buening til felles leike- og opphaldsareal med kvalitetskrav jf. § 2.5.4.

2.5.3 For felta BKS2 og BKS3 skal det setjast av minst 25 m² per buening i rekkjehus og minst 10 m² per buening i lågblokk til felles leike- og opphaldsareal med kvalitetskrav, jf. § 2.5.4.

2.5.4 Uteoppfallsareala skal ha følgjande kvalitetar:

- Tenleg utforming og god tilgjenge frå bustaden uavhengig av alder og funksjonsevne.
- Gode soltilhøve (sol på ½ arealet i 4 timar ved jamdøger) og klimatisk skjerma.
- Ikkje brattare enn 1:3. Brattare terreng kan reknast med dersom det er eigna til leik med sklier, akkebakke eller liknande. Dette skal gå fram av situasjonsplanen i søknaden om rammeløyve eller byggeløyve.
- Skjerma mot trafikk. Der området er plassert i tilknytning til veg, skal det vere skjerma med gjerde eller liknande
- Alle bustader unntatt leilegheiter i lågblokk eller høgblokk skal ha minst 50 % av privat uteoppfallsareal på bakkeplan

2.5.5 Krav til uteoppfallsareal går framfor tillaten grad av utnytting og bustadtype.

2.6 Plassering av bygg

2.6.1 Bygga skal plasserast slik at ein oppnår god funksjonell og arkitektonisk samanheng i høve til omgjevnadene.

2.6.2 Garasjar/uthus skal ikkje overstige grunnflate 50 m², og ein per buening. Slike bygg kan plasserast utanfor byggjegransa, men ikkje nærare enn 1 m frå veg og/eller nabogrense. Av omsyn til drift- og vedlikehald gjeld ikkje dette for Veg1, der avstanden skal være minimum 1,5 meter. Ved direkte utkøyring mot veg skal avstanden vera 5 m, med unntak for utkøyring frå carport utan sideveggar.

2.7 Parkering

2.7.1 For einestader og tomannsbustader skal det setjast av minst 2 parkeringsplassar per bustad. Eventuell sekundærbustad skal ha eigen parkeringsplass.

2.7.2 For leilegheiter og rekkehus skal det setjast av minst 1,5 plassar per bustad ved parkering i fellesanlegg og ved individuell parkering. Eventuelle sekundærbustader i rekkehus skal ha ytterlegare 0,5 parkeringsplasser per buening.

2.8 Avkøyrslar

2.8.1 Der avkøyrslar er vist med illustrerande piler vil eksakt plassering bli godkjend av kommunen ved handsaming av byggjesaka.

2.9 Byggjehøgder

2.9.1 Maksimal byggjehøgde er vist i plankartet eller i føresegnene knytt til dei einskilde byggjeområda. Der byggjehøgda varierer innanfor feltet er den vist som ulike soner med ulike byggjehøgde (skilt med linesymbol for byggjegransa). Der maksimal høgde er oppgitt i meter, skal høgda målast frå gjennomsnittleg planert terreng.

2.10 Universell utforming

2.10.1 Minst 30 % av bueningane i felt med konsentrert småhus skal ha universell utforming og universell tilgjenge mellom parkeringsplass, tilkomst og uteoppfallsareal m.m. Universelt ut-

forma inngangsplan med full livsløpsstandard der alle primær- og besøksfunksjonar dekkjast på eit plan, vil støtte kravet til universell utforming.

2.10.2 Alle bustadane i felt BKS1 og BKS_3-2 og minst 70 % av bustadane i BKS2 skal vera universelt utforma. Universelt utforma inngangsplan med full livsløpsstandard der alle primær- og besøksfunksjonar dekkjast på eit plan, vil støtte kravet til universell utforming.

2.10.3 I alle fellesområde for leik eller grøntanlegg, samt for offentleg leikeplass BLK1 og offentleg nærmiljøanlegg, skal heile eller minst 40 % av arealet der terrengtilhøva gjer det umogleg å tilfredsstille slike krav for heile området, vere universelt utforma. Dette gjeld både tilkomst til områda og dei mest brukte eller attraktive funksjonane i kvart område som eignar seg for rørslehemma. Andre funksjonar skal så langt som mogleg leggast til rette for bruk av personer med andre funksjonshemmingar enn rørsle. Det skal også i ramme- eller byggjesøknad dokumenterast at fullt tilgjengelege funksjonar dekkjer bruksmønster for alle aktuelle aldersgrupper, med særskilt vekt på barn og unge i alderen 3-18 samt eldre menneskje over 60.

2.11 Riggareal og fyllingar

2.11.1 Riggareal og fyllingar i samband med framføring av veganlegget kan opparbeidast i anleggstida innanfor areal som er regulert til andre føremål. Når vegen er ferdig skal områda setjast i stand og førast tilbake til opphavsplanformål, jf. plankartet.

2.12 Kommunaltekniske anlegg BAV

2.12.1 Eksisterande pumpestasjon i BAV skal oppretthaldast. Tilkomst for tilsyn og vedlikehald skal sikrast via Veg2.

2.13 Felles uteopphaldsareal BUT1, BUT2 og leikareal BLK1, BLK2, BLK3 og BLK4

2.13.1 Det skal etablerast leike- og uteopphaldsareal i felta.

2.13.2 BUT1 er felles for felt BKS3 og BFS3 samt BSF4. Området skal nyttast til grøntområde.

2.13.3 BUT4a og b er felles for felt BKS4, BFS8 og BFS9. BUT4a og b skal nyttast til grøntområde.

2.13.4 BLK1 skal opparbeidast for leik og aktivitet for barn og unge med varierte leikeapparat og ev. andre aktivitetsfremjande anlegg.

2.13.5 BLK2 er felles for felt BKS4, BFS8 og BFS9. BLK2 skal opparbeidast for leik og aktivitet for barn og unge.

2.13.6 BLK3 er felles for BKS3 og BFS7. Det skal nyttast til leik og grøntområde.

2.13.7 BLK4 er felles for BKS2 og BFS5. Det skal nyttast til leik og grøntområde.

2.14 Offentleg nærmiljøanlegg BAN

2.14.1 BNA1 er eit offentleg nærmiljøanlegg der det skal etablerast ei 7'er-bane til bruk for alle bustadane i området, samt nærliggjande bustadområder.

§ 3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR PBL § 12-5.2

3.1 Samleveg Veg1

3.1.1 Veg1 skal ha ei køyrebreidd på 5 m og fortau på 2,5 m/rekkverk mot bratt terreng med heilning meir enn 1:1,5.

3.1.2 Vegen skal byggjast på mur langs GF1 i Agnavikjæ. Bekken gjennom Agnavikdalen i same området skal leggjast i kulvert under vegen. Samstundes med bygging av vegen skal det etablerast rampe ned til badeplass på GF1 i Agnavikjæ, jf. § 1.2.8.

3.1.3 Terreng langs veg skal, der det er mogeleg, arronderast slik at ein sikrar god tilkomst til eksisterande stiar, og legg til rette for nye stiar til tilstøytande friområde og friluftsområde.

3.1.4 Støttemurar skal oppførast/forblendast med naturstein, lagt i forband.

3.2 Tilkomstvegar Veg2, Veg3, Veg4, Veg5, Veg6 og Veg7

3.2.1 Tilkomstvegar skal ha ei køyrebreidd på 4 m, for Veg5 skal køyrebreidda være 3,5 m. Støttemurar skal oppførast/forblendast med naturstein. Tilkomstvegar har same arealbruksføremål som samlevegen.

3.2.2 Veg2 er tilkomst til parkeringsplass SPP1 og SPP2, og til pumpestasjon i området BAV. Det skal sikrast tilkomst frå SPP2 til eigedomen gnr/bnr 20/61 under brua.

3.2.3 Ved bygging av Veg4 skal det sikrast god tilkomst og overgang til terreng mot leikeområde BLK.

3.2.4 Ved bygging av Veg5 skal det sikrast god tilkomst og overgang til terreng mot friluftsområde LF1 ved enden av vegen.

3.2.5 Ved bygging av Veg 6 skal det sikrast god terrengtilpassing og overgang til terreng mot friluftsområde LF1 ved enden av vegen og i samband med etablering av snuhammar for renovasjons- og brøytebil.

3.2.6 Snuhammar ved enden av Veg1, Veg5 og Veg6 skal etablerast samtidig med bygging av vegen.

3.3 Offentleg gangveg – SGG

3.3.1 Offentlege gangvegar SGG1, SGG2, SGG3 og SGG4 opparbeidast som fortau med breidde 2,5 meter langs samlevegen Veg1.

3.3.1 Offentleg gangveg SGG5 frå Veg1 til friluftsområde LF2 tillèt køyretilkomst til byggjeområda BFS9-1 og BFS9-2.

3.3.2 Offentleg gangveg SGG6 frå Veg5 til nærmiljøanlegg BNA1 kan etablerast som trapp i terreng. Gangvegen er meint som ein trafikkisikker snarveg og er ikkje mogleg å oppnå universell utforming på.

3.4 Offentlege parkeringsplassar – SPP1, SPP2 og SPP4

3.4.1 Terrenginngrep i samband med bygging av parkeringsplassar skal skje mest mogeleg skånsamt. Støttemurar skal byggjast med naturstein og fyllingar/skjeringar skal tilpassast tilgrensande terreng.

3.4.2 I SPP1 og lengst mot sør i SPP4 skal det opparbeidast 2 plassar for rørslehemma.

3.5 Felles parkering SPP3

3.5.1 SPP3 er felles parkering for hyttene i LF2 nord for småbåthamna VS. Parkeringsplassane kan også nyttast av brukarane av småbåthamna.

§ 4 GRØNTSTRUKTUR PBL § 12-5.3

4.1 Friområde

4.1.1 GF1 ved Agnavikjæ skal oppretthalda dagens bruk som badeplass og møteplass med innretningar for aktivitetar som naturleg heng saman med denne funksjonen. Frå parkeringsplass SPP1 og ned til badeplass skal det etablerast trappefri tilkomst/rampe langs mur til Veg1.

4.1.2 Innanfor GF2 på Tettaneset kan det leggjast til rette med enkle stiar og sitjeplassar. Tettaneset har stor landskapsverdi og det naturlege landskapet med svaberga skal bevarast. Til rettelegging av stiar og sitjeplassar skal skje mest mogeleg skånsamt og utan sprenging og utan fyllingar som er synlege frå sjøen. Vegetasjonen skal i størst mogeleg grad takast vare på, vanleg skjøtsel er tillate. Rydding i samband med tilrettelegging av stier og møteplassar er tillate.

I Stølsvikjæ heilt sør i GF2, ved enden av GTD2, er det høve til å gjere enkel tilrettelegging for allmenn bruk i overgangen mellom land og sjø. Dette omfattar tiltak som bål plass, stupebrett, baderampe, mindre badebrygge eller badestige, samt fellesgrill eller liknande.

Delar av området inngår i omsynssone for vern av kulturminne og område bandlagt etter kulturminnelova, jf. § 5.1 og 5.2.

4.1.3 Det er ikkje tillate å ha private fortøyingfeste for båtar, private kaiar og flytebryggjer i friluftsområde GF1 og GF2, og heller ikkje å ha båtar fortøyd langs strandsona i desse områda. Unnateke er korte opphald knytt til rekreasjon og naudsynt arbeid.

4.1.4 Det er ikkje tillate å ha båtar og anna utstyr lagra i friområda GF1 og GF2.

4.2 Turveg og gangveg

4.2.1 Turveg GTD2 frå Veg1 til Tettaneset skal vera trinnfri. Terrenginngrep i samband med bygging av vegen skal skje mest mogeleg skånsamt. Mindre justeringar av veglina for betre terrengtilpassing er tillate, inntil 5 m frå plan, jf. § 5.1.3.

4.2.2 Det skal opparbeidast ny turveg GTD1 mellom LF2 og LF3 frå Veg4 til felles småbåthamn VS i Bjørsvikjæ. Maksimalt planert breidde skal vere 4,0 m. Vegen skal vere sperra for tilkomst med bil.

4.3 Stiar på Tettaneset

4.3.1 Det kan etablerast grusa stiar i GF2 på Tettaneset, jf. § 4.1.2. Desse kan ha ei maksimalt planert breidde på 2,0 m. Slike vegar skal leggjast oppå terrenget; det er ikkje tillate å sprengja fjell eller i store blokker ved etableringa. Ingen gangvegar kan etablerast i omsynssone H730 Område bandlagt etter kulturminnelova, jf. § 5.2.

4.4 Friluftsområde LF1, LF2 og LF3

4.4.1 Friluftsområda skal sikra natur- og landskapsverdiar og ålmenn tilgjenge til strandsona og fjellet. Vanleg skjøtsel av stiar og vegetasjon er tillate.

4.4.2 LF1 på oversida av Veg1 er eit samanhengande grønt drag frå Agnavikjæ ut til spesialområde vern og opp til Åsen. Bygg i området er ikkje tillate.

- 4.4.3 LF2 omfattar strandsona frå småbåthamna VS i Bjørsvikjæ til Tettaneset. Eksisterande hytter på eigedomane gnr/bnr 20/46, 20/48, 20/82 og 20/47,192,193 kan oppretthaldast med dagens funksjon. Berre fasadeendringar kan tillatast.
- 4.4.4 LF3 dannar eit grøntdrag som bindeledd mellom den felles leikeplassen BLK og friområdet GF1 ved badeplassen. Eksisterande hytter på eigedomane gnr/bnr 20/38, 20/75,81 og 20/306 kan oppretthaldast med dagens funksjon. Berre fasadeendringar kan tillatast.
- 4.4.5 Det skal sikrast tilgjenge frå offentleg veg til friluftsområde der det er mogeleg. Mindre inn-grep i form av trinn/trapp frå veg til terreng kan tillatast der ein vurderer det som tenleg for å ivareta friluftsinnteresser. Utforming og materialbruk må vurderast i samband med detaljplan-legging av veg.
- 4.4.6 Pumpestasjon for spillvatn kan plasserast på høveleg stad i LF3. Plasseringa skal vere slik at den ikkje verkar forstyrrande på friluftsområdet sin funksjon som rekreasjonsområde i strandsona. Pumpestasjon skal ha ei utforming som harmonerer med omgjevnadane.

§ 5 OMSYNSSONER

5.1 H570 Vern av kulturminne

5.1.1 Omsynssone H570_1 og H570_2

Eit belte mellom Stølsvikjæ og Folavikjæ på tvers av Tettaneset er spesialområde vern. Særskilde føresegner gjeld her for å verna om det automatisk freda kulturminnet.

5.1.2 Omsynssone H570_1

I dette området kan det ikkje utførast noko arealinngrep, jf. kulturminnelova § 3. Skjøtsel av gravfeltet skal skje i samsvar med Skjøtelsesplan for arkeologisk kulturminne på Tettaneset – lokalitet 35553, og i samråd med kulturminnevernstyresmaktene.

5.1.3 Omsynssone H570_2

I dette området kan det ikkje utførast noko arealinngrep, jf. kulturminnelova § 3.

Unntak er:

1. Turveg

Det kan opparbeidast grusa turveg GT2 frå Veg1 til sjøen i Stølsvikjæ like nord for LF2. Dersom det skal leggjast fast dekke på vegen skal dette vera etter godkjenning av kulturminnevernstyresmaktene.

Vegen skal ha ei maksimal planert vegbreidde på 3.0 m. Største skjering eller høgde på mur skal vera 1,5 m. Fyllingar, vegskråningar og sår i landskapet etter vegbygginga skal såast til umiddelbart som ein del av byggeprosessen. Terrengtilpassing av vegtraséen kan ikkje ha større avvik frå plan enn 5 m.

2. Stiar på Tettaneset

Det kan etablerast grusa turstiar på Tettaneset, jf. § 4.3.

3. Møteplass/Sjøfront

I Stølsvikjæ heilt sør i GF2 er det høve til å gjere enkel tilrettelegging for allmenn bruk i overgangen mellom land og sjø. Dette omfattar tiltak som bålplate, stupebrett, baderampe, mindre badebrygge eller badestige, samt fellesgrill eller liknande.

5.2 H730 Område bandlagt etter kulturminnelova (automatisk freda kulturminne)

5.2.1 I dette området kan det ikkje utførast noko arealinngrep, jf. kulturminnelova § 3.

5.3 H140 Frisiktssoner

5.3.1 I område mellom frisiktline og køyreveg (frisiktssone) skal det til ei kvar tid vera fri sikt i ei høgde på 0,5 m over vegplanet på tilstøytande vegar.

5.4 H740 Omsynssone for høgspent luftleidning

5.4.1 I sikringssona H740 for dagens høgspenstrasé gjennom området, kan ingen tiltak for verken bygg, veg eller leikeområde settast i gong før høgspenkabelen er lagt i bakken.

5.5 H310 Ras- og skredfare

5.5.1 Omsynsområde 310a_05 omfattar skrent som dels går inn i område BFS1 med stort sannsyn for steinsprang. Bygging i denne sona krev reinsk i berget og eventuelt noko sikring med fjellboltar. Sikring skal vurderast av geolog før igangsettingsløyve kan gis.

5.5.2 Omsynsområda H310a_01, H310a_02, H310a_03, H310a_04, H310a_06, H310a_07, H310a_08, H310a_09, H310a_10, H310a_11, H310a_13, H310a_17, H310a_18, H310a_19, H310a_20, H310a_21, H310a_22 og H310a_23 omfattar rasfarlege skrentar i og utanfor byggeområde, men utanfor byggbart område, med stort sannsyn for steinsprang. Eventuelt bygging innanfor sona krev vegetasjonsreinsk og noko reinsk av skrent, eventuelt noko sikring med fjellboltar. Sikring skal vurderast av geolog før igangsettingsløyve kan gis.

5.5.3 Omsynsområde 310_12 omfattar nedslagszone for fjellskrent nær område BKS2-3 og BKS2-4. Omsynsområde 310a_12 har stort sannsyn for skred/steinsprang, og i dette området kan det ikkje settast opp nokre varige bygg eller andre tiltak. Innanfor omsynsområdet 310b_12 er det middels eller lite sannsyn for skred/steinsprang og det kan det ikkje byggast bygg for varig opphald. Garasjar, reiskapsbuer og liknande kan likevel settast opp.

5.5.4 Omsynsområde 310a_14 omfattar skrent i byggeområde BFS7-2 og leikeplass BLK3 med stort sannsyn for steinsprang. Eventuell bygging og bruk av leikeområdet innanfor sona krev reinsk av skråninga, og eventuelt supplering av avgrensa blokk med enkelte fjellboltar. Sikring skal vurderast av geolog før igangsettingsløyve kan gis.

5.5.5 Omsynsområde 310a_15 omfattar skrent som dels går inn i område BFS6 og BFS7 med stort sannsyn for steinsprang. Bygging i denne sona krev reinsk i berget og eventuelt noko sikring med fjellboltar. Sikring skal vurderast av geolog før igangsettingsløyve kan gis.

5.5.6 Omsynsområde 310a_16 omfattar skrent som dels går inn i område BFS6, BFS8 og BFS9-5 med stort sannsyn for steinsprang. Bygging i denne sona krev reinsk i berget og eventuelt noko sikring med fjellboltar. Sikring skal vurderast av geolog før igangsettingsløyve kan gis.

§6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

6.1 Tiltak i sjø som fell inn under føresegner i hamne- og farvasslova skal godkjennast av hamnemyndigheit.

6.2 Småbåthamn VS

6.2.1 Det kan byggjast molo samt etablerast landareal på fylling for aktivitetar knytt til småbåthamna og setjast ut flytebyggjer/utliggarar for småbåtar. Tiltak på land som er naudsynt for


tilkomst, vedlikehald og landfeste av anlegget er tillate. Det er ikkje tillate å sprengje ut fjell over vasstanden innanfor området. Flytebyggjer og bølgebrytarar er søknadspliktige tiltak.

- 6.2.2 Det er og høve til å sette opp mindre reiskapsbuer utan måleverdig areal. Slike buer skal vere i moderat størrelse og eigna berre til bruk som lager for fiskeutstyr, vedlikehaldsmateriell for båt og liknande. Materialbruk og utforming skal dokumenterast i samband med søknad om tiltak. Det må søkast om byggeløyve for å sette opp slike reiskapsbuer.
- 6.2.3 Bølgebrytar kan anleggjast i form av molo på utfylte masser eller som flytende konstruksjon forankra på havbotnen, eventuelt som en kombinasjon av disse. Utfylling for bygging av molo skal ikkje ha fyllingsfot utover det som går fram av plankartet.
- 6.2.4 Det er ikkje høve til å nytte området for aktiviteter som kan føre med seg forureining av grunn eller sjø.

6.3 Badeområde VB

- 6.3.1 Området VB i sjø skal brukast eksklusivt til bade og rekreasjonsformål. Innanfor dette området er det ikkje tillat med ferdsel av motoriserte fartøy eller andre større båtar. Det er heller ikkje tillate å fiske i dette området. Enkel tilrettelegging med ramper og rekkverk for funksjonshemma er tillate.

N=6718300
N=6718200
N=6718100
N=6718000
N=6717900
N=6717800
N=6717700
N=6717600
N=6717500
N=6717400
N=6717300
N=6717200



- Teiknforklaring**
- Områdeplan PBL 2008**
- §12-5. Nr. 1 - Bygninger og anlegg**
 - B 1110 - Bustader
 - BFS 1111 - Bustader-frittliggende-småhus
 - BKS 1112 - Bustader-konsentrert-småhus
 - BAV 1440 - Nærmljøanlegg
 - BAV 1542 - Avløpsanlegg
 - BRE 1550 - Renovasjonsanlegg
 - BUT 1600 - Uteoppfallsareal
 - BLK 1610 - Lekeplass
 - §12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**
 - SKV 2011 - Kayerveg
 - SF 2012 - Fortau
 - SGG 2016 - Gangveg/gangareal
 - SVG 2019 - Annan veggrunn - grensarreal
 - SPP 2082 - Parkeringsplasser
 - §12-5. Nr. 3 - Grøntstruktur**
 - GT 3030 - Turdrag
 - GF 3040 - Friomsråde
 - §12-5. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift**
 - LF 5130 - Friluftsmål
 - §12-5. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone**
 - V 6001 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone
 - VB 6770 - Badeområde

- §12-6 - Omsynssoner**
- 140 - Friskt
 - 310 - Ras- og skredfare
 - 570 - Bevaring kulturmiljø
 - 730 - Bandlegging etter lov om kulturmiljø
 - 740 - Omsynssone for høyspent luftledning
- Linjesymbol**
- RpGrense
 - RpFormalGrense
 - 1203 - Regulert tomtegrense
 - 1204 - Eieendomsgrænse som skal oppheves
 - RpSikringGrense
 - RpFareGrense
 - RpAngittHensynGrense
 - RpBandleggingGrense
 - 1211 - Byggegrense
 - 1214 - Bebyggelse som inngår i planen
 - 1215 - Bebyggelse som forutsettes fjernet
 - 1221 - Regulert senterlinje
 - 1222 - Friskiltlinje
 - 1228 - Regulert støttemur
 - 6230 - Småbåthamn
- Punktsymbol**
- 1242 - Avkjørsel
- Kartsymboler**
- Teiggrense

Kartopplysninger
Kjelder for bakkart: Valsdal kommune
Dato for bakkart: 14.10.2014
Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84
Høgdegrunnlag: NN1954

Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk: 1:2000 (A2)


Saksbehandlingshistorikk

SAKS-NR.	DATO	SIGN.
161029	17.01.17	BHV


Planens utarbeidd av:

PLAN	PROSJEKT	BYGG	SKISSE
plan vest	161029	17.01.17	BHV

plan vest
Pb 667, 5484 Steud
Tlf. 53 40 37 80
E-post: post@planvest.no



Vertikalnivå 4-i vannsøylen
Vertikalnivå 5-på bunnen



Vaksdal Kommune

2017

Områdereregulering – Tettanaset og Stanghelle Vest



WSP Norge AS

Plan Vest AS

17.01.2017

FORORD

WSP Norge og Plan Vest AS har fått i oppdrag av Vaksdal kommune om å utarbeide områdeplan for Tettaneset. Planarbeidet vert gjennomført som områderegulering etter plan- og bygningslova (pbl.) § 12-2.

Bakgrunnen for reguleringa er eit kommunestyrevedtak om å utarbeide forprosjekt for utbygging av Stanghelle Vest og Tettaneset med målsetjing å etablere eit attraktivt utbyggingsområde som vil bidra til å auke folketalet, og spesielt få barnefamiljar til å flytta til kommunen. Føremålet med planarbeidet er å optimalisere eksisterande reguleringsplan for området, utan at dette vil undergrave dei kvalitetane som ligg i den gjeldande planen. Etter møte med Fylkesmannen i Hordaland vil kommunen no fremje endringane som ei områderegulering.

Planområdet er om lag 355 daa, der eigedom 20/308 utgjer hovuddelen. Planforslaget omfattar areal til bustader, nærmiljøanlegg, avløpsanlegg, renovasjonsanlegg, uteoppfallsareal, leikeplass, køyreveg med tilhøyrande annan veggrunn, gangveg/gangareal, fortau, parkeringsplassar, turdrag, friområde, friluftsmål, bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, småbåthamn og badeområde.

Rapport nr.	4_UTKAST	Dato	17.01.17
Prosjektnamn	Tettaneset områderegulering	Prosj.nr.	S161029
Tittel	Områderegulering for gnr./bnr. 20/308 m.fl. Stanghelle vest og Tettaneset PlanID: 2015002		
Oppdragsgjevar	Vaksdal kommune		
Prosjekt-organisering	WSP Norge v/ Espen Viddal, Rune Breistein Plan Vest AS v/ Berit Haga, Arvid Steinsland, Katarzyna Kaczorowska		
Referat			
Produsert av	Plan Vest AS avd. Stord Postboks 667, 5404 Stord Tlf. 53 40 37 80 e-post: post@planvest.no Internett: www.planvest.no		
Kontrollert av	KH, KV, TV, EV		

INNHALD

FORORD	1
1. BAKGRUNN	4
1.1 Tiltakshavar og planleggar	4
1.2 Føremål med planarbeidet	4
2. OVERORDNA RETNINGSLINJER OG PLANSTATUS	6
2.1 Nasjonale føringar	6
2.2 Regionale føringar	6
2.3 Kommunale føringar	7
2.4 Gjeldande reguleringsplanar	8
3. OMTALE AV PLANOMRÅDET	9
3.1 Geografisk plassering	9
3.2 Historikk	9
3.3 Eksisterande bygningar	10
3.4 Eksisterande veg- og trafikkhøve	10
3.5 Eksisterande terrenghøve, landskap, vegetasjon	10
3.6 Eksisterande grønstruktur/friområde, areal til leik	11
3.7 Eksisterande grunntilhøve, mogeleg ureining og skadeleg radonførekomst	11
3.8 Eksisterande miljøpåverknad	11
3.9 Eksisterande verneinteresser	12
4. EIGEDOMSTILHØVE	13
5. PLANPROSESS	13
6. INNKOMNE MERKNADER	13
7. OMTALE AV PLANEN OG KONSEKVENSAER	21
7.1 Planområdet	21
7.2 Arealføremål	21
7.3 Bygningar og anlegg	22
7.4 Veg- og trafikksituasjon, tilkomst/avkøyrslar	27
7.5 Trafikktryggleik og tilgjenge	30
7.6 Parkering	30
7.7 Kollektivtrafikk	31
7.8 Støy/forureining	31
7.9 Skule/barnehage	31

7.10	Barn og unge sine interesser i planområdet - Leike- og opphaldsareal	32
7.11	Landskap og estetikk	33
7.12	Omsyn til naboar	36
7.13	Friluftsliv/grøne interesser	36
7.14	Naturmangfald	38
7.15	Strandsone og vassdrag.....	39
7.16	Kulturminne.....	40
7.17	Energiløysingar	41
7.18	Løysing for vatn, avlaup og overvatn	41
7.19	Renovasjon	42
7.20	Helse, miljø og tryggleik	42
7.21	Omsynssoner	43
7.22	Eigedomsinngrep.....	44
7.23	Økonomiske konsekvensar for kommunen.....	45
7.24	Universell utforming.....	45
8	KONSEKVENSAV TILTAKET.....	46
8.1	Metode	46
8.2	Utgreiingstema	47
9	RISIKO OG SÅRBARHEIT- ROS	54
9.1	Metode	54
9.2	ROS- evaluering	55
10	VEDLEGG.....	60

1. BAKGRUNN

1.1 Tiltakshavar og planleggar

Områdereguleringa er utført av WSP Norge og Plan Vest AS på vegne av Vaksdal kommune, som eigar av storparten av eigedomane i planområdet. I området gjeld i dag reguleringsplan Stanghelle og Tettaneset (PlanID 2010002).

1.2 Føremål med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å optimalisere eksisterande reguleringsplan, utan å undergrave dei eksisterande kvalitetane i planen. Bakgrunnen er eit kommunestyrevedtak om å utarbeide forprosjekt for utbygging av Stanghelle Vest og Tettaneset, med målsetjing om å etablere eit attraktivt utbyggingsområde som vil bidra til å auke folketalet, og spesielt få barnefamiliar til å flytta til kommunen.

Prognosar for folketalsutviklinga i Vaksdal syner ei auke på om lag 250 personar fram mot 2030. I kommuneplanen er det lagt vekt på at kommunen skal å vere ein attraktiv bukommune, og kommunen har eit ønske om utbygging av minst 120 til 150 bueiningar. Kommunen ynskjer òg å auke potensialet for bustadutvikling i kollektivknutepunkt, ikkje minst sett i lys av utbygging av ny statleg transportinfrastruktur langs Vossebanen. I ei mulegheitsstudie gjennomført av Asplan Viak i 2015/16 (Bergensbaneregionen 2040), syner dei nettopp til potensialet som Stanghelle representerer til utbyggingsføremål for bustader. I tillegg til togstasjon går òg E16 her.

Kommunen har med dette eit ønske om å vidareutvikle Stanghelle som eit knutepunkt i kommunen, i tråd med Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging. Stanghelle innehar dei fleste handels- og servicefunksjonar, og ei utbygging på Tettaneset er eit steg i utviklinga av Stanghelle som ein berekraftig tettstad, der nærleik til sjø, natur og fjell fremjar helse, miljø, ro og livskvalitet. Nærleiken til Stanghelle, med togstasjon og komande infrastrukturinvesteringar der, gjer at utbygginga av Tettaneset legg til rette for ei klima- og miljøvenleg transportform til/frå området både ved pendling til Bergen, Voss etc. og for daglege gjeremål.

Området sin plassering tett til sjø, fjell og stasjonsbyen Stanghelle, med svært gode soltilhøve og god tilgang på eksisterande sosial infrastruktur er unik i Vaksdal. Alt ligg til rette for at utbygginga startar etableringa av ein berekraftig tettstad, med ein kombinasjon av landlege og etter kvart urbane kvalitetar. Kommunen sin intensjon med å auke fortettinga i området er å utnytte desse kvalitetane, særleg med omsyn til fortetting rundt eit sentralt kollektivknutepunkt. Det er likevel vald ei moderat fortettingsgrad med lite urban karakter. Årsaken til dette er at denne delen av Stanghelle, på tross av 0,5 – 1,5 km til togstasjon, likevel er periferi i høve til dei sentrale områda av Stanghelle, og ein ønskjer derfor å tilby i første del av ei større utbygging av Stanghelle som stasjonsby, kvalitetar som er attraktive og lett å selje. På denne måten håper kommunen å realisere ei rask utbygging av dette området som sikrar den sosiale infrastrukturen som i dag er under press på grunn av svak folketalsutvikling.

Dette vil vidare gi grunnlag for ei meir urban utbygging av de meir sentrale delane av Stanghelle. Det er og etter kvart naudsynt med erstatningsbustader i samband med utbygginga av ny E16 og dobbelspor mellom Bergen og Voss. Slike erstatningsbustader vil det vere eit akutt behov for

allereie om 2- 4 år, med den planlagde framdrifta for utbygginga av dobbelspor/veg. Kommunen har også gjennomført marknadsundersøkingar for å kartlegge den lokale etterspurnaden, og desse har dokumentert ein stor latent etterspurnad etter særleg familiebusstader, og med ein sterk preferanse for Stanghelle Vest. Undersøkingane syner at berre lokal etterspurnad dei komande 2 - 10 åra vil potensielt ta unna heile utbyggingspotensialet i dette området. Responsgraden på undersøkinga nådde over 60 % av den vaksne befolkninga målt i husstandar.

Etterspurnaden har likevel ei sterk slagside mot familiebusstader som kjedehus, rekkehus og vertikaldelte tomannsbustader. Dette prosjektet ønskjer derfor å kome i møte dei behova lokale familiar har. Samstundes er det ein strategisk målsetnad for kommunen å auke folketalet i kommunen gjennom tilflytting. Ei slik tilflytting må både svare på tilflyttarar sine ønskje om landlege kvalitetar og nærleik til sjø, fjell og lett tilgjengeleg friluftsliv, på same tid som ein legg til rette for kompakte nærmiljø med alle daglege servicetilbod i nærleiken og ein berekraftig busetnad som stimulerer til smart og klimavenleg transport.

Både den registrerte etterspurnaden og den planlagde utbygginga innanfor planområdet er over dei folketalsframskrivingane som ligg føre per i dag. Dette har sin bakgrunn i at kommunen i dag har ei mindre attraktiv og til dels slitt bygningsmasse, samt at det ventast innløyising av mange bustader i tilknytning til utbygginga av ny E 16 og dobbelspor for jernbanen gjennom kommunen. Vidare har kommunen ein langsiktig strategi om å utnytte det framtidige sterkt betra kollektivtilbodet mot dei regionale sentra Voss og Bergen til å auke attraktiviteten til Vaksdal som bu- og pendlingskommune. Med nye rutetider og høgare frekvens vil Stanghelle vere nærare Bergen sentrum i reisetid enn dei fleste område i Bergen kommune. Kommunen ønskjer derfor å legge til rette for ei vesentleg sterkare auke i nye bustader enn det dagens folketalsframskrivingar isolert gir rom for dei neste 15 – 20 åra.

Kommunen sin intensjon med utbyggingsområdet er å selje det som ein pakke til ein profesjonell utbyggar, der utbygging av felta skal skje i frå aust, og trinnvis utbygging skal avtalast i utbyggingsavtale. Dette gir kommunen høve til å påverke tilhøve med utbygginga som heilskapleg bumiljø, arkitektur, energiløysingar, og kvalitetar på uteområdet, utan at ein trenger å detaljregulere desse tilhøva i reguleringsplanen. Ei slik juridisk bindande regulering når det gjeld arkitektonisk uttrykk, materialval, fargar og liknande vil neppe gi naudsynt fleksibilitet eller stimulere til kreativitet i prosessen, og under erkjenninga om at mange ulike løysingar vil kunne vere optimale har kommunen derfor vald å unngå å legge for mange juridisk bindande pålegg i reguleringsplanen. For at kommunen skal kunne sikre forsvarleg gjennomføring av byggje- og anleggstiltak i planområdet, skal det for alle utbyggingsfelt sendast inn ein detaljert situasjonsplan, inkludert ei skriftleg utgreiing og illustrasjonar, saman med søknad om byggjeløyve eller rammeløyve, jf. føresegnene. Planen skal visa plassering av bygg, byggjehøgder, parkering, avfallshandtering, og leike- og uteopp-haldsareal. Situasjonsplanen skal mellom anna syne samansetninga av bustadmassen med omsyn til fordeling mellom rekkehus og låg- og høgbløkker, parkerings- og renovasjonsløysingar og plassering og utforming av felles uteopp-haldsareal. Kommunen ønskjer at potensielle utbyggarar skal konkurrere om å utvikle den beste løysinga for utviklinga av området innanfor dei rammene som ligg i reguleringsplanen. Utbyggingsavtale kan nyttast for å innfri rekkefølgekrav om å opparbeide, eller sikre opparbeiding, av teknisk infrastruktur, offentleg veg, og andre offentlege område i planområdet.

WSP Norge AS har vore engasjert av Vaksdal kommune til å gjera vurderingar kring utbygging av området. På bakgrunn av desse vurderingane vert det foreslått ei utbygging med 150 – 200 bueiningar. For å få realisert dette blei det aktuelt å gjera ei omregulering av tidlegare reguleringsplan. Som grunnlag for reguleringsplanarbeidet er det utarbeidd eit forprosjekt med plan for veg, vatn og avlaup. Det er òg gjort ei rasvurdering av området, som medfører at det i planen er lagt inn omsynssoner med særskilte føresegner som regulerer bygging og rassikring. Endra vegføring medfører òg endringar i gjeldande reguleringsplan.

Føresegnene er tilpassa ny lovgiving, mellom anna med eigne føresegner for omsynssoner for ras og skred. I praksis er føresegnene heilt omarbeida. Føresegnene er òg reviderte i høve til krav til høgde på støttemurar, parkering, rekkefølgekav, berekning av byggehøgde med meir.

2. OVERORDNA RETNINGSLINJER OG PLANSTATUS

2.1 Nasjonale føringar

Kommunen si planlegging må henga saman med dei lovene, forskriftene, føresegnene og retningslinjene som gjeld for kommunal planlegging og verksemd. Ein føreset at desse er ivaretekne under planprosessen, og av dei mest sentrale kan desse nemnast:

- Meld. St. 33 (2012 – 2013) Klimatilpasning i Norge
- Meld. St. 14 (2015 – 2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold
- Meld. St. 35 (2012–2013) Framtid med fotfeste - Kulturminnepolitikken
- St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
- Meld. St. 18 (2015–2016) Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet
- St.meld. nr. 29 (1996-1997) Regional planlegging og arealpolitikk
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, kgl. res. 12.6.15
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, kgl.res. 26.9.14
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, kgl. res. 25.3.11
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, kronprinsreg.res 4.9.09
- NVEs retningslinjer nr. 2/2011, Flaum og skredfare i arealplanar, revidert 22.05.14.
- Rundskriv, T-2/08- Miljøverndepartementet, Om barn og planlegging.
- Handlingsplan Norge universelt utformet 2025

2.2 Regionale føringar

- Regional plan for attraktive senter - senterstruktur, tenester og handel
- Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle
- Regional kulturplan 2015 - 2025 - Premiss: kultur
- Regional transportplan 2013-2024
- Regional næringsplan
- Regional plan for klima og energi
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021

- Fylkesdelplan for små vasskraftverk
- Regional plan for Sunnhordland - sjø, strandsoneareal og transport (2013)
- Rammeplan 2013 - 2016 avkøyrsløse og byggegrense
- Regional transportplan - revidert handlingsprogram for 2015 - 2017
- Handlingsplan for trafikkisikring for Hordaland 2014-2017
- Regional planstrategi for Hordaland 2012-2016

2.3 Kommunale føringar

2.3.1 Andre kommunale planar

- Kommuneplan for Vaksdal kommune 2006-2016, med Strategidel 2005-2015 (er under rullering)
- Plan for kulturminne 2015-2018
- Trafikktryggleiksplan 2016-2019
- Klima- og energiplan, Vaksdal kommune 2011-2015
- Kommunal planstrategi Vaksdal kommune 2012 (ny vert utarbeidd hausten 2016)
- Kulturplan for Vaksdal kommune 2016-2026
- Kommunedelplan helse- og omsorg 2015-2025
- Kommunedelplan Oppvekst mot 2020

2.3.2 Kommuneplanen sin arealdel


I arealdelen til kommuneplanen er arealet vist som framtidig bustadområde og friområde, med fornminne og område med bandlegging etter lov om naturvern. Området har krav om reguleringsplan. Sjå utsnitt av kommuneplanen under.



Figur 1 Utsnitt av Vaksdal kommune sin arealdel i kommuneplanen.

2.4 Gjeldande reguleringsplanar

For planområdet gjeld eksisterande reguleringsplan Stanghelle og Tettaneset (PlanID 2010002). Sjå figur 2. I aust grensar planen til tre eldre reguleringsplanar; Reguleringsendring for del av Stanghelle vest B2 (PlanID 1992004), Stanghelle vest. Første byggjesteget (PlanID 1980002) og Stanghelle vest og del av aust. Del av eldre plan som framleis gjeld (PlanID 1977001).




Figur 2 Eksisterande reguleringsplan.

3. OMTALE AV PLANOMRÅDET

3.1 Geografisk plassering

Planområdet ligg like nord for Stanghelle, som ligg sentralt i Vaksdal kommune og er knytt til E16. Det er òg kort avstand til kommunesenteret på Dale. Planområdet vest for Dalevågen ligg i ei sørvesthelling frå Åsen ned mot Veafjorden. Eksisterande bustadområde på Stanghelle vest, langs Dalevågen, har vorte utbygd over ein periode frå slutten av 70-talet og fram til i dag.



Figur 3 Geografisk plassering av planområdet.

3.2 Historikk

Dei fleste gardane langs fjordane i Vaksdalområdet vart folkesette i jernalder og bronsealder, og dei fleste gardane i noverande Vaksdal kommune var truleg busette frå slutten av bronsealderen og i løpet av vikingtida (700 - 1000-talet). Det ligg eit automatisk freda gravfeltet ute på Tettaneset som vitnar om dette. I 2007 vart det føretatt arkeologisk registrering på Tettaneset av Hordaland Fylkeskommune, der det vart teke C14-prøvar som viser at området har vore i bruk i yngre romartid og folkevandringstid. Rapporten poengterer at prøvane ikkje direkte daterer gravrøysene, så området kan ha ein bruk som strekkjer seg ut over desse periodane. Det vart òg føretatt prøvestikk, som synte at det ikkje har vore gardsbusetnad på neset. Rapporten oppgir at det derfor er meir sannsynleg at Tettaneset har vore nytta til utmarksbeite og fôrsanking. Stadnamnet Stølsvikjæ er kanskje vitnemål om dette.

Området har i lang tid vore nytta til friluftsliv, i tillegg til at det ligg 20 hytter og eit mindre skur i



Figur 4 Figur 4 Badeliv i Agnavikjæ i 1939. Foto: Ivar Hesjedal. Kjelde: Fylkesarkivet.

området.

3.3 Eksisterande bygningar

I planområdet er det 20 hytter som er i varierende stand og i bruk. Hyttene er berre tilgjengelege til fots eller i frå sjø. Biloppstilling på parkeringsareal ved Agnavikjæ. I tillegg ligg det eit mindre skur i området. Planområdet ligg like vest for eksisterande bustadfelt, med nærleik til private- og offentlege servicetilbod og knutepunkt for offentlig kommunikasjon.

3.4 Eksisterande veg- og trafikkhøve

Det er per i dag ikkje opparbeida veg i planområdet, utanom vegen på neset og biloppstillingsplassen der. Planområdet får vegutløyning ved brua over Dalevågen.

Tog er eit viktig transportmiddel for dagpendling til Bergen og Voss, og det er togstasjon på Stanghelle. Frå planområdet er det 1-2 km avstand til jernbanestasjonen. Det er planar om å flytte jernbanestasjonen til eit noko meir sentralt område i nærleiken av brua i samband med den planlagde utbygginga av dobbelspor til Stanghelle. Ein kan da vente seg mykje høgare frekvens på togavgangar og raskare reisetid til Voss, Dale, Vaksdal, Arna og Bergen. Buss har haldeplassar langs E16, og frå planområdet er det ein avstand på 0,5-1,5 km.

3.5 Eksisterande terrenghøve, landskap, vegetasjon

Området har viktige naturkvalitetar med ein rik flora, nærleik til sjøen og utsikt utover fjordlandskapet. I fjernverknad er det særleg Tettaneset og Åsen som kjenneteiknar og markerer området. Karakteristiske landskapstrekk er dei bratte skrentane og landskapsdraga som er spesielt markert ned mot Agnavikjæ, Bjørsvikjæ og Botnavikjæ. Desse vikene med tillegg av Stølsvikjæ og Folavikjæ definerer alle tydelege avgrensa landskapsrom.

Vegetasjonen i området er dominert av glissen furuskog med mykje berg i dagen. Dette gjer òg området meir eksponert mot omgjevnadene og dermed meir sårbart for inngrep. I dei fuktige dalføra langs dei bratte skrentane er det bekkesig og frodig vegetasjon med blandingslauvskog. På eit tydeleg avgrensa område på Tettaneset veks det mosegrodd bjørkeskog og tett granskog. Her er det òg registrert eit gravfelt med ulike kulturminnestrukturar. Det er ikkje registrert solitærtrær som bør vernast.

3.6 Eksisterande grønstruktur/friområde, areal til leik

I gjeldande plan er det avsett område til turveg, anlegg for lek, anna friområde, og badeområde, i tillegg til felles lekeareal for barn og felles grøntanlegg. Det er ikkje opparbeida areal til leik etter eksisterande reguleringsplan.

Agnavikjæ er offentlig friområde og er tilrettelagt som badestrand med kai, rutsjebane og benkar. Folavikjæ ligg godt i le og blir mykje nytta som ankerplass for småbåtar. Tettaneset er eit attraktivt og nærliggjande turmål for innbyggjarane på Stanghelle. Det går eit hovudtråkk frå Agnavikjæ og ut mot Tettaneset. Her er òg stien skilta. Ein kan òg følgja stiar opp i høgda og fjellet. Stiane har varierende tilgjenge.

3.7 Eksisterande grunntilhøve, moglege ureining og skadeleg radonførekomst


Det er ingen kjende støykjelder, verken frå trafikk eller industri som vil påverka bustadområdet.

I følgje Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) si innsynsløysing Aktsomhetsområder, er det område for både utløysing og utlaup for skred innanfor planområdet. Det er ingen registrerte skredhendingar i NVE sin database over skredhendingar.

Det er blitt gjennomført rasvurderingar i området i 1982 (Noteby) og i 2015 (SWECO). Rasvurderingane er innarbeidd i forslag til reguleringsplan.

Norges geologiske undersøking (NGU) har kartlagt berggrunnen i området som diorittisk til granittisk gneis, migmatitt. Det er lite lausmassar i området.

I miljøstatus.no er radonaktsemda i planområdet vist som moderat til låg.



Figur 5 NVE sitt kart Aktsomhetsområder. Området med tjukk raud strek er utløysingsområde, medan område med tynn strek er utlaupsområde. Heile området er innanfor aktsemdsområde for snø og steinsprang.

3.8 Eksisterande miljøpåverknad

Planområdet er per i dag hovudsakleg bygd, med unntak av om lag 20 hytter og eit mindre skur. Det er ikkje dyrka mark i planområdet. Per august 2016 er det i Miljødirektoratet si kartteneste Naturbase ikkje registrert nokon utvalde naturtypar eller nokre prioriterte artar etter naturmangfaldlova innanfor området. Det er heller ikkje registrert naturtypar eller artar som er vurderte i Norsk rødliste for naturtyper (2011) eller -arter (2015). Det er ingen registreringar i Artsdatabanken

sitt Artskart i planområdet. Det er heller ikkje registrert naturtypelokalitetar kartlagde etter Miljødirektoratet si Handbok 13, eller artar av nasjonal forvaltningsinteresse i området.

3.9 Eksisterande verneinteresser

Per august 2016 er det registrert ein kulturminnelokalitet i planområdet i Riksantikvaren si teneste Askeladden. Det ligg eit gravfelt (ID 35553), som består av i alt 14 strukturar, der ni har karakter av gravrøyser. Fem stader er det i følgje Askeladden påvist låge vollar ved grunne groper der det er tydelig kollag i vollen, og i eitt tilfelle òg i gropa. Gravfeltet er automatisk freda og dei ulike elementa er datert til jernalder, romartida og folkevandringstida. Det ligg òg ein kulturminnelokalitet like utanfor planområdet, eit automatisk freda skipsvrak i Follavika (ID 150910). Det er eit jektevrak, som er datert til 1890-talet.

Det ligg ingen SEFRAK-registrerte bygningar i planområdet.



Figur 6 Automatisk freda kulturminne i planområdet. Kjelde: Askeladden.

4. EIGEDOMSTILHØVE

Vaksdal kommune er den største grunneigaren i planområdet. I tillegg inngår 23 fritidseigedomar i planområdet, der ein av dei ikkje er utbygd og ein annan har berre eit mindre skur. Kommunen eig òg fire av desse eigedomane.

5. PLANPROSESS

Innhaldet i denne områdeplanen vart først fremja som ei reguleringsendring. Formannskapet i Vaksdal kommune vedtok i møte 14.03.2016 oppstart av reguleringsplanarbeid (planendring med ny plangrense) for Stanghelle vest "Tettaneset". Oppstart av planarbeidet blei kunngjort den 17.03.2016, med frist for merknader den 30.04.2016. Innan høyringsfristen kom det inn åtte merknadar. Formannskapet vedtok i møte 02.05.2016 utsending av forslag til reguleringsplan til høyring, med høyringsfrist 24.06.2016. Innan høyringsfristen kom det inn sju merknader. I samband med høyringa vart det lagt opp til medverknad ved ein open kontordag i Heradshuset på Dale, 09.06.2016.

Ved inkurie fekk ikkje Hordaland fylkeskommune planframlegget til høyring, og det vart avhalde møte med Fylkesmannen i Hordaland om reguleringsendringa den 24.06.2016. Etter råd i frå Fylkesmannen ønsker kommunen no å fremje endringane som ein områdeplan, der innhaldet i all hovudsak lik dei endringane som vart sendt på høyring som ei reguleringsendring. Nokre endringar er likevel gjort på bakgrunn av tilbakemeldingar frå mellom anna Fylkesmannen i Hordaland.

Ettersom det ikkje er gjort vesentlege endringar i innhald, intensjon eller plangrense, og konsekvensane av planen i hovudsak er dei same som i forslag til reguleringsendring, vart ikkje oppstart av områdeplanen varsla på nytt.

Med bakgrunn i ovannemnte, har kommunen òg vurdert omfanget av verknadane av planen slik at det ikkje er naudsynt med ei konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiingar for planer etter plan- og bygningsloven.

6. INNKOMNE MERKNADER

Etter at frist for merknadar til ny 1. gangs høyring var ute 25.11.2016, låg det føre i alt åtte merknader. I tillegg følgjer dei åtte merknadene frå varsel om oppstart, samt dei sju innkomne merknadane til offentlig høyring av reguleringsplanendringa, og innspel i frå Fylkesmannen i Hordaland etter avhalde møte i juni 2016. Alle desse merknadane er summerte i tabellen nedanfor.

Merknadar frå varsel om oppstart			
Nr.	Merknad frå	Innhald	Utfall i planforslaget
1	<i>Statens vegvesen</i> (29.03.2016)	Statens vegvesen har ikkje fått tilsendt nok informasjon om planarbeidet eller omfanget av det (planprogram, planskildring) til å koma med merknadar og kommentarar i denne omgang, men ber om å få tilsendt ytterlegare informasjon/dokumentasjon i det vidare arbeidet med reguleringa.	Ok.

2	<i>Fiskeri- direktoratet (01.04.2016)</i>	I Fiskeridirektoratet si kartdatabase er det registrert låssettingsplassar i Follavika og Hellestraumen. Vi har ikkje nyare data om bruk av desse låssettingsplassane, og i dag vert sjøområda trulig berre sporadisk nytta i samband med låssetting av fisk. Vi ser ikkje at regulering vil medføre vesentlig konflikt-potensial med utøving av fiske eller akvakul-turverksemd. Vi har såleis ingen vidare merknader til oppstartsmeldinga utover at forslag til reguleringsplan sendast på høyring til Fiskeridirektoratet region vest.	Ok.
3	<i>Noregs vass- drags- og energi- direktorat (20.04.2016)</i>	Store deler av planområdet ligg innanfor akt-semdområde for steinsprang, snøskred, jord-og flaumskred, jf. NVE Atlas. Det betyr i første omgang at det må gjerast ei nærare vurdering av skredfaren. Ev. fareområde må innarbeidast i planen, dvs. syne som omsynssone og ha tilhøyrande føre-segner som sikrar akseptabel tryggleik før ut-bygging kan finne stad.	Det er utført rasvurderingar i samband med reguleringsplan-arbeidet. Sjå elles kommentarar til merknad nr. 10 under.
4	<i>BKK (21.04.2016)</i>	BKK sender mellom anna kart over elektriske anlegg i planområdet, og generelle innspel til reguleringsplanarbeider – for mellom anna byggegrenser i tilknytning til elektriske anlegg og behov for areal og tilkomst tilknytt el-forsyning.	Ok.
5	<i>Fylkesmannen i Hordaland (26.04.2016)</i>	Det går ikkje tydeleg fram av oppstartsmeld-inga kva som er føremålet med planarbeidet, kor stort planområdet er, eller om kommunen har vurdert om planarbeidet utløyser krav om planprogram eller konsekvensutgreiing. For å sikre friluftsliv-, natur- og landskaps-verdiar er det viktig at planområdet legg vekt på å oppretthalde dei gjennomgåande grønt-strukturdraga. Kommunen skal organisera planprosessen slik at ulike grupper av barn og unge får høve til å delta, slik at synspunkt som gjeld barn kjem fram og vert ein del av prosessen. Planlegginga skal vere helsefremjande gjenn-om å fremje faktorar som styrkjer helsa og livskvaliteten, og som bidreg til å verne mot negative faktorar.	Påfølgande offentlig ettersyn av planen gjev opp denne infor-masjonen. Dette er det teke omsyn til i planen, sjå kap. 7.11. Ingen større endringar i høve til vedtatt plan. Eit område som nyttast til gapahuk og utferds-område for barnehagen vil omdisponerast til nærmiljø-anlegg, men Tettaneset får auka tilgjenge og vil fungere som erstatningsareal. Barnerepres-stanten vil elles få planframlegget til uttale og ha høve til å kome med merknader Dette er det teke omsyn til i planen, sjå kap. 7.20.

		<p>Vi minner vidare om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.</p> <p>I følgje pbl. § 1-8 skal det i 100-metersbeltet langs sjø takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Vi vil tilrå at planen ikkje opnar for privatiserande tiltak som gjerder eller stengsler i strandsona.</p> <p>Kommunane skal fremja samfunnstryggleik i si planlegging. Pbl. § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan.</p>	<p>Dette er det teke omsyn til i planen, sjå kap. 7.14 og kap. 8.</p> <p>Dette er det teke omsyn til i planen, sjå kap. 7.15.</p> <p>Det er utarbeida ROS-analyse for planen, sjå kap. 9.</p>
6	<i>Karsten Skjeve (25.04.2016)</i>	<p>Dersom, og når, det ev. blir bygd ut småbåthavn i Bjørnsvika, er jo Vaksdal kommune klar over at vi er flere hyttenaboer som har nedfelt på våre skjøter at vi har båtfeste rett og båt opptrekk i Bjørnsvika. Så dette er noe kommunen må forholde seg til, og det må taes hensyn til hvordan man skal løse dette. Dette gjelder for eiendommene: gnr. b.nr 20/207-20/55-20/56-20/40-20/194-20/78-20/39-20/82-20/306.</p>	<p>Det er i gjeldande reguleringsplan regulert område til felles småbåthamn, og områdeplanen endrar derfor ikkje planformål her, anna enn ei lita utviding av småbåthamna. Eventuell innløyising av båtfesterettar og naturalytingar i form av båtplassar som heil eller delvis kompensasjon må avtalast etter planen er vedteken.</p>
7	<i>Inge Hjertaas (25.04.2016)</i>	<p>Sidan hytta (gnr./bnr.20/38) vart bygd, ca. 1935, har familien disponert båtfeste på sørsida av tomta, i dagens badeområde. I følgje reguleringsplanen skal båtfesta i friområdet løysast ved «minneleg ordning/ekspropriasjon». I brevet mitt 31.10.2010 kravde eg nytt båtfeste til erstatning, og foreslo ny plassering på nordsida av neset. Dette har ikkje Vaksdal kommune respondert på. Eit alternativ kan vera å bli tildelt båtplass i ny småbåthamn som kan koma i Bjørsvikje. Eg har i tillegg tinglyst naustrett mot Bjørsvikje, denne er aldri blitt benytta, og med vedtatt reguleringsplan fell jo naustretten bort.</p>	<p>Områdeplanen endrar ikkje gjeldande reguleringsplan sine føringar for dette. Eventuell innløyising av båtfesterettar eller naustrettar og naturalytingar i form av båtplassar som heil eller delvis kompensasjon må avtalast etter planen er vedteken.</p>
8	<i>Helene Børing Gaarden (27.04.2016)</i>	<p>Ifølge plangrensen på den nye reguleringsplanen er tomten vår (gnr./bnr. 20/61) kuttet, er dette intensjonen, i så fall hvilken kompensasjon er tenkt? Hvis tomten blir kuttet er dette verst tenkelig utfall for oss, og vi syns at i planleggingsfasen bør dette unngås. Hvor har dere da tenkt at plangrensen skal gå når den ikke skal gå innenfor vår tomtegrense? Hvordan er det tenkt at parkering for oss skal skje innenfor den nye plangrensen? Hvordan er det tenkt at adkomsten til fritidsboligen skal foregå, både med adkomst av bil og direkte gangadkomst til selve tomten?</p>	<p>Plangrensa i områdeplanen følger i all hovudsak plangrense i gjeldande reguleringsplan, og endrar så leis ikkje forholdet på denne tomta. Planframlegget vidarefører dagens regulerte løysning med ny vegtilkomst og parkering innanfor SPP 2.</p>

9	BIR (02.05.2016)	I føresegner til planen vert handtering av avfall omtala. Punktet bør justerast for krav om utarbeiding av ein renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP). Planen skal utarbeidast i.s.m renovasjonsteknisk vegleiar (RTV) og vere godkjent av BIR før kommunal handsaming/innsending av søknad om tiltak (rammesøknad.) Handtering av avfall skal gå fram av detaljplan/plan-skiildring (utomhusplan/illustrasjonsplan), og det vert stilt rekkefølgekrav om ferdigstilling av avfallsanlegg før midlertidig bruksløyve/-ferdigattest. Returpunkt for glas/metallemballasje og innsamling av farleg avfall/grovavfall skal være del av RTP. Handtering av avfall skal vere del av eventuell avtale om utbygging.	Renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP) etter den renovasjonstekniske rettleiaren (RTV) er utarbeidd og godkjent av BIR. Føresegnene stiller dessutan krav om at det saman med søknad om byggjeløyve eller rammeløyve sendast inn ein detaljert situasjonsplan for feltet, som m.a. vise avfallshandtering.
Merknader frå offentleg høyring av reguleringsplanendring (detaljreguleringsplan)			
9	Statens vegvesen (12.05.2016)	<p>Det bør leggjast til rette for gode løysingar for mjuke trafikantar. Gangsystem skal vere universelt utforma. Det må sikrast at born får trygg skuleveg. I planen er det lagt inn fortog til hovudvegen gjennom feltet. Det bør også vurderast om det burde vera fortog til dei andre vegane med høg utnytting av bustad-einingar (det er framtidsretta).</p> <p>Vi kan ikkje sjå at det er lagt opp til mogeleg kollektivtransport i reguleringsplanen – det bør leggjast til rette for kollektivtransport.</p> <p>Vi kan ikkje sjå at det føreligg tilstrekkeleg med parkeringsplassar i framlegget til reguleringsplanen. Det må avklarast parkeringsløysingar der det er planlagt naustområde, småbåthamner eller andre utfartsområde i nærleiken av veg. Parkering i og langs offentleg veg kan føre til uoversiktlege og trafikkfarlege situasjonar, og er derfor ikkje ei løysing som Statens vegvesen kan akseptere.</p>	<p>Det er i planen lagt inn fortau av omsyn til mjuke trafikantar og sikring av trygg skuleveg. Fortauet er i all hovudsak universelt utforma, men det er vanskelig å oppnå universell utforming på heile strekninga, då stigninga følgjer veganlegget.</p> <p>Det er ikkje lagt til rette for kollektivtransport då planområdet ligg nær (500 – 1500 m) kollektivknutepunkt i Stanghelle. Planen vil ikkje ha verknad for kollektivtilbodet i den grad den gjev grunnlag for utvida tilbod.</p> <p>Som i gjeldande reguleringsplan er det avsett areal til 3 offentlege parkeringsplassar, som skal dekkje behovet for parkering til friområda og friluftsområda. Det er sett av eit eige fellesområde til parkering som òg kan nyttast av bebuarane i planområdet ved køyring til den felles småbåthamna. Det er ikkje avsett område til naust i planen.</p>
10	Noregs vassdrags- og energidirektorat (09.06.2016)	<p>Dei kartlagde faresonene er teke inn i plankartet som «Bestemmelsesområde». Dette meiner NVE er feil måte å markere skredfare på i planen. Fareområde skal alltid markerast i plankartet med omsynssone på reguleringsplannivå. Skredfare skal kodast H310 Ras- og skredfare. Områda lengst nord i planområdet, frå Stølavika og mot nordaust, er aktsemdområde for fleire typar skred. Areal som fell innanfor aktsemdområde må syne i planen som omsynssone H310 Ras- og skredfare.</p>	<p>Dei kartlagde fareområda er no tekne inn i plankartet som omsynssone H310 Ras og skredfare. Det er òg området nord i planen, som er aktsemdområde for fleire typar skred.</p>

		Til omsynssonene H310 Ras- og skredfare må det gjevast føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot skred, jf. Byggteknisk forskrift (TEK10) før utbygging kan finne stad.	Føresegnene sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot skred, jf. TEK10, før utbygging kan skje i omsynssonene H310 Ras- og skredfare.
11	<i>Fylkesmannen i Hordaland (27.06.2016)</i>	Fylkesmannen konkluderte i møte 24.06.2016 at planframlegget må leggast ut på ny offentlig høyring. Ei kortfatta grunngjeving for kravet vårt om ny høyring: <ul style="list-style-type: none"> - Manglande planskildring med omtale av verknadar av planen - Tilrår at planendringa vert gjort som områderegulering 	Planframlegget er lagt ut på ny offentlig høyring, som ein områdeplan. Det er utarbeida planskildring med vurderingar av verknadar av planen.
12	<i>Nils Rong, Johan Kvåle, Arve Sunde, Are Hirth og Karsten Skjerve (28.06.2016)</i>	I forbindelse med infomøte 9/6 2016, viste plantegning om en hustomt mellom g.nr-b.nr. 20/55-20/78-20/56. Dette vil være svært ødeleggende for nevnte hytter, så denne tomten protesterer vi på at blir utbygd. Det ble også antydnet at vi hytteeiere kanskje måtte dekke utgifter av veibygging. Dette er uaktuelt, da vi er fornøyd med den tilkomst til hyttene vi har i dag, med både parkering og renovasjon tilkomst.	Omtala areal er i gjeldande reguleringsplan regulert til frittliggjande småhus, og områdeplanen endrar derfor ikkje planformål her. Viser til pbl. Kap. 18 om refusjon av utgifter til veg og VA, der det er sett fast at så lenge det omhandlar eit tiltak med opparbeidingsplikt etter §18-1, og gjennomføringa av tiltaket medfører ei verdiauke på eigedomen, vil tiltakshavar kunne krevje refundert forholdsmessige kostnader i høve til den verdiauken tiltaket utløyser for eigedomen.
13	<i>Anne Berit Hirth (30.06.2016)</i>	Vi har registrert at hytta (gnr./bnr. 20/207) vår er omregulert til hus, og at det vil bli tett bebyggelse rundt oss. Vi vil på det sterkaste sei fra om at dette vil vere til stor ulempe for oss, og at hytta vil bli null verdt når vi ein gong bestemmer oss for å selge. Det blir ein betydeleg verdiforringelse. Vi lurar på korleis Vaksdal Kommune har tenkt å kompensere for dette.	Gnr./bnr. 20/207 er i gjeldande reguleringsplan regulert til frittliggjande småhus, og områdeplanen endrar derfor ikkje planformål for denne eigedomen. Krav om at kommunen løyser inn eigedomar, må settast fram i samsvar med reglane i plan- og bygningslova.
14	<i>Nils Rong (30.06.2016)</i>	Me har registrert at Vaksdal kommune kan omregulera hytta vår (gnr./bnr. 20/55) til hus, noko me slett ikkje har interesse av. At hytteområdet kan verta bustadområde, vil gje verditap for oss. Kva vil Vaksdal Kommune gjera for å kompensera for det?	Gnr./bnr. 20/55 er i gjeldande reguleringsplan regulert til frittliggjande småhus, og områdeplanen endrar derfor ikkje planformål for denne eigedomen. Krav om at kommunen løyser inn eigedomar, må settast fram i samsvar med reglane i plan- og bygningslova
15	<i>BIR (19.07.2016)</i>	Omtalen av områda av sett til renovasjon samsvarer ikkje, då det er vist til både BAV og BUT_1 for avfall.	I det reviderte planframlegget har ein lagt til rette for snuhamrar i fleire av områda i planen, slik at tilkomst for renovasjonsbil forenklast. Vidare er etablert 3 område for renovasjon der snuplass ikkje løyasast gjennom områdeplanen,

		Føresegnene manglar punkt om krav til utarbeiding av ein renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP). Returpunkt for glas/metallemballasje og innsamling av farleg avfall/grovavfall skal være del av RTP. Handtering av avfall skal gå fram av detaljplan/planskildring (utomhusplan/illustrasjonsplan), og det vert i føresegnene stilt rekkefølgekrav om ferdigstilling av anlegg for avfall før midlertidig bruksløyve/ferdigattest. RTP skal utarbeidast av tiltakshavar i.s.m renovasjonsteknisk vegleiar (RTV) og vere godkjent av BIR før innlending av søknad om tiltak (rammesøknad). Handtering av avfall skal være del av ev. avtale om utbygging.	BRE1, BRE2 og BRE3. Renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP) etter den renovasjonstekniske rettleiaren (RTV) er utarbeidd og godkjent av BIR. Føresegnene stiller dessutan krav om at det saman med søknad om byggjeløyve eller rammeløyve sendast inn ein detaljert situasjonsplan for feltet, som m.a. vise avfallshandtering.
--	--	---	---

MERKNADER TIL FORSLAG TIL OMRÅDEREGULERING

16	Fylkesmannen i Hordaland (24.11.2016)	<p>Fylkesmannen har fem merknader til planen:</p> <p><u>Plantype og regulering</u> Planforslaget kan være i strid med pbl. § 12-1, om når kommunene skal krevje reguleringsplan, så lenge det er heilt opent om det vil komme småhusstander eller blokker. Fylkesmannen rår difor til at reguleringsføresegn § 1.1.1 andre ledd skrivast om eller takast ut.</p> <p><u>Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging</u> Fylkesmannen er positiv til auke av folketallet, men legg til grunn at det er på Stanghelle at hovedtyngda av folketallet skal skje.</p> <p><u>Landskap</u> Etter vårt syn burde det vert stilt krav om rekkefølge for utbygginga frå aust.</p> <p><u>Strandsone</u> Det stilles spørsmål ved hvorfor det er regulert byggegrense på de sjø nære eigedomane gnr. 20 bnr. 38 og 75 all den tid det er regulert til friluftsfornål. Videre forutsettes det at forbodet mot å sprengje ut fjell i føremålet for småbåthamn også gjelder for naudsynt tilkomst, vedlikehold og landfeste av småbåthamna.</p> <p><u>Barn og unge</u> Det er merknader til at en har tillat for mange bustadeiningar før leikeområdet BLK 1 og nærmiljøanlegg BNA skal opparbeides.</p> <p><u>Risiko og sårbarhet</u> Fylkesmannen vil presisere at grunn berre kan</p>	<p>§ 1.1.1 i føresegna er omformulert, der det no er krav om at det skal sendast inn ein detaljert situasjonsplan, inkludert skriftleg utgreiing og illustrasjonar saman med søknad om byggjeløyve eller rammeløyve.</p> <p>Ok.</p> <p>I § 1.2.1 er det stilt krav om at felta skal byggas ut frå aust, og trinnvis utbygging skal avtalast i utbyggingsavtalen.</p> <p>Byggegrensa for nemnte eigedomar er tatt ut av plankartet.</p> <p>Ok.</p> <p>Dette vil bli regulert av utbyggingsavtalan. Talet bustader er i føresegnene justert ned i frå 50 til 30.</p> <p>Ok.</p>
----	--	---	---

		byggjast ut, og ny eigedom opprettast, dersom det er tilstrekkeleg sikra imot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold, jf. pbl. § 28-1. dersom	
17	<i>Hordaland fylkeskommune (14.10.2016)</i>	<p>Fylkeskommunen har merknader til planforslaget kva gjeld planfaglige tilhøve, areal- og transport, born og unge, friluftsliv, klima og energi, kulturminne og kulturmiljø, landskap og arkitektur og naturmangfold. Dei ber om at det blir tatt omsyn til i den vidare prosessen.</p> <p>Dei vil særleg rå til at det i planføresegna vert satt krav til detaljreguleringsplan for delområda i områdeplanen, for å sikre viktige kvaliteter og heilskap i utbygginga, Videre oppmoder dei til stille rekkefølgjekrav for utbygginga av dei einskilde delområda.</p> <p>Dei ber om at det blir vurdert om at det skal føreligge ein godkjent rammeplan for overvasshandtering før rammesøknad kan godkjennast.</p>	<p>Av merknadene har vi tatt spesielt omsyn til merknadane ved å:</p> <p>Auke vegbreidda på Veg5 , for å sikre tryggleika til gåande og syklande. Breidda er no 5,3, med ei køyrebreidd på 3,5.</p> <p>I § 1.1.1 er det stilt detaljerte krav til situasjonsplan for alle utbyggingsfelt. Vidare er det i § 1.2.2 stilt krav om at felt skal byggast ut i frå aust, og trinnvis utbygging skal avtalast i utbyggingsavtalen.</p> <p>Det skal liggja føre godkjent VA-rammeplan før rammesøknad kan godkjennast. Rammeplanen skal òg omfatte heilskaplege løysingar for overvasshandtering, der planen skal dimensjonere og vise overvasshandtering og flomvegar, jf. føresegna § 1.7. Nedbør skal hovudsakleg ha avløp ved infiltrasjon i grunnen og i opne vassvegar, etter prinsipp om lokal overvasshandtering.</p>
18	<i>BIR (23.11.2016)</i>	BIR stiller krav om at det skal utarbeidast ein renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP). Planen skal som del av plansaka godkjennast av BIR.	Det er utarbeidd ein RTP for området. Planen blei godkjent av BIR 18.01.17
19	<i>Statens vegvesen (14.11.2016)</i>	<p>Statens vegvesen anbefalar å legge til rette for fortau langs tilkomstvegane. Eit godt kollektivtilbud vil også betre disse tilhøva.</p> <p>Med omsyn til drift- og vedlikehald anbefalar dei ein større byggeavstand frå veg enn 1 m for garsje, uthus m.m.</p> <p>Det bør også vurderast fleire vendehamrar og utbetre krysset ved bruvegen på nytt.</p>	<p>Vegbreidda på Veg5 skal være 5,3 m, der køyrebreidda er 3,5 m, for å betre sikkerheita for mjuke trafikkantar, jf. § 3.2.1.</p> <p>Avstanden er auka til 1,5 m frå veg for Veg1, jf. § 2.6.2.</p> <p>Utforming av vendehamrar er valt i samråd med BIR. Krysset i Bruvegen vert oppretthaldt som vist i planen. Dette fordi det er vanskeleg å sjå at ei endra løysing vil gi ein openbar forbetring av krysset. Kvar av avkøyrslane i dette krysset er knytt til berre ein eigedom, og lokal</p>

			topografi gjer at det ikkje er mogleg å samle avkøyrslane.
20	<i>Karsten Skjerve / Inge Hjertaas (23.11.2016)</i>	<p>I gjeldande reguleringsplan, vedteken i kommunestyret 13.09.2010, fremgår det av føresegner datert 18.08.2010: Fe1 er felles for B3 og skal nyttast til møteplass med areal for postkassestativ og avfallshandtering. I området skal det også lagast parkeringsplass for gnr 20, bnr. 38, 57/81 og 306. Utforming av området skal leggja vekt på at arealet er eksponert sett fra fjorden.</p> <p>I områdereguleringsplanen kan eg ikkje finna område avsett til parkeringsplass for eigedomen min og dei to naboene. Eg finn heller inga grunngeving for denne endringa, eg går ut frå at det er ein «glipp», og eg ber derfor at tilsvarende parkeringsareal som i gjeldande plan vert lagt inn i den nye planen.</p> <p>Dessuten opprettheld eg min merknad frå første høyringsrunden vedr. båt plasser etc.</p>	<p>I planforslaget er dette området avsett til friluftformål. Kommunen vurderer det slik at eige areal for parkering til hytteeigedomar ikkje kan foreinast med kommunens ønske om kraftigare fortetting i området. Hytteeigarar må derfor for framtida nytte andre offentlege parkeringsplassar, på same måte som i dag. Dagens parkeringsplassar heilt sør i planområdet vil framleis kunne nyttast også av hytteeigarar, og tilsvarende gjeld dette nye parkeringsplassar heilt nord i området. Behovet for parkering til hytteeigarar vil også minke, då fleire av dagens hytter får høve til å parkere på eigen grunn.</p>
21	<i>Kato Furubotn</i>	<p>I den nye reguleringen er det skrevet følgende: «Eksisterande hytter kan gjerast om til heilårsbustader når ein kan dokumentera parkering, vatn og avløp.» Ut fra plankart i områdereguleringen, vil vår eiendom bli liggende tett inn til de nye boligene på Tettanaset uten mulighet til å innfri ovennevnte krav til omregulering.</p> <p>Vi har ønske om at vår hyttetomt gnr. 20 bnr. 57 omreguleres til tomt for helårsbolig,</p>	<p>Området er avsett til frittliggjande småhus og tomten kan følgeleg nyttast til bygging av heilårsbustad.</p>

7. OMTALE AV PLANEN OG KONSEKVENSA

7.1 Planområdet

Planområdet ligg like nord for Stanghelle, som ligg sentralt i Vaksdal kommune og er knytt til E16. Eksisterande bustadområde på Stanghelle vest, langs Dalevågen, har vorte utbygd over ein periode frå slutten av 70-talet og fram til i dag. Planområdet ligg i ei sørvesthelling frå Åsen ned mot Veafjorden.

7.2 Arealføremål

Planområdet er ca. 355 daa. Arealet innanfor plangrensa er regulert til fylgjande føremål:

Bygningar og anlegg, jf. pbl. § 12-5 nr. 1:

- Bustadføremål – (1110)
- Bustader – frittliggande – småhus (1111)
- Bustader – konsentrert – småhus (1112)
- Nærmiljøanlegg (1440) (ballplass)
- Avløpsanlegg (1542)
- Renovasjonsanlegg (1550)
- Uteopphaldsareal (1600)
- Leikeplass (1610)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, jf. pbl. § 12-5, nr. 2:

- Køyreveg (2011)
- Fortau (2012)
- Gangveg/gangareal (2016)
- Anna veggrunn – grøntareal (2019)
- Parkeringsplassar (2082)

Grøntstruktur, pbl. § 12-5 nr. 3:

- Turdrag (3030)
- Friområde (3040)

Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift, , pbl. § 12-5 nr. 5:


- Friluftformål (5130)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, pbl. § 12-5 nr. 6:

- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (6001)
- Småbåthamn (6230)
- Badeområde (6770)

Omsynssoner, jf. pbl. § 12-6:

- Frisikt (140)
- Ras og skredfare (310)
- Bevaring kulturmiljø (570)
- Bandlegging etter lov om kulturminne (730)
- Omsynssone for høgspente luftledning (740)



Figur 7 Utsnitt forslag til reguleringsplan

7.3 Bygninger og anlegg

I Vaksdal kommune sin kommuneplan er det lagt vekt på at kommunen skal å vere ein attraktiv bu-kommune, og kommunen har eit ønske om utbygging av minst 120 til 150 bueiningar. Stanghelle er i kommuneplanen peika ut som eitt av satsingsområda for framtidig bustadbygging. Etter at det då-verande Miljøverndepartementet stansa den planlagde utbygginga på Helle, nord for Stanghelle, i

2008, er det planlagde bustadområdet på Tettaneset ein av få ekspansjonsmulegheiter i Vaksdal kommune. Stanghelle har størst potensiale for vekst, då det er avgrensa areal i Vaksdal kommune grunna m.a. rasfare og jordvernomsyn. Stanghelle vest har kvalitetar som er svært attraktive for bustadbygging; nærleik til friluftsområde på sjø og til fjells, gode soltilhøve og ein fantastisk utsikt. Her kan Vaksdal by fram noko av det beste dei har, og ei vidare utbygging på Stanghelle vest vil òg gjera Tettaneset, med si vakre landskapsform og lokalisering i Veafjorden, tilgjengeleg for fleire, uavhengig av alder og fysiske hinder.

WSP Norge AS har vore engasjert av Vaksdal kommune til å gjera vurderingar kring utbygging av området. Målgruppa for nybustadmarknaden vil være familiar i tidleg eller sein etableringsfase, i tillegg til eit innslag av gruppa 55+ som ønsker å kvitte seg med einebustadar til fordel for lettstelte leilegheiter med heis og garasje. Dette vurderer kommunen som positivt, då det frigjer einebustader til familiar i etableringsfasa. Dette har òg vore målgruppa for prosjektet. På bakgrunn av desse vurderingane foreslo dei ei utbygging med 127 bustadeiningar, realisert i 4 byggetrinn:

- 66 rekkehus
- 20 einebustadtomter
- 31 leilegheiter
- 10 einebustader i kjede

I denne planen har ein prøvd å optimalisere eksisterande reguleringsplan ytterlegare, under føresetnaden om at siktemålet til kommunen er å maksimere tal på nye bustader utan at det undergravar dei kvalitetane som ligg i gjeldande plan. Planen legg no opp til ei utbygging med potensial for totalt mellom 150 og 200 nye einingar og om lag 5- 600 innbyggjarar:

- Om lag 90 nye rekkehus
- 23 nye tomter for einebustader eller tomannsbustader (+ 10 på eksisterande hyttetomter)
- Om lag 50 nye leilegheiter
- Om lag 10 einebustader i kjede

Skissa under syner eit døme på framtidig utbygging i samsvar med planframlegget.



Planområdet har, som i gjeldande reguleringsplan, tre til fire byggjesoner med markerte grønne drag mellom byggjesonene. Feltavgrensinga innanfor byggjesonene er tilpassa terreng og vegframføring, samt viktige ferdselsårer i friluftsområda.

Bustadområde som i gjeldande reguleringsplan har nemning B1, 2, osv. har fått endra nemning til BFS (bustader - frittliggjande - småhus) og BKS (bustader - konsentrert - småhus), i tillegg til at det ligg to område for bustader, B1 og B2-1 og -2. Sistnemte felt legg opp til ein kombinasjon av konsentrerte småhus og blokker. For nokre av bustadfeltene er det lagt opp til ei anna utbygging enn det som var føresett i gjeldande plan, og utnyttingsgraden er endra. Ny utnyttingsgrad er vist på planen, og planføresegnene er revidert i samsvar med nye nemningar.

Reelle planendringar (endra formål) er berre gjennomført for område BKS2-3 og BKS2-4 med tilhøyrande veg, som før var vist som friluftsområde, i tillegg til tilpassing av nokre ekstra tomter for einebustader eller tomannsbustader ved BFS3 og BFS5-3. Rasvurderinga har vist at desse områda er utanfor faresona, og det vert foreslått ei utbygging med rekkehus. Sjå figur nedanfor.



Vidare er byggeområdet BKS2-3 blitt litt redusert (ca. 30m²) for å unngå rasfarleg område (omsynsområde ras og skredfare).

I tillegg er einiske område noko utvida inn i tidlegare friluftsområde for å betre tilpasse tomtearronding til eksisterande tomtegrenser.

Grad av utnytting er vist på plankartet som prosent bruksareal (%BRA) eller prosent bygd areal (%BYA). Område for frittliggjande småhus der grad av utnytting ikkje er vist i plankartet, skal ha ei utnytting på maks %BYA= 30 %. Parkeringsareal i P-anlegg og på terreng inngår i bruksarealet, med unntak av parkeringsareal som ligg heilt under terrengnivå. Vidare er maksimal byggehøgde vist i plankartet eller i føresegnene knytt til dei einiske byggeområda. Der byggehøgda varierer innanfor feltet er den vist som ulike soner med ulike byggehøgde (skilt med linesymbol for byggjegrænse) og med særskilte føresegner til dei enkelte feltene. Der maksimal høgde er oppgitt i meter, skal høgda målast frå gjennomsnittleg planert terreng.

7.3.1 Bustader – frittliggande – småhus: felt BFS_1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8 og 9

Innanfor felta kan det førast opp einebustader eller tomannsbustader. Eksisterande hytter kan gjerast om til heilårsbustader når ein kan dokumentera parkering, vatn og avløp.

Der byggjehøgde ikkje er påført plankartet kan bygg ha maksimal høgde på 7,0 m over planert terreng. Der terrenget ligg til rette for det, kan det også byggjast kjellar delvis under bakkenivå. Ved bygging med kjellar skal maksimal byggjehøgde vere 8,5 m over gjennomsnittleg planert terreng. I overetasje skal måleverdig areal vere maksimalt 50 % av hovudetasje. I overetasje skal måleverdig areal vere maksimalt 65 % av hovudetasje.

Bygg og uteområde skal formast med tanke på den eksponerte plasseringa mot fjorden. Støttemurar mot friluftsområda LF2 og LF3, i tillegg til GTD1 skal ikkje vera høgare enn 2,5 m. Søknad som omfattar høgare murar mot andre område skal dokumentarast med oppriss, perspektivteikningar og fotomontasje viss kommunen krev dette.

Byggegrenser er vist i plankartet, og er i all hovudsak 4 meter, i samsvar med plan- og bygningslova. Byggegrensa er noko tilbaketrekt der bustadtomter ligg i nærleik av sjøen, samt at byggegrensa for BSF4 er noko innskrenka for å ta vare på siktlinene mot fjorden

7.3.2 Bustader: område B1 og 2

Felt B1 kan byggjast ut med konsentrert småhusbusetnad i inntil 3 etasjar eller bustadblokker i inntil 5 etasjar.

Feltet B2 kan byggjast ut med konsentrert småhusbusetnad i inntil 3 etasjar eller lågbløkker i inntil 4 etasjar.

Bygg og uteområde skal formast med tanke på den eksponerte plasseringa mot fjorden. Ein skal leggje særskilt vekt på gode arkitektoniske løysingar og god materialbruk. Støttemurar mot friluftsområde LF2 skal generelt ikkje vera høgare enn 2,5 m, støttemurar over 2,5 meter mot LF2 skal godkjennast av kommunen. Søknad som omfattar høgare murar skal dokumentarast med oppriss, perspektivteikningar og fotomontasje viss kommunen krev dette.

Byggegrense er vist i plankartet, og er i all hovudsak 4 meter i samsvar med plan- og bygningslova. Felt B2 er svært bratt, og har noko avvikande byggegrenser for å sikre at det mest attraktive arealet blir nytta til felles uteoppfallsareal.

7.3.3 Bustader – konsentrert – frittliggande: område BKS1

Feltet skal nyttast til konsentrert småhusbusetnad i inntil to etasjar.

Bygg og uteområde skal formast med tanke på den eksponerte plasseringa mot fjorden og friområda. Støttemurar mot friområde GF1 skal ikkje vera høgare enn 2,5 m.

Byggegrense er vist i plankartet, og er 4 meter i samsvar med plan- og bygningslova.

7.3.4 Bustader – konsentrert – frittliggende: område BKS2, 3 og 4

Felta BKS2-1 og BKS2-3 kan byggjast ut med rekkehus eller kjedehus. Dei andre felta i BKS2 samt BKS3 og alle felta i BKS4 kan byggast ut med rekkehus. Meir enn 10 einingar i same feltet skal fordelast på fleire bygningskroppar. Avstand mellom rekkene skal da vere minimum 8 meter, eller 6 meter viss tilfredsstillande brannsikringstiltak gjennomførast. Alle husværa i BKS4-1 skal ha inngang mot den lågare delen av Veg1 (mot sørvest), og alle husværa i BKS3 skal ha inngang mot Veg 7.

Der byggjehøgde ikkje er påført plankartet kan bygg ha maksimal høgde på 7,0 m over planert terreng. Der terrenget ligg til rette for det, kan det også byggjast kjellar delvis under bakkenivå. Ved bygging med kjellar skal maksimal byggjehøgde vere 8,5 m over gjennomsnittleg planert terreng. I overetasje skal måleverdig areal vere maksimalt 50 % av hovudetasje.

Bygg og uteområde skal formast med tanke på den eksponerte plasseringa mot fjorden. Plassering av bygg og uteområde bør sjåast i samanheng for heile feltet, slik at området utgjer eit heile. Støttemur mot Veg1 eller LF2 skal generelt ikkje vera høgare enn 2,5 m. Støttemurar over 2,5 meter mot Veg1 eller LF2 skal godkjennast av kommunen. Søknad som omfattar høgare murar skal dokumentarast med oppriss, perspektivteikningar og fotomontasje viss kommunen krev dette.

7.3.5 Garasjar og uthus

Garasjar og uthus skal ikkje overstige 50 m², og ein per bueining. Slike bygg kan plasserast utanfor byggjegransa, men ikkje nærare enn 1 m frå veg og/eller nabogrense. Av omsyn til drift- og vedlikehald gjeld ikkje dette for Veg1, der avstanden skal være minimum 1,5 meter. Ved direkte utkøyring mot veg skal avstanden vera 5 m, med unntak for utkøyring frå carport utan sideveggar.

7.3.6 Uteopphaldsareal

Føresegnene gir at uteopphaldsareala for bustadområda skal ha følgande kvalitetar:

- Tenleg utforming og god tilgjenge frå bustaden uavhengig av alder og funksjonsevne.
- Gode soltilhøve (sol på ½ arealet i 4 timar ved jamdøger) og klimatisk skjerma.
- Ikkje brattare enn 1:3. Brattare terreng kan reknast med dersom det er eigna til leik med sklier, akkebakke eller liknande. Dette skal gå fram av situasjonsplanen i søknaden om rammeløyve eller byggeløyve.
- Skjerma mot trafikk. Der området er plassert i knytt til veg, skal det vere skjerma med gjerde eller liknande.
- Alle bustader unntatt leilegheiter i blokk skal ha minst 50 % av privat uteopphaldsareal på bakkeplan.

7.3.7 Småbåthamn - VS

Det er sett av areal til ei felles småbåthamn i planen, der det kan byggjast molo i tillegg til å etablerast landareal på fylling for aktivitetar knytt til småbåthamna og setjast ut flytebyggjer/utliggarar for småbåtar. Bølgebrytar kan anleggjast i form av molo på utfylte masser eller som flytende konstruksjon forankra på havbotnen, eventuelt som en kombinasjon av disse. Utfylling for bygging av molo skal ikkje ha fyllingsfot utover det som går fram av plankartet. Det er

ikkje høve til å nytte området til aktivitetar som kan føre med seg forureining av grunn eller sjø, og arbeid som til dømes smøring av botn av båt må gjerast på land i kontrollerte former.

Det var ei lite effektiv utforming på opphavelag område for småbåthamn, slik at tal på potensielle båtplassar ikkje var i høve til storleiken på arealet og dei inngrepa det førte med seg. Noko av årsaka til dette er at store deler av arealet er for grunt til å eigne seg for småbåthamn. I tillegg vil endringa av planen elles, i form av tilrettelegging for fleire bustader, føre med seg eit auka behov for båtplassar. Arealet er derfor auka noko, men denne beskjedne auka har i praksis mangedobla potensialet for båtplassar i området.

Tiltak på land som er naudsynt for tilkomst, vedlikehald og landfeste av anlegget er tillate, jf. føresegnene. Det er ikkje tillaten å sprengje ut fjell over vasstanden innanfor området. Flytebryggjer og bølgebrytarar er søknadspiktige tiltak. Det er òg høve til å sette opp mindre reiskapsbuer utan måleverdig areal. Slike buer skal vere i moderat størrelse og eigna berre til bruk som lager for fiskeutstyr, vedlikehaldsmateriell for båt og liknande. Materialbruk og utforming skal dokumenterast i samband med søknad om tiltak. Det må søkast om byggeløyve for å sette opp slike reiskapsbuer.

7.4 Veg- og trafikksituasjon, tilkomst/avkøyrsl

7.4.1 Trafikkmengd (ÅDT), type trafikk

Planområdet får vegutløyning som i dag, frå brua over Dalevågen i krysset med Vågslia. Fartsgrensa her er 50 km/t. Det er ingen informasjon om trafikkmengde eller type trafikk for Bruvegen eller Vågslia i Statens vegvesen sitt Vegkart. Veggen fører til bustadfelta og trafikken er hovudsakleg relatert til bustadane der, i tillegg til tømmebil for slamavskiljarar, og renovasjons- og brøytebil.

Trafikkskaping som følgje av planen gir ein ÅDT på vel 750 (tal bilar per døgn heile året). Talet baserer seg på at kvar bustad produserer 4 bilturar i døgeret. I gjeldande reguleringsplan er det gitt ein ÅDT på 480-580, og dette seier at områdeplanen vil generere ei auke i trafikk i forhold til det som ligg i gjeldande reguleringsplan.

Veggen er derfor med utgangspunkt i framtidig trafikkmengd og tal bueiningar i området definert som samleveg Sa1, for fartsgrenser opp til 50km/t og ÅDT opp til 1500 kjt/d.

7.4.2 Fortau – Gangveg/gangareal

Det er regulert eit fortau langs hovudvegen i planområdet fram til, og nedanfor, parkeringsplassen SPP4. Fortaua skal ha ei breidde på 2,5 meter langs Veg1. Universell utforming av fortauet er vanskelig å oppnå for heile strekninga, då stigninga følgjer veganlegget, der det brattaste partiet ligg på ca. 1:10. For Veg 5 skal køyrebreidda vere 3,5 m med brei skulder. Det er ikkje sett av eige areal for sykkel i planen. Framføring av sykkelveg er arealkrevjande, og då området er kupert ville dette ha ført til store terrenginngrep og ein har dermed gått vekk i frå dette. Trafikkmengda på både veg og fortau vil i alle høve vere liten, og det er soleis god kapasitet også for sykkel.

Offentleg gangveg/gangareal SGG5 frå Veg 1 til friluftsområde LF2 tillèt òg køyretilkomst til byggjeområda BFS9-1 og BFS9-2.

Offentleg gangveg/gangareal SGG6 frå Veg5 til nærmiljøanlegg BNA1 er ny i forhold til eksisterande reguleringsplan, og kan jf. føresegnene etablerast som trapp i terreng. Gangvegen er meint som ein trafiksikker snarveg, og det er ikkje mogleg å oppnå universell utforming her.

7.4.3 Veg


Planområdet får vegutløysing ved brua over Dalevågen. Eksisterande veg Neset blir opprusta frå kryss med Vågslia. Ved alle avkøyrslar i planområdet er det påført frisktsoner (140). Dette er i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

I samband med utarbeiding av reguleringsendringa blei det i 2014/2015 gjennomført eit forprosjekt med plan for veg, vatn og avlaup. Forprosjektet blei utarbeida av Plan Vest AS og Rektangel AS. Gjeldande reguleringsplan blei lagt til grunn for teknisk plan. Vegane er nummerert følgjande:

Vegnummer	Standard	Profil	Lengde
Veg 1	Sa1, hovudveg i området	0-850	850 m
Veg 1	A1, tilkomstveg	850 -1045	195m
Veg 2	A1, tilkomstveg	0-100	70 m
Veg 3	A1, tilkomstveg	0-130	130m
Veg 4	A1, tilkomstveg	0-140	140 m
Veg 5	A1, tilkomstveg	0-280	280 m
Veg 6	A1, tilkomstveg	0-140	140 m
Veg 7	A1, tilkomstveg	0-131	131m
o_GTD_1	Turveg, tilkomst til småbåthamn	0-150	150 m
o_GTD_2	Turveg	0-250	250 m

I forhold til gjeldande reguleringsplan er det gjort nokon endringar av vegane for å tilpasse dei betre til terreng, landskap og bustadtomtene. Endra vegtrase har òg medført endringar i planen. Linja hadde i utgangspunktet eit stort masseoverskot, som no er redusert og balansert. Alle vegar er stort sett innanfor normkrava når det gjeld stigning. Veg1 stettar ikkje heilt krava til stigning i Statens vegvesen si Handbok N100 på deler av strekninga, primært strekninga pr. 600 – 750, der stigninga er 10 % over en strekning på meir enn 100 m. Nokon av tilkomstvegane har òg større stigning enn anbefalinga i Handbok N100, men dette gjeld primært vegar til område som ikkje er bustadområde. Som følgje av forprosjektet er det i denne planen gjort følgjande justeringar av vegane:

Veg 1 gjennom området er prosjektert som samleveg etter vegstandard Sa1 med fortau fram til profil 850. Frå profil 850 er det planlagt som tilkomstveg A1. Resterande vegar er prosjektert etter vegstandard A1. Sjå normalprofil under.




Figur 8 Normalprofil Sa1 og A1

Veg 1 (o_SKV), som går gjennom heile feltet, har fått endra trase ved p. 250-350 og p. 570-640. Dette medfører at LF1 er blitt redusert ved p. 300 og auka ved p.600. Tilsvarende har Veg 1 blitt slått saman med opphavelag Veg 6, slik at linjeføringa heilt i nord er noko endra. Området LF2 er blitt redusert ved p.600. Friområdet BLK1 er utvida med 0.5 daa (til 2.2 daa) som følgje av vegomlegginga, BUT2 a og b er òg endra. Endringa har her ført med seg at grøntområdet oppnår ein meir fordelaktig topografi i høve til tilrettelegging for universell utforming. Som følge av endra vegtrase er òg arealet for nokre av bustadfelta endra.

Der avkøyrslar er vist med illustrerande piler i plankartet, vil eksakt plassering bli godkjend av kommunen ved handsaming av byggesaka.

Jf. føresegnene skal veg 1 ha ei køyrebreidd på 5 m og fortau på 2,5 m rekkverk mot bratt terreng med heilning meir enn 1:1,5. Terreng langs vegen skal, der det er mogeleg, arronderast slik at ein sikrar god tilkomst til eksisterande stiar, og legg til rette for nye stiar til tilstøytande friområde og friluftsområde. Vidare skal støttemurar oppførast/forblendast med naturstein, lagt i forband.

Tilkomstvegane skal jf. føresegnene ha ei køyrebreidd på 4 m, for Veg 5 skal køyrebreidda være 3,5 m med brei skulder. Støttemurar skal oppførast/forblendast med naturstein. Sjå normalprofil for Veg 5 under.



Figur 9 Normalprofil Veg 5

7.5 Trafikktryggleik og tilgjenge

Det er sett av område til nærmiljøanlegg (ballplass), leikeplass, uteopphaldsareal, turdrag og friområde i planen. Som i gjeldande reguleringsplan er dei mjuke trafikantane sikra ved at det er regulert fortau langs hovudvegen i planområdet fram til, og nedanfor, parkeringsplassen SPP4. Det er og lagt til grunn at fortauet og/eller vegane og skal nyttast som sykkelveg. Vegbreidda til Veg5 er 5,3 m, der køyrebreidda er 3,5 m, og slik vert tryggleik til mjuke trafikantar betra. Det bratte terrenget gir lite moglegheit til å utvide total vegbreidde, og størrelsen på bustadområdet fordrar ikkje eigen sykkelveg. Hovudparten av sykkeltrafikk vil sannsynlegvis vere knytt til lokaltrafikk til og frå Stanghelle sentrum, men det er ikkje umogleg at utbygginga av ny jernbanetrasé frigjer dagens trasé til bruk som sykkelveg. Dette vil i tilfelle auke potensialet også for fjerntrafikk mot Dale og Vaksdal med sykkel.

For å auke trafikktryggleik og tilgjenge i planområdet bør det vurderast fysiske tiltak som humpar eller fotgjengarfelt, t.d. mellom GTD2 og enden av fortauet ved SPP4, og ved kryssa mellom veg1 og veg2, 3 og 4. For å auke trafikktryggleik og tilgjenge inn og forbi planområdet bør det lagast eit fotgjengarfelt der fortauet møter brua over Dalevågen, då eksisterande fortau her er på austsida av vegen over brua.

Det er ikkje sett av område til busshaldeplass i planen, då det i lys av den korte avstanden til Stanghelle sentrum er sett som urealistisk at området får busdekning.

7.6 Parkering

Føresegnene til kommuneplanen sin arealdel i Vaksdal kommune inneheld ingen krav til parkering for bustadområde eller for småbåthamner. Som i gjeldande reguleringsplan er det avsett areal til 3 offentlege parkeringsplassar i planområdet. SPP1 og SPP2 skal primært dekkja parkering for ålmenta i samband med bruk av friområdet i Agnavikjæ. SPP4 ved enden av samlevegen er tilbod til dei som nyttar grøntområda på og ved Tettaneset. Dei to ytste hyttene i LF2 skal nytta offentleg parkering i SPP4, og dei to hyttene på Trollberget skal nytta offentleg parkeringsplass SPP2. Det er sett av eit eige fellesområde til parkering (SPP3) for dei to hyttene på gnr/bnr 20/47 og 20/82, som òg kan

nyttast av bebuarane i planområdet ved køyring til småbåthamna VS. I SPP1 og lengst mot sør i SPP4 skal det opparbeidast 2 plassar for rørslehemma.

For einebustader og tomannsbustader skal det etter føresegnene setjast av minst 2 parkeringsplassar per bustad. Eventuell sekundærbustad skal ha eigen parkeringsplass. For leilegheiter og rekkehus skal det setjast av minst 1,5 plassar per bustad ved parkering i fellesanlegg, i praksis 2 plassar ved individuell parkering i rekkehusbusetnad. Parkering skal skje på eigen grunn i områda med frittliggjande småhus (BFS). For bustadfelt 1 og 2, og for konsentrert småhus BKS1 kan parkering skje som felles anlegg, som individuell parkering, eller som ein kombinasjon. I områda BKS2, 3 og 4 skal parkering skje på eigen grunn for einebustader og tomannsbustader, og for rekkehus kan parkering skje på eigen grunn eller løysast som fellesanlegg under bygga. Parkeringsanlegg som ligg heilt under terreng med himling lågare enn 0,5 meter over terrengets gjennomsnittsnivå rundt bygningen, skal ikkje inngå i bruksarealet. Parkeringsanlegg under terreng kan og omfatte buer, tekniske rom og trapperom eller heissjakter.

7.7 Kollektivtrafikk

Tog er eit viktig transportmiddel for dagpendling til Bergen og Voss, og det er ein togstasjon på Stanghelle. Frå planområdet er det 1-2 km avstand til jernbanestasjonen. Buss har haldeplassar langs E16, og frå planområdet er det ein avstand på 0,5-1,5 km.

Planen legg til rette for fortau fram til brua over Dalevågen. Universell utforming av fortauet er vanskelig å oppnå for heile strekninga, då stigninga følgjer veganlegget, der det brattaste partiet ligg på ca. 1:10.

7.8 Støy/forureining

7.8.1 Støy

Planområdet ligg ikkje innanfor gul eller raud støysone i støyvarselkartet etter T-1442 for Vaksdal kommune – del III sørvest, utført av Statens vegvesen i mars 2011. Planen inneheld ikkje føremål som vil føre til auka støy eller luftforureining sett i forhold til gjeldande reguleringsplan, anna enn vanleg trafikk med tilhøyrande støy og luftforureining knytt til føremåla.

7.8.2 Forureining

På Miljøstatus.no er området vist med moderat til låg radon-aktsemd, og det er ikkje registrert forureina grunn i planområdet.

Planen omfattar ikkje fare for ureining av drikkevasskjelde.

7.9 Skule/barnehage

Avstand til Stanghelle skule er rundt 1 km. Skulen har i dag om lag 75 elevar, der 1.-7. trinn er fordelt på fire grupper. Avstand til Dale barne- og ungdomsskule er om lag 7 km. Skulen er felles for elevar på 8.-10. trinn i kommunen, med unntak av Eidslandet og Eksingedalen. Næraste offentlege barnehage er nye Knutatunet barnehage på Stanghelle, med ein avstand på ca. 500 meter. Den har

fem avdelingar med inntil 24 plassar på kvar avdeling. Skulane og barnehagane i kommunen har god kapasitet, og planen vil dermed ikkje utløyse behov for ny skule eller barnehage.

Trafikktryggleik på veg til skule og barnehage i frå planområdet er god, med fortau heile vegen og berre to kryssingar av veg.

Frå planområdet er dei daglege servicetilbod tilgjengelege innanfor ein avstand på 0,5 – 2 km. Kommunesenteret Dale er næraste utferdsmål for eit breiare servicetilbod med ei kjørelengd på under 10 minutt. Vidare har ein kort og effektiv reise med tog til dei regionale sentra Bergen/Arna og Voss, der både fritids-, service- og handelstilbodet er omfattande. Det er venta at frekvensen på togavgangar vil auke vesentleg i samband med den komande statlege utbygginga av dobbelspor mellom Arna og Stanghelle, og på sikt også vidare til Voss.

7.10 Barn og unge sine interesser i planområdet - Leike- og opphaldsareal

Føresegnene til kommuneplanen sin arealdel i Vaksdal kommune inneheld krav om at det på kvar tomt skal setjast av minimum 150 m² til uteopphald- og leikeareal. Vidare innehar den krav om at areala til opphald ute og til leik skal ikkje plasserast nær eller under kraftleidningar, eller på areal med større stigning enn 1: 3. Områdeplanen følgjer i all hovudsak gjeldande reguleringsplan, der det er sett av eit areal til leik (fri2) og friområde som skal nyttast som felles leikeareal for barn.

Denne planen er ikkje i tråd med føresetnadene i kommuneplanen, ved eit mykje større innslag av konsentrert utbygging enn det som tidlegare har vore normalt i Vaksdal kommune. Planen fører vidare uteopphaldsarealkravet frå kommuneplanen når det gjeld private uteopphaldsareal for einebustader og tomannsbustader, men sett eit vesentleg lågare krav til rekkehus/kjedehus og blokkleilegheiter (høvesvis 25 m² og 10 m²). Dette skuldast at planen ligg tett integrert med store friområde og friluftsareal (255.300 m²), og legg til rette for større område for felles leik og uteopphald enn det som tidlegare har vore nytta i kommunen. Alle leikeplassane og grøntområda har store delar av areala ei stiging mindre enn 1:3, i tillegg til å ha areal som eignar seg for meir utfordrande leik og akebakke i brattare terreng. Eksisterande kraftleidning skal leggest i bakken.

Føresegnene gir at uteopphaldsareala i planen skal m.a. følgjande kvalitetar:

- Gode soltilhøve (sol på ½ arealet i 4 timar ved jamdøger) og klimatisk skjerma.
- Ikkje brattare enn 1:3. Brattare terreng kan reknast med dersom det er eigna til leik med sklier, akkebakke eller liknande. Dette skal gå fram av situasjonsplanen i søknaden om rammeløyve eller byggeløyve.
- Skjerma mot trafikk. Der området er plassert knytt til veg, skal det vere skjerma med gjerde eller liknande

Det er avsett sju område til leikeplass og uteopphaldsareal i planen. I tillegg er det i føresegnene sett krav om at det i området BKS1 skal setjast av minst 25 m² per buening til felles leike- og opphaldsareal, som skal innpassast i feltet. Det same skal gjerast i områda B1 og 2, der det skal setjast av minst 25 m² per buening i rekkjehus (samt ytterlegare 10 m² for eventuelle sekundærbustader) og minst 10 m² per buening i lågblokk til felles leike- og opphaldsareal, som skal innpassast i felte òg her. Det skal for desse områda sendast inn ein detaljert situasjonsplan for feltet som skal m.a. vise leike- og uteopphaldsareal saman med søknad om byggjeløyve eller rammeløyve. Denne

situasjonsplanen skal mellom anna syne samansetninga av bustadmassen med omsyn til fordeling mellom rekkehus og låg- og høgblokker, parkerings- og renovasjonsløyningar og plassering og utforming av felles uteopphaldsareal.

Områda til leike- og uteopphaldsareal skal opparbeidast for leik for både større og mindre barn, men skal òg fungere som ein sosial møteplass for nabolaget med benkar og bord. Leikeområda skal gje gode og trygge rammer for ulike aktivitetar, og ha god kontakt mot kringliggjande friluftsområde som byr på meir fysiske utfordringar.

BUT1 skal vere eit grøntområde i skråninga mellom veg 1 og veg 4 og skal skjøttast av B2-1 og 2. Området er felles for felt B2, BFS3 og 4.

BUT2a og b skal nyttast og skjøttast av BKS4 og BFS9 som grøntområde. Området er felles for felt BKS4, BFS8 og BFS9.

Det er vidare sett av eitt område til offentleg leikeplass (BLK1), som skal opparbeidast for leik og aktivitet for barn og unge med varierte leikeapparat og eventuelt andre aktivitetsfremjande anlegg.

BLK2 er felles for felt BKS4, BFS8 og BFS9, og skal opparbeidast for leik og aktivitet for barn og unge.

BLK3 skal nyttast til leik og grøntområde, og er felles for BKS3 og BFS7.

BLK4 felles for BKS2 og BFS5. Det skal nyttast til leik og grøntområde.

I tillegg er det sett av område for offentleg nærmiljøanlegg (BNA1), der det skal etablerast ei 7'er-bane til bruk for alle bustadane i området, samt nærliggjande bustadområder. Området er valt med omsyn til topografi, tilgjenge frå hovudveg, og tilgjenge til friluftsområde. Området kan òg fungere som møteplass med barn og unge frå det utbygde bustadfeltet på Stanghelle vest.

Planen sikrar strandsona som friluftsmål og friområde. Eksisterande ferdselsårer og stiar skal oppretthaldast som funksjon, men blir noko lagt om, og vil delvis bli ivaretekne av offentleg veg. På Tettaneset blir det opna for ei tilrettelegging av sti rundt neset og til badeplassar i Folavikjæ. Turdraget (GTD2) frå parkeringsplassen SPP4 til svaberga ved badeplass i Stølsvikjæ skal være universelt utforma, og ha ein standard som gir fleire tilgjenge til og glede av dette vakre naturområdet.

Agnavikjæ skal ha tilkomst frå rampe med ei stigning på maks 1:12 og får med det universell tilgjenge. Det skal avsettast to plassar for rørslehemma på parkeringsplass SPP1. Badeplassen her er opparbeidd i dag, og bygging av veg og rampe med støttemur skal utformast med høg kvalitet og gjerne med avsatsar eller amfi på nedste delen.

7.11 Landskap og estetikk

Planområdet ligg i landskapsregionen Midtre bygder på Vestlandet, som i grove trekk kan sjåast som eit belte mellom fjordmunningane og dei indre bygdene. Området har viktige naturkvalitetar

med ein rik flora, nærleik til sjøen og utsikt utover fjordlandskapet. I fjernverknad er det særleg Tettaneset og Åsen som kjenneteiknar og markerer området. Karakteristiske landskapstrekk er dei bratte skrentane og landskapsdraga som er spesielt markert ned mot Agnavikjæ, Bjørsvikjæ og Botnavikjæ. Desse vikene med tillegg av Stølsvikjæ og Folavikjæ definerer alle tydelege avgrensa landskapsrom.

Vegetasjonen i området er dominert av glissen furuskog med mykje berg i dagen. Dette gjer òg området meir eksponert mot omgjevnadene og dermed meir sårbart for inngrep. I dei fuktige dalføra langs dei bratte skrentane er det bekkesig og frodig vegetasjon med blandingslauvskog. Planforslaget omfattar ikkje kulturlandskap med høg verdi, eller grense mellom by/tettstad og landbruk.

Områdeplanen har, som i gjeldande reguleringsplan, tre-fire byggjesoner med markerte grønne drag mellom byggjesonene. Områdeplanen inneheld mindre justeringar av bustadområda, der det har vore lagt vekt på god landskapstilpassing, og byggeområda er gitt ei avgrensing vurdert på kvalitetar i landskapet samtidig som tomtene skal få ei praktisk form og tilknytning til veg. Planframlegget har ein bustadstruktur og utnytting som er tettare enn det som er vanleg på Stanghelle i dag, grunna vektlegginga av omsynet til grønstruktur og tilpassing av veg i landskapet. Vidare er det søkt å finna vegløyser tilpassa planlagde byggeområde og eksisterande terreng og vegetasjon, slik at vegen kan falla naturleg inn i landskapet og dei bygde omgjevnadene over tid.

Etter føresegnene skal alle terrenginngrep skje mest mogeleg skånsamt, og skjeringar og fyllingar skal avrundast og tilpassast tilgrensande terreng og såast/plantast til. Eksisterande vegetasjon skal takast vare på så langt det er råd. Vidare skal bygningar plasserast slik at ein oppnår god funksjonell og arkitektonisk samanheng i høve til omgjevnadene.

Vidare gir føresegnene at bygg og uteområde skal formast med tanke på den eksponerte plasseringa mot fjorden i områda for bustad (B1 og 2), frittliggjande småhus (BFS), og område for konsentrert småhus (BKS1, 2, 3, 4). Det skal leggjast særskilt vekt på gode arkitektoniske løysingar og god materialbruk. Felta BKS2-1 og BKS2-3 kan byggjast ut med rekkehus eller kjedehus, medan dei andre felta i BKS2 i tillegg til BKS3 og alle felta i BKS4, kan byggjast ut med rekkehus. Av omsyn til estetikk og terrengtilpassing skal meir enn 10 einingar i same felt fordelast på fleire rekker, jf. føresegnene. Vidare gir føresegnene at plassering av bygg og uteområde i områda BKS2, 3 og 4 bør sjåast i samanheng for heile feltet, slik at området utgjer eit heile.

Det er føretatt justeringar av byggeområde og framføring av veg, i tillegg til at småbåthamna er noko utvida. Arealkonsekvensane av utvidinga i strandsona er uendra. Den landskapsmessige verknaden av områdeplanen sett i forhold til gjeldande reguleringsplan vil ikkje bli stor. Dei grønne draga som skil byggeområda er både langsgåande og tversgåande, og tek dermed vare på eit grønt belte langs sjøen, og dei fuktige dalføra frå sjø til fjell. Denne linjeføringa framhevar dei typiske trekka i landskapet. Ved endringane gjort i områdeplanen er det forsøkt å unngå plassering av byggeområde på markerte toppar eller der bygg kan gi silhuettverknad. Bygningsmassen vil i all hovudsak ikkje bryte landskapsilhuetten, sjå figurane under.



7.11.1 Fjernverknad

Planen følger i all hovudsak gjeldande reguleringsplan, og viser gjennomgåande grønstruktur mellom og gjennom byggjesonene. Dei markerte skrentane og dalsøkka på vestsida av desse er regulert til friluftsmål. Dette med omsyn til fjernverknad, og for å ta vare på dei naturlege bekkesiga med den frodige vegetasjonen frå fjell til sjø. Det er òg forsøkt å unngå plassering av byggeområde på markerte toppar eller der bygg kan gi silhuettverknad. I fjernverknad er det særleg Tettaneset og Åsen som kjenneteiknar og markerer området, og desse landskapselementa er godt ivaretekne i planen. Sjå figur under.



7.12 Omsyn til naboar

Eksisterande veg Neset blir opprusta frå kryss med Vågslia. Dette er same løysing som i gjeldande reguleringsplan, og som i den vil tilgrensande eigedom 20/77 få eit lite inngrep i form av skjering mot veg, og eigedom 20/355 vil få litt vegfylling inn på tomta nede i sørvestre hjørne. Det same gjeld eigedomen 20/61 på nedsida av vegen, i friområdet. Ut over dette blir ingen naboeigedomar til planområdet direkte påverka av tiltak i planen. Nokre av eigedomane som er omfatta av planen vil få inngrep knytt til vegutløysing delvis inne på sine tomter.

7.13 Friluftsliv/grøne interesser

Strandsona har i dag varierende grad av tilgjenge frå land. Nesa har bratte svaberg ned mot sjøen, men i vikene er det brukbar tilkomst frå terrenget. Planområdet er mykje brukt som friluftsområde. Agnavikjæ er offentlig friområde og er tilrettelagt som badestrand med kai, rutsjebane og benkar. Folavikjæ ligg godt i le og blir mykje nytta som ankerplass for småbåtar. Tettaneset er eit attraktivt og nærliggjande turmål for innbyggjarane på Stanghelle. Det går i dag eit skilta hovudtråkk frå Agnavikjæ og ut mot Tettaneset. Ein kan òg følgja stiar opp i høgda og fjellet. Stiane har varierende tilgjenge.

Osterfjorden – Bolstadfjorden er eit kartlagt friluftsområde etter Miljødirektoratet si Handbok 25-2004, men forenkla og tilpassa regionalt nivå. Området er av typen strandsona med tilhøyrande sjø og vassdrag, og er verdivurdert som viktig. Planframlegget er ikkje i konflikt med offentlege friluftslivsområde eller friområde, eller område som i Miljødirektoratet si kartteneste Naturbase er registrerte med nasjonal/regional/lokal verdi for friluftsliv.

Som i gjeldande reguleringsplan, er det i planarbeidet lagt stor vekt på å få ein samanhengande grønstruktur frå sjø til fjell, frå Stanghelle til Tettaneset. Mellom dei tre-fire byggjesonene skal det vere tilgjenge til terreng frå hovudvegen, og gjennom byggjesonene er det allmenn tilgjenge frå offentlig veg til friluftsområde. Allmenta sine interesser med omsyn til tilgjenge skal med dette vere ivaretatt.

7.13.1 Offentleg friområde

Planområdet har, som i gjeldande reguleringsplan, to offentlege friområde; GF1 ved Agnavikjæ og GF2 ute på Tettaneset. Kommunen er i dag grunneigar av desse områda, med unnatak av ein mindre del inst i Folavikjæ i GF2 og ein mindre del ytst på neset i GF1. Friområda skal vere allment tilgjengelege og leggjast til rette for aktivitetar tilpassa naturlege eigenskapar og kvalitetar i områda.

Jf. føresegnene er det ikkje tillate å ha private fortøyingsfeste for båtar, private kaiar og flytebyggjer i desse områda, og heller ikkje å ha båtar fortøyd langs strandsona i desse områda. Unnateke er korte opphald knytt til rekreasjon og naudsynt arbeid. Det er heller ikkje tillate å ha båtar og anna utstyr lagra i områda.

GF1 er samanhengande langs strandsona frå brua til ytst på neset ved Agnavikjæ. Opparbeidd friområde og badeplass blir ein del av området, og dagens bruk som badeplass og møteplass med innretningar for aktivitetar som naturleg heng saman med denne funksjonen, skal oppretthaldast. Som konsekvens av vegtilkomst til byggeområda må det byggjast ny tilkomst ned til badeplassen. Frå parkeringsplass SPP1 skal det lagast rampe ned langs støttemur til Veg 1. Støttemur, rampe og kulvert for bekkefar skal planleggjast og prosjekterast med stor vekt på forming og materialbruk som tilfører friområdet gode kvalitetar og god funksjonalitet. Rampa skal ha maksimal stigning 1:12, og på SPP1 skal minimum 2 plassar avsetjast til rørslehemma. Parkeringsplassane SPP1 og 2 kan nyttast for badegjester. Frå nord har området tilgjenge på sti frå veg 3 og ned langs BKS1.

GF2 omfattar Tettaneset med Folavikjæ. Området skal vidareutviklast som rekreasjonsområde for ålmenta med tilrettelegging av enkle stiar, sitjeplassar og badeplassar, medrekna moglegheit for å etablere formidlingsskilt knytt til dei automatisk freda kulturminna. Jf. føresegnene skal tilrettelegging av stiar og sitjeplassar skje mest mogeleg skånsamt og utan sprenging og utan fyllingar som er synlege frå sjøen. Vegetasjonen skal i størst mogeleg grad takast vare på, og vanleg skjøtsel er tillaten. Rydding i samband med tilrettelegging av stiar og møteplassar er òg tillate. Turdrag GTD2 til Stølsvikjæ er universelt utforma, og gir god tilkomst for folk i alle aldrar. Parkeringsplass SPP4 skal nyttast for brukarar av desse turområda, der det lengst mot sør skal det opparbeidast 2 plassar for rørslehemma. I Stølsvikjæ, heilt sør i GF2 ved enden av GTD2, er det høve til å gjere enkel tilrettelegging for allmenn bruk i overgangen mellom land og sjø. Dette omfattar tiltak som bålplate, stupebrett, baderampe, mindre badebrygge eller badestige, fellesgrill eller liknande.

7.13.2 Friluftsområde

Det er lagt inn tre friluftsområde i planen, som i all hovudsak følgjer dei to friluftsområda som ligg i gjeldande reguleringsplan. Desse områda skal sikra natur- og landskapsverdiar og ålmann tilgjenge til strandsona og fjellet. Vanleg skjøtsel av stiar og vegetasjon er tillaten i områda, jf. føresegnene. Det skal sikrast tilgjenge frå offentlig veg til friluftsområde der det er mogeleg. Mindre inngrep i form av trinn/trapp frå veg til terreng kan tillatast der ein vurderer det som tenleg for å ivareta friluftinteresser. Utforming og materialbruk må vurderast i samband med detaljplanlegging av veg.

LF1 er eit samanhengande grønt drag frå Agnavikjæ ut friområdet og omsynsområda ute på Tettaneset og opp til Åsen. Bygg i området er ikkje tillatne. Området skal ivareta omsynet til friluftsliv, landskap og vegetasjon. Tilkomst frå offentleg veg til terreng i LF1 skal sikrast som omtala i føresegnene. Vanleg skjøtsel for å oppretthalda stiar og tråkk er tillate. Om nødvendig kan det gjerast mindre tiltak som legging av tråkkheller og bygging av trinn/trapp for å betre tilgjenge.

LF2 omfattar strandsona mellom turdraga GTD1 og 2, og opp mellom byggeområda til Veg 1. Eksisterande hytter på eigedomane gnr/bnr 20/46, 20/48, 20/82 og 20/47,192,193 kan oppretthaldast med dagens funksjon. Berre fasadeendringar kan tillatast.

LF3 dannar eit grøntdrag som bindeledd mellom den offentlege leikeplassen BLK1 og friområdet GF1 ved badeplassen. Eksisterande hytter på eigedomane gnr/bnr 20/38, 20/75,81 og 20/306 kan oppretthaldast med dagens funksjon. Berre fasadeendringar kan tillatast.

7.13.3 Turdrag

Det er lagt inn to offentlege turdrag i planområdet, GTD1 frå veg 4 ned til småbåthamna og GTD2 som forlenging av fortau ved parkeringsplassen SPP4. Begge desse er vidareført i frå gjeldande reguleringsplan, men med nye føremål etter ny plan- og bygningslov. Desse skal være opne for ålmenta, og vil leggje til rette for ei auka tilkomst til sjø og turområda i planområdet. I tillegg er GTD2 universelt utforma.

Jf. føresegnene skal GTD1 ha ei maksimalt planert stibreidde på 4,0 m, og vegen skal vere sperra for tilkomst med bil.

Føresegnene gir vidare at det kan opparbeidast turdrag GTD2 frå veg 1 til sjøen i Stølsvikjæ. Vegen skal vera trinnfri, og er universelt utforma. Terrenginngrep i samband med bygging av vegen skal skje mest mogeleg skånsamt. Mindre justeringar av veglina for betre terrengtilpassing er tillate, inntil 5 m frå plan. Dersom det skal leggjast fast dekke på vegen, skal dette vera etter godkjenning av kulturminnevernstyresmaktene. Vegen skal ha ei maksimal planert vegbreidde på 3,0 m. Største skjering eller høgde på mur skal vera 1,5 m. Fyllingar, vegskråningar og sår i landskapet etter vegbygginga skal såast til umiddelbart som ein del av byggeprosessen.

Vidare kan det etter føresegnene etablerast grusa stiar i området GF2 på Tettaneset. Desse kan ha ei maksimalt planert breidde på 2,0 m. Slike vegar skal leggjast oppå terrenget; det er ikkje tillate å sprengja fjell eller i store blokker ved etableringa. Ingen gangveggar kan etablerast i omsynssone H730.

7.14 Naturmangfald

Det er per august 2016 i Miljødirektoratet sin Naturbase ikkje registrert nokon utvalde naturtypar eller nokre prioriterte artar innanfor området. Det er heller ikkje registrert naturtypar eller arter som er vurderte i Norsk rødliste for naturtyper (2011) eller -arter (2015). Det er ingen registreringar innanfor planområdet i Artsdatabanken sitt Artskart, men utanfor planområdet, i Follavika, er det i 2010 registrert observasjon av oter. Oter (*Lutra lutra*) er i Norsk rødliste for arter (2015) vurdert

som sårbar (VU). Det er heller ikkje registrert naturtypelokalitetar kartlagde etter Miljødirektoratet si Handbok 13, eller artar av nasjonal forvaltningsinteresse i området

Då det ikkje vart gjort nokon funn i området, blei Vaksdal kommune kontakta for å undersøke om det har vore gjennomført kartleggingar av naturtypar eller artar i området, som ikkje er synt i offentlege tilgjengelege databasar. Kommunen kunne ikkje sjå at det har vore gjennomført slike undersøkingar i området, og tok derfor kontakt med Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen kjenner heller ikkje til at Tettaneset blei besøkt under kartlegginga av naturtypar i Vaksdal.

Det har vore gjennomført viltkartlegging i kommunen i regi av Fylkesmannen og kommunen, jf. MVA-rapport 8/2004 «Viltet i Vaksdal. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane». Rapporten viser at planområdet ligg i det prioriterte viltområdet «Tettaneset-Åsen-Kleivfjellgjelet», som er vurdert som «svært viktig» som vinterbeiteområde for hjort.

Planen inneheld areal til bustad og framføring av veg m.m., og vil slik byggje ned delar av planområdet, samstundes som desse areala vil fragmentere ev. grønt- og viltkorridorar frå fjell til sjø. Dette er ikkje nytt i områdeplanen, då den i all hovudsak følger gjeldande reguleringsplan. Det er lagt inn store areal til friområde og friluftsmål rundt og mellom bustadareala, noko som vil kunne virke som grønt- og viltkorridorar for det naturmangfaldet som finnast i området. Bustadareala ligg ovanfor eksisterande hytter, og sjølve Tettaneset, som er ubygd i frå før, vil bli bevart som friområde i planen. Areal på Tettaneset er òg avsett som område med bandlegging etter lov om naturvern (no naturmangfaldlova) i kommuneplanen sin arealdel. Desse friområda og friluftsområda skal sikre natur- og landskapsverdiar og ålmenn tilgjenge til strandsona og fjellet. Vanleg skjøtsel av stiar og vegetasjon er tillate her, men bygg er ikkje tillatne.

7.15 Strandsone og vassdrag

I følgje vann-nett høyrer sjøområdet til vassførekomst 0261020200-C, Veafjorden, som er av vass-typen sterkt ferskvasspåverka fjord. Vassførekomsten er vurdert til å ha ingen risiko for at miljømålet ikkje vert nådd innan 2021. Den økologiske tilstanden er antatt god (lav pålitelegheitsgrad), medan den kjemiske tilstanden er ikkje definert, med ingen informasjon på pålitelegheitsgraden. Det er ingen bekkar/elver som syner i vann-nett.

Fiskeridirektoratet si kartløyising viser to låssettingsplassar i sjøområdet utanfor plangrensa, eit i Follavika og eit i Hellestraumen. Vidare er Veafjorden ein del av den nasjonale laksefjorden «Fjordene rundt Osterøy». Laksebestanden her blir prioritert i arbeidet med å styrke villaksen, med tiltak som fjerning av lakselus, regulering i fisket og restaurering av leveområde.

Strandsona har varierende grad av tilgjenge frå land. Nesa har bratte svaberg ned mot sjøen, men i vikene er det brukbar tilkomst frå terrenget. Planområdet er innanfor 100-metersbeltet langs sjøen, og tiltaket er avklart i kommuneplanen sin arealdel. Der er området sett av som framtidig bustadområde og friområde, med fornminne og område med bandlegging etter lov om naturvern. Områdeplanen følgjer i all hovudsak eksisterande reguleringsplan for området.

Det er i planarbeidet lagt stor vekt på å få ein samanhengande grønstruktur langs strandsona, og frå sjø til fjell. Det er dermed lagt inn store areal til friområde og friluftsmål langs strandsona, og rundt og mellom bustadareala. Desse friområda og friluftsområda skal sikre natur- og land-

skapsverdiar og ålmenn tilgjenge til strandsona. Vanleg skjøtsel av stiar og vegetasjon er tillate her, men bygg er ikkje tillatne og strandsona vil ikkje bli bygd ned. Eit unntak her er den felles båthamna (VS) for bustadområda ovanfor. Mellom dei tre-fire byggjesonene skal det vere tilgjenge til strandsona frå hovudvegen, og ålmenta sine interesser med omsyn til tilgjenge til strandsona skal med det vere ivaretatt. Strandsona er i dag stadvis vanskeleg tilgjengeleg, og planen legg til rette for auka tilgjenge ved turdrag og ny tilkomst ned til badeplassen ved Agnavikjæ. Opparbeidd friområde og badeplass her blir ein del av området.

Det er avsett område for ei mindre felles småbåthamn innanfor planområdet, som skal høyre til dei med bustad i planområdet. Det er tillate med bygging av molo og etablering av landareal på fylling for aktivitetar knytt til hamna, i tillegg til utsetjing av flytebrygger/utliggarar for småbåtar. Vidare er tiltak på land som er naudsynt for tilkomst, vedlikehald og landfeste av anlegget tillate. Det er ikkje tillate å sprengje ut fjell over vasstanden innanfor området. Det er høve til å sette opp mindre reiskapsbuer utan måleverdig areal her. Tilkomst skal skje via turdrag (GTD1) frå veg 4 og gjennom dei ålment tilgjengelege friluftsområda. Ei småbåthamn for ålmenta ville ha kravd større areal med parkering og tilkomstveg, noko som ville ha medført store terrenginngrep i eit sårbart terreng. Vidare har kommunen etablert ei ålmenn småbåthamn på den andre sida av elveosen/vågen.

Det er sett av areal til badeområde i planen (VB), som skal brukast eksklusivt til bade- og rekreasjonsformål. Innanfor dette området er det jf. føresegnene ikkje tillate med ferdsel av motoriserte fartøy eller andre større båtar. Det er heller ikkje tillat å fiske i dette området. Enkel tilrettelegging med ramper og rekkverk for funksjonshemma er tillaten.

7.16 Kulturminne

Per august 2016 er det registrert ein kulturminnelokalitet i planområdet i Riksantikvaren si teneste Askeladden. Det ligg eit gravfelt (ID 35553), som består av i alt 14 strukturar, der ni har karakter av gravrøyser. Fem stader er det i følgje Askeladden påvist låge vollar ved grunne groper der det er tydelig kollag i vollen, og i eitt tilfelle òg i gropa). Gravfeltet er automatisk freda, og dei ulike elementa er datert til jernalder, romartida og folkevandringstida. Det ligg òg ein kulturminnelokalitet like utanfor planområdet, eit automatisk freda skipsvrak i Follavika (ID 150910). Det er eit jektevrak, som er datert til 1890-talet.

Det ligg ingen SEFRAK-registrerte bygningar i planområdet.

Som i gjeldande reguleringsplan er gravfeltet på Tettaneset teke omsyn til ved at det i planen er vist som bandlagt etter lov om kulturminne (H730). Arealet inngår òg som omsynssone for bevaring av kulturmiljø (H570_1), som igjen inngår i det offentlege friområdet GF2. Det er laga ein skjøtelsplan for Tettaneset i 2009, med hovudmål å verna feltet mot fare for skade som følgje av reguleringsendring. I følgje planen er gravfeltet lite synleg, og for lekfolk kan det vera vanskeleg å sjå at dette er kulturminne. Dette aukar risikoen for aklaus skade, og for at området kan verta tatt i bruk til andre aktivitetar som kan føra til slitasje og skade på kulturminna. Tiltak for å hindre skade etter planen er skjøtsel, synleggjering og skilting av feltet. Føresegnene gir at det i området H570_1 og H730 ikkje kan utførast noko arealinngrep, jf. kulturminnelova § 3. Skjøtsel av gravfeltet skal skje i samsvar med Skjøtelsplan for arkeologisk kulturminne på Tettaneset – lokalitet 35553, og i samråd med kulturminnevernstyresmaktene. Vidare kan det ikkje utførast noko arealinngrep, jf. kulturminnelova § 3, i omsynssone for bevaring av kulturmiljø (H570_2).

7.17 Energiløysingar

Som i gjeldande reguleringsplan skal ein i denne områdeplanen prioritera bruk av fornybare energikjelder til oppvarming, t.d. sol- eller bioenergi, luft-, sjø- eller jordvarme. Val av konkret løysing vil skje som ein del av detaljprosjekteringa, der teknologiske og økonomiske tilhøve vert vurdert i samanheng. Grunngeving for, og dokumentasjon av valt energiløysing, skal sendast inn saman med rammesøknad, jf. føresegnene.

7.18 Løysing for vatn, avlaup og overvatn

Det er i dag ingen teknisk infrastruktur i området. Det ligg ein pumpestasjon ved Agnavikjæ, men på sikt skal det byggast eit nytt reinseanlegg på stasjonssida av vågen. Alt avlaup skal då pumpast dit, og slamavskiljaren vil bli sanert. Som i gjeldande reguleringsplan vil all teknisk infrastruktur i området bli prosjektert og lagt samtidig med utbygging av vegane, og skal knytast til eksisterande kommunalt leidningsnett i Vågslia. Det er lagt opp til eit tradisjonelt utbyggingsmønster i samsvar med kommunen sin nye norm for VA-anlegg.

I samband med utarbeiding av reguleringsendringa blei det i 2015 gjennomført eit forprosjekt med plan for veg, vatn og avlaup. Forprosjektet blei utarbeida av Plan Vest AS og Rektangel AS. Eit hovudmål i forprosjektet var å unngå løysingar med lågtliggende slamavskiljarar/pumpestasjonar utan akseptabel tilkomst med slamsugebil. Dette har ein løyst ved å bygge ein ny kombinert pumpestasjon/sugeanlegg på Neset like ved eksisterande slamavskiljar (BAV). Eksisterande pumpestasjon i BAV skal oppretthaldast, og tilkomst for tilsyn og vedlikehald skal sikrast via Veg 2. Denne stasjonen blir lagt lågt, på ca. kote 2, og avlaupsvatnet blir så suge/gravitert via ein sjøleidning frå ein noko høgtliggende sjøføringskum inst i Bjørsvikjæ på ca. kote 5. Til denne graviterer ein så alt avlaupsvatnet frå byggsteg 1 og 2. Like eins avlaupsvatnet frå byggsteg 4 via eit borehull gjennom bergnakken frå Botnavikjæ til Bjørsvikjæ for spillvassleidningen. Når ein kjem til detaljplanstadiet, bør ein vurdere om ein ev. kan sløyfe den nye pumpestasjonen, og berre bygge ein sugestasjon ved eksisterande slamavskiljar. Kommunen planlegg på sikt å etablere eit reinseanlegg for avlaup på sørsida av vågen, og då kan slamavskiljaren takast ut av bruk. Ved detaljprosjektering bør ein vurdere om alle bustadar på nedsida av samlevegen kan få sitt avlaup frå hovudstasjon til leidningsanlegget i tilkomstvegen, og heller stille krav om innomhus lukka pump-eavløp/vakuumanlegg for underetasjen slik at en slepp kostbare leidningar i terrenget på nedsida av busetnaden.

Etter føresegnene kan pumpestasjon for spillvatn plasserast på høveleg stad i LF3. Plasseringa skal vere slik at den ikkje verkar forstyrrende på friluftsområdet sin funksjon som rekreasjonsområde i strandsona. Pumpestasjon skal ha ei utforming som harmonerer med omgjevnadane.

Vatnet vert tilført området via ein ny sjøleidning frå Neset, parallelt med sugeleidninga for spillvatn. Nokre få hus i felt BFS5-3 vil ligge høgare enn kote 60, og det er stilt krav til intern trykkforsterkning for dei få bustadane i føresegnene. Dette kan gjerast som fellesanlegg, eller som individuelle anlegg for kvar bustad. Etter føresegnene kan kommunen setje vilkår i rammeløyve eller byggjeløyve for etablering av slikt anlegg.

Etter føresegnene skal det innan dei enkelte delfelta gjennomførast tiltak for infiltrasjon etter godkjent VA-rammeplan. Nedbør skal hovudsakleg ha avløp ved infiltrasjon i grunnen og i opne vassvegar, etter prinsipp om lokal overvasshandtering. Vatnet vil då naturleg bli ført til vassvegar og bekkar/vassig i området, som fører vatnet ut i sjø.

7.19 Renovasjon

I gjeldande reguleringsplan er det ikkje vist løysingar for renovasjon. Det er utarbeidd ein renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP) etter den renovasjonstekniske rettleiaren (RTV), godkjent av BIR. Avfallshandtering skal skje i samsvar med RTP innanfor planområdet. I områdeplanen er det sett av felles areal til renovasjon (BRE) for dei bustadområda der det ikkje er mogleg med samleplassar langs veg på grunn av manglande snumoglegheit for renovasjonsbil. Område for BRE skal ha fast dekke og skal byggjast samstundes med tilknytt veg, jf. føresegnene. Dette er supplert av samlepunkt for småbeholdarar for avfall for dei områda som skal løyse avfallshandtering på eigen eigedom. Tilkomst for renovasjonsbil er etter Statens vegvesen si handbok N 100, der radius på avkøyrslar til Veg3, 5, og dels 4 er auka til 8,5 for å betre tilkomst for renovasjonsbil.

Eigedomane i BKS1 og B1 skal nytte BRE1. Eigedomane i BFS3 og B2 skal nytte BRE2. Eigedomane i BSF7 og BKS3 skal nytte BRE3. For resterande eigedomar skal avfallshandtering skje på eigen eigedom, og avfallsdunkar skal plasserast på samlepunkt ved veg på tømmedagar. Eigedomane i BSF9-1 og BSF9-2 skal plassere avfallsdunkar på samlepunkt ved Veg 1 på tømmedagar. For området BKS4-1 skal avfallshandtering løysast innanfor feltet, og skal plassere avfallsdunkar ved samlepunkt ved Veg 1 på tømmedagar. Avfallshandtering skal for BKS_2-1, 2, 3 og 4, BKS_4-2 og BKS_4-3 skje på eigen eigedom, og avfallsdunkar skal plasserast på samlepunkt ved veg på tømmedagar.

7.20 Helse, miljø og tryggleik

Områdeplanen inneheld justerte og forbetra løysingar samanlikna med gjeldande reguleringsplan, då spesielt med tanke på veg, fortau og tilgjenge. Det er òg gjennomført ei ny rasvurdering i området. Det som i dag utgjer eit lite tilgjengeleg område, vil bli oppgradert til dagens krav og for størstedelen av planområdet gjort tilgjengeleg for ålmenn. Tryggleik for mjuke trafikantar er sikra med fortau langs hovudvegen i planområdet, i tillegg til at vegbreidda til Veg5 er 5,3 m, der køyrebreidda er 3,5 m, og slik betrar tryggleiken til mjuke trafikantar. Vidare skal det lagast ny tilkomst til friområde og badeplass ved Agnavikjæ, der det frå parkeringsplass SPP1 skal lagast rampe ned langs støttemur til veg 1. Støttemur, rampe og kulvert for bekkafar skal planleggjast og prosjekterast med stor vekt på forming og materialbruk som tilfører friområdet gode kvalitetar og god funksjonalitet.

Planen vil bidra positivt i eit folkehelseaspekt, ved å kunne tilby bustader i nærleik til natur og friluftsliv, med turstiar og aktivitetsområder vinter som sommar. Det er i planen teke omsyn til grøntkorridorar for ålmenn ferdsle og artsmangfaldet. Det er lite trafikk i området, og det ytre miljøet er ikkje forureina. Strandsona er sikra ålmenn ferdsle ved store langsgåande areal med friområde og friluftsmål. Vidare representerer biltrafikk alltid ei fare for påkøyrslar.


7.21 Omsynssoner

7.21.1 Ras- og skredfare

I følge Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) si innsynsløysing Aktsomhetsområder, er det område for både skredutløysing og -utlaup innanfor planområdet. Det er ingen registrerte skredhendingar i NVE sin database over skredhendingar. Det er blitt foretekne rasvurderingar i området i 1982 (Noteby) og i 2015 (SWECO). Rasvurderinga utført av SWECO er gjort etter sikkerheitsklassar for bygg definert i plan- og bygningslova si tekniske forskrift (TEK 10) § 7-3. Aktuell skredtype for området er vurdert til berre å være steinsprang. Sikkerheitsklassane er sett på bakgrunn av dei forventa konsekvensane ei ev. skredhending vil ha for ulike typar bygg/installasjonar, og gjeld både for person, økonomiske og andre samfunnsmessige omsyn. Området blei vurdert for alle sikkerheitsklassane S1, S2 og S3, sjå tabell under.

Sikkerheitsklasse for skred	Konsekvens	Største nominelle årlege sannsyn
S1	Liten	1/100
S2	Middels	1/1000
S3	Stor	1/5000

I gjeldande reguleringsplan er det ikkje teke omsyn til rasfaren i området. I områdeplanen er dei ulike faresonene innarbeidd i planen, ved leggje inn omsynssoner for ras- og skredfare (H310), og ved å tilpasse område for busetnad og anlegg desse områda. I tillegg er det i området der det ikkje føretatt rasvurdering, tatt inn omsynssone basert på NVE sitt kart over Aktsomdområde for steinsprang, snøskred og jord- og flomskred. Dette gjeld omsynssone H310_23.



Figur 10 Kart over faresoner i planområdet. Sjå tabell over for teiknforklaring på dei ulike sikkerheitsklassane for skred.

Som følgje av rasvurderingar det gjort følgande justeringar i områdeplanen i høve til gjeldande reguleringsplan:

- Det er teke ut område for bustad ved BFS7, der det no er lagt inn område for uteopphaldsareal. Delar av dette arealet kjem inn under omsynsområde H310_14a, og der skal det jf. føresegnene ved bygging og bruk utførast reinsk av skråninga og ev. supplering av avgrensa blokk med enkelte fjellboltar. Sikring skal vurderast av geolog før igangsetjingsløyve kan gis her.
- Mindre delar av BFS5 og 6 er innanfor omsynsområde H310_15a, og bygging i denne sona krev etter føresegnene at det vert utført ein reinsk i berget og ev. noko sikring med fjellboltar. Sikring skal vurderast av geolog før igangsetjingsløyve kan gis her.
- Bustadområde BKS2-3 og -4 (del av området vist med oransje farge i figur 8) er justert etter rasvurderinga. Dei kan i nord dels verte omfatta av steinsprang frå dei høgareliggande skrentane, og kjem her inn under faresone H310_12b, som inneber sikkerheitsklasse 2 og 3. Innanfor denne sona kan det jf. føresegnene ikkje byggast bygg for varig opphald, men garasjar, reiskapsbuer og liknande kan likevel settast opp.
- Omsynsområde 310_05a omfattar skrent som dels går inn i område BFS1 med stort sannsyn for steinsprang. Bygging i denne sona krev reinsk i berget og eventuelt noko sikring med fjellboltar. Sikring skal vurderast av geolog før igangsetjingsløyve kan gis.
- Omsynsområde 310_16a omfattar skrent som dels går inn i område BFS6, BFS8 og BFS9-5 med stor sannsyn for steinssprang. Bygging i denne sona krev reinsk i berget og eventuelt noko sikring med fjellboltar. Sikring skal vurderast av geolog før igangsetjingsløyve kan gis.
- Omsynsområda H310_01a, H310_02a, H310_03a, H310_04a, H310_06a, H310_07a, H310_08a, H310_09a, H310_10a, H310_11a, H310_13a, H310_17a, H310_18a, H310_19a, H310_20a, H310_21a, H310_22a og H310_23 omfattar rasfarlege skrentar i og utanfor byggeområde (men utanfor byggbart område), med stort sannsyn for steinsprang. Eventuelt bygging innanfor sona krev vegetasjonsreinsk og noko reinsk av skrent, eventuelt noko sikring med fjellboltar. Sikring skal vurderast av geolog før igangsetjingsløyve kan gis.

7.21.2 Høgspenst luftleidning

Vidare går det i dag ein kraftleidning gjennom øvre del av planområdet. Planen føreset at leidningen vil bli lagt i jordkabel, men det er likevel lagt inn ei omsynssone (H740) for å vise kvar leidningen går i dag. Leidningen har i følgje NVE si innsynsløysing Kraftsystem Nettanlegg ei spenning på 24 kV, men det er ikkje gjeve opp straumstyrke. NVE og Statens strålevern sin brosjyre «Bebyggelse nær høyspentanlegg», anbefalar ei sikringssone på 15 meter for høgspenstleidningar på 22 kV med 150 kVA og 18 meter 22 kV med 200 kVA, på kvar side av linja. I reguleringsplanen er det teken med ei omsynssone på 18 meter på kvar side av straumleidninga.

Jf. føresegnene kan ingen tiltak, for verken bygg, veg eller leikeområde, settast i gong før høgspenst-kabelen er lagt i bakken.

7.22 Eigedomsinngrep

Som i gjeldande reguleringsplan er det i områdeplanen naudsynt med innløyising av eigedomar for å realisere planen. Dette gjeld følgjande eigedomar innanfor område til B1:

- Gnr 20 bnr 39 med hytte
- Gnr 20 bnr 78 med hytte

Eigedomar som delvis må innløyast som konsekvens av offentleg veg:

- Gnr 20 bnr 207

- Gnr 20 bnr 114, 194

I samband med opprusting av eksisterande veg (Neset) frå kryss med Vågsliå vil tilgrensande eigedom 20/77 vil få eit lite inngrep i form av skjering mot veg, og 20/355 vil få litt vegfylling inn på tomten nede i sørvestre hjørne. Det same gjeld eigedomen 20/61 på nedsida av vegen, i friområdet GF1. Ut over dette blir ingen naboeigedomar til planområde direkte påverka av tiltak i planen.

7.23 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Økonomiske konsekvensar for kommunen av realiseringa av denne planen er avgrensa, noko som skuldast stor overkapasitet på både barnehage- og skuletilbodet på tettstaden. Det er dessutan allereie planlagd ei utbygging av reinseanlegg som skal dekke både Dale og Stanghelle, og utbygging av dette området vil ikkje føre med seg auka dimensjonering av dette anlegget. Kommunen vurderer dessutan driftsmessige konsekvensar av høvesvis veganlegg og offentlege grøntanlegg, i tillegg til leikeplassar som små i høve til talet på bueiningar.

Utbyggingsavtale kan nyttast for å innfri rekkefølgekrev om å opparbeide, eller sikre opparbeiding, av teknisk infrastruktur, offentleg veg, og andre offentlege område i planområdet. Utbygging av felta skal skje i frå aust, og trinnvis utbygging skal avtalast i utbyggingsavtalane

7.24 Universell utforming

Som i gjeldande reguleringsplan, skal minst 30 % av bueiningane i felt med konsentrert småhus (BKS) ha universell utforming og universell tilgjenge mellom parkeringsplass, tilkomst og uteopphaldsareal m.m. Områdeplanen gir vidare at universelt utforma inngangsplan med full livsløpsstandard der alle primær- og besøksfunksjonar dekkjast på eit plan, vil støtte kravet til universell utforming. I gjeldande plan er det berre bustadane i felt B2 (her BKS1) som skal vere universelt utforma. Områdeplanen gir at alle bustadane i felt BKS1 og B2-2, i tillegg til minst 70 % av bustadane i B1 skal vera universelt utforma, der universelt utforma inngangsplan med full livsløpsstandard der alle primær- og besøksfunksjonar dekkjast på eit plan, vil støtte kravet til universell utforming.

Gjeldande reguleringsplan seier ikkje noko om universell utforming av andre område enn område for bustad. Områdeplanen gir derimot føringar òg her; I alle fellesområde for leik eller grøntanlegg, i tillegg til offentleg leikeplass BLK1 og offentleg nærmiljøanlegg (BNA1), skal heile eller minst 40 % av arealet der terrengtilhøva gjer det umogleg å tilfredsstille slike krav for heile området, vere universelt utforma. Dette gjeld både tilkomst til områda og dei mest brukte eller attraktive funksjonane i kvart område som eignar seg for rørslehemma. Andre funksjonar skal så langt som mogleg leggjast til rette for bruk av personer med andre funksjonshemmingar enn rørsle. Det skal òg i ramme- eller byggjesøknad dokumenterast at fullt tilgjengelege funksjonar dekker bruksmønster for alle aktuelle aldersgrupper, med særskilt vekt på barn og unge i alderen 3-18 samt eldre menneskje over 60.

Universell utforming av fortau er vanskelig å oppnå for heile strekninga, då stigninga følgjer veg-anlegget, der det brattaste partiet ligg på ca. 1:10. Turdraget GTD2 er universelt utforma, og gir alle folk god tilgjenge til turområdet på Tettaneset.

8 KONSEKVEN SAR AV TILTAKET

8.1 Metode

Denne planen er ikkje omfatta av plan- og bygningslova § 4-1 (planprogram) eller § 4-2 andre ledd (planbeskriving og konsekvensutgreiing), då områdeplanen ikkje innehar vesentlige endringar av vedteken kommuneplan, jf. plan- og bygningslova § 12-2. Sjølv om planen ikkje utløyser konsekvensutgreiing, er det eit krav om at verknadane skal belyst. For planar som ikkje er omfatta av forskrifta, følgjer det av plan- og bygningslova § 4-2 første ledd at alle forslag til planar skal ha ei planbeskriving som beskriv planen sitt føremål, hovudinnhald og verknadar, i tillegg til planen sitt forhold til rammer og retningsliner som gjeld for området.

For å vurdere verknadane for planen har vi likevel brukt ein metodikk basert på Statens vegvesen si Håndbok V712 Konsekvensanalyser, med nokre tilpassingar. Tilpassingane samsvarer med Klima- og miljødepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet si oversikt «Konsekvensutredninger: anerkjent metodikk og databaser for innlegging av data». Som hovudprinsipp er konsekvensutgreiinga gjennomført etter følgjande metode:

Temaet sin verdi, uttrykt gjennom tilstand, eigenskapar og utviklingstrekk for vedkomande og interesse/tema i det området tiltaket planleggast. Verdien vert gitt på ein tredelt skala:

1. liten
2. middels
3. stor

Vurdering av planen sin påverknad på temaet, vurdert for dei same områda som er verdivurdert. Påverknad vert gitt på en femdelt skala:

1. stort negativt
2. middels negativt
3. liten/ingen
4. middels positivt
5. stort positivt

Konsekvens, fastsett ved å samanhalde opplysningane om temaet sin verdi med vurderinga av planen sin påverknad på temaet. Vekting av konsekvens vert gjennomført etter følgjande sjudelt skala:

- 3 stor negativ konsekvens
- 2 middels negativ konsekvens
- 1 liten negativ konsekvens
- 0 ingen konsekvens
- 1 liten positiv konsekvens

- 2 middels konsekvens
- 3 stor positiv konsekvens

Avbøtande tiltak er vurdert og angitt for enkelttema ved negativ konsekvens.

For enkelte tema vil det være vanskelig å trekke klare konklusjonar med omsyn til verknad for tiltaket /planen. Vurderinga vil i desse tilfella bli beskrive utan vekting og konklusjon.

8.2 Utgreiingstema

Med utgangspunkt i beskrivinga av viktige miljø- og samfunnsforhold i kap. 7, er det her føretatt ei vurdering av verknadane som planen kan få for miljø og samfunn. **Verknadane er vurderte for dei endringane områdeplanen innehar i forhold til gjeldane reguleringsplan.** Vurderingane er avgrensa til dei temaa som er ført opp i tabellen nedanfor, og andre tema som ikkje er relevante for denne planen, er ikkje tekne med.

Nr.	Tema	Vurdering	Konsekvens
1	Bygningar og anlegg	<p>Sjå delkap. 7.3.</p> <p><i>Vurdering:</i> Planen medfører mindre endringar og justeringar av gjeldande reguleringsplan, med betre arealutnytting med vekt på natur- og landskapsomsyn. Planområdet har, som i gjeldande reguleringsplan, tre-fire byggjesoner med markerte grønne drag mellom byggjesonene. Feltavgrensinga innanfor byggjesonene er tilpassa terreng og vegframføring, samt viktige ferdselsårer i friluftsområda.</p> <p><i>Temaet får middels verdi (utviklingstrekk), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet liten positiv konsekvens.</i></p>	1
2	Veg- og trafikk-situasjon, tilkomst/-avkøyrse	<p>Sjå delkap. 7.4.</p> <p><i>Vurdering:</i> Det gjort nokon endringar av vegane i forhold til gjeldande reguleringsplan, for å tilpasse dei betre til terreng, landskap og bustadareala. Linja hadde i utgangspunktet eit stort masseoverskot, som no er redusert og balansert. Alle vegar er stort sett innanfor normkrava når det gjeld stigning, men Veg1 stettar ikkje heilt krava til stigning i Statens vegvesen si Handbok N100 på deler av strekninga, der stigninga er 10 % over en strekning på meir enn 100 m. Det ligg ei auke i ÅDT på om lag 170 i forhold til gjeldande plan.</p> <p>Det er regulert eit fortau langs hovudvegen i planområdet fram til, og nedanfor, parkeringsplassen SPP4, i tillegg til at vegbreidda til Veg5 er 5,3 m, der køyrebreidda er 3,5 m, og slik betrar tryggleiken til mjuke trafikkantar.</p> <p><i>Temaet får middels verdi (eigenskap), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet liten positiv konsekvens.</i></p>	1
3	Trafikktryggleik og tilgjenge	<p>Sjå delkap. 7.5.</p> <p><i>Vurdering:</i> Planen vil, på lik linje som i gjeldande reguleringsplan, ivareta sikkerheita til dei mjuke trafikantane ved fortau langs hovudvegen i planområdet. Vidare er veg-</p>	0

		<p>breidda til Veg5 5,3 m, der køyrebreidda er 3,5 m. For å auke trafikktryggleik og tilgjenge ytterlegare i planområdet bør det vurderast fotgjengarfelt eller andre fysiske tiltak som humpar.</p> <p><i>Temaet får stor verdi (eigenskap), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet ingen konsekvens.</i></p>	
4	Parkering	<p>Sjå delkap. 7.6.</p> <p><i>Vurdering:</i> Planen tek omsyn til det behovet for parkering planen vil utløyse. Som i gjeldande reguleringsplan er det sett av tre areal til offentleg parkering i planområdet, der to av desse skal ha minimum to plassar avsett til rørslehemma. Det er sett av areal til felles parkering som nokre av hyttene i planområdet skal nytte.</p> <p><i>Temaet får middels verdi (eigenskap), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet liten positiv konsekvens.</i></p>	1
5	Kollektivtrafikk	<p>Sjå delkap. 7.7.</p> <p><i>Vurdering:</i> Frå planområdet er det 1-2 km avstand til jernbanestasjonen, og 0,5-1,5 km til busshaldeplassar langs E16. Tiltak i medhald av planen vil ikkje ha verknad for kollektivtilbodet i den grad den gjev grunnlag for utvida tilbod, og planområdet er nær allereie eksisterande kollektivknutepunkt.</p> <p><i>Temaet får liten verdi (tilstand), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet ingen konsekvens.</i></p>	0
6	Støy/forureining	<p>Sjå delkap. 7.8.</p> <p><i>Vurdering:</i> I forhold til gjeldande reguleringsplan, inneheld ikkje planen føremål som vil føre til auka støy eller luftforureining i området, anna enn vanleg trafikk med tilhøyrande støy og luftforureining knytt til føremåla. Opparbeiding av terreng innanfor planområdet fører ikkje til stor trong for bortkøyring av masse, då vegtraseen er massebalansert. Ev. overskotsmassar kan nyttast i samband med bygging av småbåthamn. Tiltak i medhald av planen vil ikkje føre til ureining av jordbotn/grunn, vassdrag, eller vatn, og det er ingen fare for ureining av drikkevasskjelde. Ureiningsfare er i hovudsak knytt til utbyggingsfasen, ved at det kan skje avrenning frå byggeplass til bekkar og sjø.</p> <p><i>Temaet får middels verdi (eigenskapar), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet ingen konsekvens.</i></p>	0
7	Skule/barnehage	<p>Sjå delkap. 7.9.</p> <p><i>Vurdering:</i> Som i gjeldande reguleringsplan opnar planen for bustadføremål, og vil med dette utløyse behov for skule- og barnehageplassar. Skulane og barnehagane i kommunen har god kapasitet, og planen vil dermed ikkje utløyse behov for ny skule eller barnehage. Utbygginga vil tvert om sikre desse tilboda i nærområdet for framtida. Trafikktryggleik på veg til skule og barnehage i frå plan-</p>	0

		<p>området er god.</p> <p><i>Temaet får liten verdi (tilstand), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet ingen konsekvens.</i></p>	
8	Barn/unge sine interesser i planområdet – Leike- og opphaldsareal	<p>Sjå delkap. 7.10.</p> <p><i>Vurdering:</i> Planen vil ikkje medføre at leike- og opphaldsareal for barn og unge går tapt, og det vil dermed ikkje bli oppretta erstatningsareal for dette. Planen følgjer i all hovudsak gjeldande reguleringsplan, men i tillegg er det lagt inn eit nytt areal til leikeplass og til nærmiljøanlegg (ballplass). Planen er ikkje i tråd med føresetnadene i kommuneplanen, ved eit mykje større innslag av konsentrert utbygging enn det som tidlegare har vore normalt kommunen. Det er i planen sett eit vesentleg lågare krav til private uteopphaldsareal for rekkehus og leilegheiter, ettersom planen ligg tett integrert med store friområde og friluftsareal.</p> <p><i>Temaet får middels verdi (eigenskap), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet liten positiv konsekvens.</i></p>	1
9	Landskap og estetikk	<p>Sjå delkap. 7.11.</p> <p><i>Vurdering:</i> Den landskapsmessige verknaden av områdeplanen sett i forhold til gjeldande reguleringsplan vil ikkje bli stor. Områdeplanen, som i gjeldande reguleringsplan, har tre-fire byggjesoner med markerte grønne drag mellom byggjesonene. Dei grønne draga er både langsgåande og tversgåande, og tek dermed vare på eit grønt belte langs sjø, og dei fuktige dalføra frå sjø til fjell. Denne linjeføringa framhevar dei typiske trekka i landskapet. Områdeplanen inneheld mindre justeringar av bustadområda, der det har vore lagt vekt på god landskapstilpassing, og byggeområda er gitt ei avgrensing vurdert på kvalitetar i landskapet samtidig som tomtene skal få ei praktisk form og tilknytning til veg. Tiltak i medhald av planen vil ikkje i all hovudsak bryte landskaps-silhuetten, sjølv om det kan skje i frå nokon vinklar.</p> <p>I fjernverknad er det Tettaneset og Åsen som kjenne-teiknar og markerer området, og desse landskaps-elementa er godt ivaretekne i planen.</p> <p><i>Temaet får middels verdi (eigenskap), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet ingen konsekvens.</i></p>	0
10	Omsyn til naboar	<p>Sjå delkap. 7.12.</p> <p><i>Vurdering:</i> Eksisterande veg Neset blir opprusta frå kryss med Vågslia, som er same løysing som i gjeldande reguleringsplan. Tilgrensande eigedomar 20/61, 77 og 355 vil bli råka ved små inngrep som følgje av dette. Ut over dette blir ingen naboeigedomar til planområdet direkte påverka av tiltak i planen. Nokre av eigedomane som er omfatta av planen vil få inngrep knytt til vegutløysing delvis inne på sine tomter.</p> <p><i>Temaet får middels verdi (eigenskap), og planen sin på-</i></p>	0

		<i>verknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet ingen konsekvens.</i>	
11	Friluftsliv/grøne interesser	<p>Sjå delkap. 7.13.</p> <p><i>Vurdering:</i> Planframlegget er ikkje i konflikt med offentlege friluftslivsområde eller friområde, eller område som i Miljødirektoratet si kartteneste Naturbase er registrerte med nasjonal/regional/lokal verdi for friluftsliv. Området er i dag mykje brukt som friluftsområde, og planen vidarefører i all hovudsak dei areala som i gjeldande reguleringsplan er avsett til friområde og friluftsområde. Planen vil ha positiv konsekvens ved å betre leggje til rette for bruk av strandsona og forbetra tilkomst til terrenget. Det er i planen lagt inn turdrag og store areal til friområde og friluftsmål, både rundt og mellom utbyggingsområda, som skal være lett tilgjengelige og opne for ålmenta.</p> <p><i>Temaet får stor verdi (eigenskap), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som middels positiv. Samla sett får temaet liten positiv konsekvens.</i></p>	1
12	Naturmangfald	<p>Sjå delkap. 7.14.</p> <p><i>Vurdering:</i> Naturmangfaldlova (nml.) § 7 gjev at prinsippa for berekraftig bruk og forvaltning i nml. §§ 8 – 12 skal leggst til grunn, og vurderinga av desse skal gå fram. Det er ingen registrerte naturmangfaldverdiar i området, og verken Vaksdal kommune eller Fylkesmannen i Hordaland er kjende med at det har vore føretatt naturtypekartleggingar i området. Planområdet ligg i det prioriterte viltområdet «Tettaneset-Åsen-Kleivfjellgjelet», som er vurdert som «svært viktig» som vinterbeiteområde for hjort.</p> <p>Planen følgjer i stor grad gjelande reguleringsplan, og vi anser kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg. Planen vil føre til ei forringing av dette arealet som vinterbeite for hjort, men vi vurderer planen slik at den ikkje vil berøre naturmangfald i nemneverdig grad, jf. nml. § 8. Følgelig får ikkje føre-var-prinsippet anvendelse, jf. nml. § 9. Vi er ikkje kjende med andre kommande arealplanar i området. Det vert dermed lagt mindre vekt på prinsippet om samla belastning i nml. § 10. Av same grunn vert det lagt mindre vekt på nml. §§ 11 og 12. Planen følgjer i all hovudsak gjeldande reguleringsplan, og vil med dette ikkje føre til ytterlegare nedbygging av betydelige areal.</p> <p><i>Temaet får stor verdi (eigenskap), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet ingen konsekvens.</i></p>	0
13	Strandsone og vassdrag	<p>Sjå delkap. 7.15.</p> <p><i>Vurdering:</i> Tiltaket er i tråd med overordna plan, og områdeplanen følgjer i all hovudsak eksisterande reguleringsplan, og vil ikkje føre til ytterlegare nedbygging av strandsona. Det er lagt inn store areal til friområde og friluftsmål langs strandsona, og rundt og mellom bustadareala. Desse områda skal sikre ålmenn tilgjenge til</p>	0

		<p>strandsona. Strandsona er i dag stadvis vanskeleg tilgjengeleg, og planen legg til rette for auka tilgjenge til strandsona. Småbåthamna er noko utvida i høve til gjeldande reguleringsplan, men arealkonsekvensane i strandsona er uendra. Det var ei lite effektiv utforming på opphaveleg område for småbåthamn, slik at tal på potensielle båtplassar ikkje var i høve til storleiken på arealet og dei inngrepa det førte med seg.</p> <p><i>Temaet får stor verdi (eigenskap), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet ingen konsekvens.</i></p>	
14	Kulturminne	<p>Sjå delkap. 7.16.</p> <p><i>Vurdering:</i> Det ligg ein automatisk freda kulturminne-lokalitet (gravfelt) innanfor planområdet. Det ligg ingen SEFRAK-registrerte bygningar i planområdet. Som i gjeldande reguleringsplan er gravfeltet teke omsyn til, både i plankart og føresegner. Arealet er i planen vist som bandlagt etter lov om kulturminne, og arealet inngår som det av omsynssone for bevaring av kulturmiljø, som igjen inngår i eit offentlege friområde. Dersom det i samband med gravearbeid vert gjort funn av gjenstandar eller konstruksjonar, skal arbeidet stogkast snarast og fylkeskonservatoren underrettast, jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.</p> <p><i>Temaet får stor verdi (eigenskap), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet ingen konsekvens.</i></p>	0
15	Energiløysingar	<p>Sjå delkap. 7.17.</p> <p><i>Vurdering:</i> Som i gjeldande reguleringsplan skal ein i denne områdeplanen prioritera bruk av fornybare energikjelder til oppvarming, og val av konkret løysing vil skje som ein del av detaljprosjekteringa. Grunngeving for, og dokumentasjon av, valt energiløysing skal sendast inn saman med rammesøknad, jf. føresegnene.</p> <p><i>Temaet får middels verdi (eigenskap), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet ingen konsekvens.</i></p>	0
16	Løysing for vatn, avlaup og overvatn	<p>Sjå delkap. 7.18.</p> <p><i>Vurdering:</i> Det er i dag ingen teknisk infrastruktur i området, utanom ein pumpestasjon ved Agnavikjæ. Som i gjeldande reguleringsplan vil all teknisk infrastruktur i området bli prosjektert og lagt samtidig med utbygging av vegane, og skal knytast til eksisterande kommunalt leidningsnett i Vågslia. Det er det lagt opp til eit tradisjonelt utbyggingsmønster i samsvar med kommunen sin nye norm for VA-anlegg. I forprosjekt VVA har ein kome fram til ei forbetra løysing ved å bygge ein ny kombinert pumpestasjon/sugelanlegg på Neset like ved eksisterande slamavskiljar.</p> <p>Vatnet er tilført området via ein ny sjøleidning frå Neset, parallelt med sugeleidninga for spillvatn. Det er stilt krav til intern trykkforsterkning for nokre få hus i felt BFS5-3 som vil ligge høgare enn kote 60.</p>	1

		<p>Det skal liggja føre godkjent VA-rammeplan før ramme-søknad kan godkjennast. Rammeplanen skal òg omfatte heilskaplege løysingar for overvasshandtering, der planen skal dimensjonere og vise overvasshandtering og flomvegar. Nedbør skal hovudsakleg ha avløp ved infiltrasjon i grunnen og i opne vassvegar, etter prinsipp om lokal overvasshandtering. Plassering av eventuell pumpestasjon for spillvatn i LF_3 skal avklarast i VA-rammeplan.</p> <p><i>Temaet får stor verdi (eigenskap), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet liten positiv konsekvens.</i></p>	
17	Renovasjon	<p>Sjå delkap. 7.19.</p> <p><i>Vurdering:</i> I gjeldande reguleringsplan er det ikkje vist løysingar for renovasjon. Det er utarbeidd ein renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP) etter den renovasjonstekniske rettleiaren (RTV), godkjent av BIR. Avfallshandtering skal skje i samsvar med RTP innanfor planområdet. I planen er det sett av areal til renovasjon, der det ikkje er mogleg med samle plassar langs veg på grunn av manglande snumoglegheit for renovasjonsbil. Dette er supplert av samlepunkt for behaldarar for dei områda som ikkje er tilgjengeleg med renovasjonsbil.</p> <p><i>Temaet får middels verdi (eigenskap), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet liten positiv konsekvens.</i></p>	1
18	Helse, -miljø og tryggleik	<p>Sjå delkap. 7.20 og 7.21.</p> <p><i>Vurdering:</i> Områdeplanen inneheld justerte og forbetra løysingar samanlikna med gjeldande reguleringsplan, då spesielt med tanke på veg, fortau og tilgjenge. Det er område for både utløysing og utlaup innanfor planområdet, og det er dermed gjennomført rasvurdering i området. Som følgje av vurderinga er det i planen lagt inn omsynsoner for ras- og skredfare (H310) og område for busetnad, anlegg og uteopphaldsareal er tilpassa til desse områda. Vidare går det i dag ein kraftleidning (24 kV) gjennom øvre del av planområdet. Planen føreset at leidningen vil bli lagt i jordkabel.</p> <p>Det som i dag utgjer eit lite tilgjengeleg område, vil bli oppgradert til dagens krav, og for størstedelen av planområdet gjort tilgjengeleg for ålmenta. Tryggleik for mjuke trafikantar er sikra med fortau og gangveg/gangareal langs hovudvegen i planområdet. Planen vil bidra positivt i eit folkehelseaspekt, ved å kunne tilby bustader i nærleik til natur og friluftsliv.</p> <p><i>Temaet får middels verdi (eigenskap), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet liten positiv konsekvens.</i></p>	1

19	Eigedomsinngrep	<p>Sjå delkap. 7.22.</p> <p><i>Vurdering:</i> Som i gjeldande reguleringsplan er det i områdeplanen naudsynt med innløyising av eigedomar for å realisere planen. Planen fører ikkje til ytterlegare eigedomsinngrep.</p> <p><i>Temaet får middels verdi (eigenskap), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som lite/ingen. Samla sett får temaet ingen konsekvens.</i></p>	0
20	Økonomiske konsekvensar for kommunen	<p>Sjå delkap. 7.23.</p> <p><i>Vurdering:</i> Utvikling av planområdet medfører ingen kjent negativ økonomisk konsekvens for kommunen, utover at veg, gangveg/gangareal og eit par grøntområde/leikeplassar skal vere offentlege. Dette medfører drift- og vedlikehaldskostnadar for kommunen. Desse kostnadane er små i høve til talet på bustader, og såleis ein mindre kostnad per bebuar enn det som er vanleg i kommunen.</p> <p><i>Temaet får middels verdi (eigenskap), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som liten/ingen. Samla sett får temaet ingen konsekvens.</i></p>	0
21	Universell utforming	<p>Sjå delkap. 7.24.</p> <p><i>Vurdering:</i> Som i gjeldande reguleringsplan, skal minst 30 % av bueiningane i felt med konsentrert småhus (BKS) ha universell utforming og universell tilgjenge mellom parkeringsplass, tilkomst og uteopphaldsareal m.m. I gjeldande plan er det berre bustadane i felt B2 (her BKS1) som skal være universelt utforma. Områdeplanen gir at alle bustadane i felt BKS1 og B2-2, i tillegg til minst 70 % av bustadane i B1 skal vera universelt utforma.</p> <p>Gjeldande reguleringsplan seier ikkje noko om universell utforming av andre område enn område for bustad. Områdeplanen gir derimot føringar òg her.</p> <p>Universell utforming av fortau er vanskelig å oppnå for heile strekninga, då stigninga følgjer veganlegget, der det brattaste partiet ligg på ca. 1:10. Turdraget GTD2 er universelt utforma, og gir alle folk god tilgjenge til turområdet på Tettaneset.</p> <p><i>Temaet får stor verdi (eigenskap), og planen sin påverknad for områda innanfor temaet er vurdert som middels positivt. Samla sett får temaet middels positiv konsekvens.</i></p>	2

9 RISIKO OG SÅRBARHEIT- ROS

9.1 Metode

Plan og bygningslova § 4-3 har reglar om risiko- og sårbarheitsanalysar i planarbeid, og her står det m.a. at analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har verknad for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og at område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast i planen som om-synssone. I Norsk Standard NS5814, vert risiko definert slik:

Uttrykker den fare som hendelser/tilstander representerer for mennesker, miljø eller materielle verdier. Risiko uttrykkes som sannsynligheten for og konsekvenser av de uønskede hendelsene.

Det er teke utgangspunkt i kriterium og inndeling av uønskte hendingar i sannsyn og konsekvens som i den overordna ROS-analysen i Stord kommune og FylkesROS for Hordaland. Intervall og kriterium er oppdatert slik at dei stettar krava i teknisk forskrift (TEK 10). Hendingane vert vurdert ut frå sannsyn for og konsekvens av hendinga. Metodikken er òg tilpassa Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap sin temarettleiar Samfunnssikkerhet i arealplanlegging – Kartlegging av risiko og sårbarhet. Følgjande definisjonar er lag til grunn:

Sannsynsgrad for dei uønska hendingane må rangerast etter antatt frekvens for dei ulike hendingane (hyppigheit), men for flom, stormflo og skred er krav i TEK10 innarbeidd:

	Vekt	Største nominelle årlege sannsyn - Flom og stormflo	Største nominelle årlege sannsyn - Skred
Svært sannsynleg/kontinuerlig	5	1/20	1/100
Sannsynleg/periodevis, lengre varigheit	4	1/200	1/1000
Noko sannsynleg/fleire enkelttilfelle	3		
Lite sannsynlig/kjenner tilfelle	2	1/1000	1/5000
Usannsynlig/ingen tilfelle	1		

Konsekvensane av dei uønska hendingane er rangert som følgjer:


Konsekvens	Vekt	Menneske (liv og helse)	Ytre miljø (Luft, jord, vatn)	Materielle verdier
Katastrofalt	5	Ein eller fleire daude	Svært alvorlege og langvarige skadar, uoppretteleg miljøskade	Skade for meir enn 50 mill. kr
Farleg	4	Alvorlege skadar/ein daud	Alvorlege skadar med regionale konsekvens, som vil utbetrast på sikt (> 1 år)	Skade mellom 5 mill. og 50 mill. kr
Kritisk	3	Alvorlege personskadar	Omfattande skadar med regionale konsekvensar, som vil utbetrast på sikt (< 1 år)	Skade mellom 500 000 og 5 mill. kr
Ei viss fare	2	Få og små personskadar	Mindre/lokale skadar, som naturen sjølv utbetrar på kort tid	Skade mellom 50 000 og 500 000 kr
Ufarleg	1	Ingen personskadar	Ingen eller ubetydeleg skade	Skade for inn til 50 000 kr



→ Medfører uakseptabel risiko. Her **skal** risikoreduerande tiltak gjennomførast, alternativt skal det gjennomførast meir detaljerte ROS analysar for ev. å avkrefte risikonivået.



→ ALARP-sone, dvs. avbøtande tiltak skal/bør gjennomførast for å redusere risikoen så mye som mulig. (ALARP = AS Low As Reasonable Practicable). Det vil ofte være naturleg å legge ein kostnytteanalyse til grunn for vurdering av enda fleire risikoreduerande tiltak.



→ I utgangspunktet akseptabel risiko, men fleire risikoreduerande tiltak av vesentleg karakter skal/bør gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar.

RISIKOMATRISJE						
SANNSYN	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5
KONSEKVENS						

9.2 ROS- evaluering

ROS – analysen danner grunnlaget for vurderingar av risiko og sårbarheit for planområdet:

Hendingar / situasjon	Aktuelt	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/Tiltak
Natur og miljøforhold					
<i>Ras/Skred/flom/grunnforhold. Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre risiko for:</i>					
1. Masseras/-skred	X	S3	K3	3,3	Innanfor planområdet er det område for både utløsning og utlaup av skred.
2. Steinsprang	X	S4	K3	4,2	Etter rasvurdering i området er aktuell skredtype steinsprang.
3. Masseras vegfyllingar	X	S2	K1	2,1	Vegframføringa gir fyllingar og skjeringar i terreng, og masse-

					ras kan skje. På den annen side sikrer planen tilhøva etter gjeldande normer og krav.
4. Snø/-isras	X	S3	K3	3,3	Innanfor planområdet er det område for både utløsning og utlaup av skred.
5. Flaumras	-				
6. Flaum	-				
7. Økt vasstand	X	S4	K2	4,2	Skuldast generell havnivåauke.
8. Tidevassflaum	X	S4	K2	4,2	Skuldast generell havnivåauke.
9. Radongass	X	S2	K2	2,2	Radonaktsemda i planområdet er moderat til låg. Radonførebyggande tiltak skal gjerast etter TEK10.
<i>Vær og vindeksponering. Er området spesielt:</i>					
10. Vindutsett	-				
11. Utsett for unormal nedbør og/eller vind	-				
<i>Natur- og kulturområde</i>					
12. Sårbar flora	X	S3	K2	3,2	Ingen registrerte verdiar i området, men nedbygging kan generelt medføre tap av sårbar flora.
13. Sårbar fauna/fisk	X	S3	K2	3,2	Ingen registrerte verdiar i området, men nedbygging kan generelt medføre tap av sårbar fauna.
14. Verneområde	X	S1	K4	1,4	Eit automatisk freda kulturminne innanfor planområdet.
15. Vassdragsområde	-				
16. Fornminne (SEFRAK)	-				
17. Kulturminne/-miljø	X	S1	K2	1,2	Potensiale for ytterlegare funn er liten, då området er godt kartlagt.
<i>Menneskeskapte forhold</i>					
<i>Strategiske område og funksjoner. Kan planen/tiltaket få konsekvensar for:</i>					
18. Veg, bru, knutepunkt	X	S3	K2	3,2	Planområdet får vegutløsning ved brua over Dalevågen.
19. Hamn, kaianlegg	X	S3	K2	3,2	Småbåthamn i planområdet. Behov for sikring.
20. Sjukehus/-heim, kyrkje	-				
21. Skule/barnehage	-				
22. Brann, politi, sivilforsvar	X	S2	K2	2,2	Brann i bygning, sløkkevatn og tilkomst er i vareteke.
23. Kraftforsyning	X	S2	K1	2,1	Planen får ingen konsekvensar for kraftforsyning generelt.
24. Vassforsyning/avlaup	X	S2	K2	2,2	Kommunale tenester.
25. Forsvarsområde	-				
26. Tilfluktsrom	-				
27. Område for idrett/leik	-				

28. Rekreasjonsområde	X	S4	K2	4,2	Strandsone vert berørt.
29. Område for friluftsliv	X	S4	K2	4,2	Mykje brukt friluftsområde vert berørt.
30. Område for landbruk	-				
<i>Forureiningskilde som finnes i dag, og som har verknad for planområdet:</i>					
31. Akutt ureining	-				
32. Permanent ureining	-				
33. Støv og støy frå industri	-				
34. Støv og støy: trafikk	-				
35. Støv og støy: andre kjelder	-				
36. Ureina grunn	-				
37. Ureina i sjø	-				
38. Høgspenning (emstråling)	X	S4	K2	4,2	Det går ein kraftleidning (24 kV) gjennom øvre del av planområdet.
39. Risikofylt industri mm. (kjemikaliar/eksplosivar, olje/gass, radioaktivitet)	-				
40. Avfallsbehandling	-				
41. Oljekatastrofeområde	-				
<i>Forureiningskjelde/faktorar som følgje av planen:</i>					
42. Fare for akutt ureining	X	S2	K2	2,2	Slamflukt og tilføring av nitrogen til naturområde kan skje i utbyggingsfasen.
43. Permanent ureining	-				
44. Støv og støy frå trafikk	X	S3	K1	3,1	Noko støy frå ny generert trafikk, men ikkje nødvendig med støydempe tiltak.
45. Støv og støy frå andre kjelder	X	S2	K1	2,1	Noko støy frå ny småbåthamn.
46. Ureining i sjø/vassdrag	X	S2	K2	2,2	Slamflukt og tilføring av nitrogen kan skje i utbyggingsfasen.
47. Risikofylt industri mm (kjemikalie/eksplosivar, olje/gass, radioaktivitet)	-				
<i>Transport. Er det risiko for:</i>					
48. Ulykke med farlig gods	-				
<i>Trafikktryggleik/ faktorar som følgje av planen:</i>					
49. Møteulykker	X	S3	K3	3,3	Ulykker kan førekomme. Planen sikrar tilhøva etter gjeldande normer og krav.
50. Ulykke i av-/ påkøyrslar	X	S3	K3	3,3	Ulykker kan førekomme. Planen sikrar tilhøva etter gjeldande normer og krav.
51. Ulykke med gåande/syklande	X	S3	K3	3,3	Ulykker kan førekomme. Planen sikrar trafikktryggleik med fortau og gangareal.
52. Vilt påkjørslar	-				
53. Utdøyringsulykker	X	S2	K3	2,3	Ulykker kan førekomme.

54. Havari i tunnel	-				
55. Personskadeulykker i tunnel	-				
56. Brann i tunnel	-				
<i>Andre forhold:</i>					
57. Sabotasje og terror-handlingar	-				

9.2.1 Oppsummering

S5					
S4		2, 7, 8, 28, 29, 38			
S3	44	12, 13, 18, 19	1, 4, 49, 50, 51		
S2	3, 23, 45	9, 22, 24, 42, 46	53		
S1		17		14	
	K1	K2	K3	K4	K5

Tabell 1 Oppsummering av ROS

9.2.2 Skildring av hendingar

Hending nr. 1, 2 og 4 – Masseras/-skred, steinsprang og Snø/-isras

Innanfor planområdet er det område for både utløyning og utlaup av skred, og det er dermed føretatt rasvurdering av området. Rasvurderinga konkluderer at aktuell skredtype i området er steinsprang, og det blei utarbeidd kart med faresoner innanfor planområdet. Dei ulike faresonene er innarbeidd i reguleringsplanen, ved leggje inn omsynsområde for ras- og skredfare, og ved å tilpasse område for busetnad og anlegg desse områda. For nokre av faresonene skal det jf. føresegnene utførast reinsk av skråningar, skrentar og eller vegetasjon, ev. sikring med fjellboltar og utførast ein inspeksjon med ev. tiltak ved opparbeiding av området. Sikringstiltak skal prosjekterast og følgast opp av geolog, jf. føresegnene. Innanfor byggjegransene i sone H310_12b kan det jf. føresegnene ikkje byggast bygg for varig opphald, men garasjar, reiskapsbuer og liknande kan likevel settast opp. Fjellskjeringar som følgje av vegframføring må òg sikrast mot steinsprang.

Hending nr. 7 og 8 – Økt vasstand og tidevassflaum

Som følgje av at området er sjønært vil det alltid vere fare for flaum med og utan "tsunamieffekt". Tidevassflaum eller stor springflo representerer ikkje fare for liv og helse, men for verdiar. Det er regulert areal til ei småbåthamn, men det er ingen planlagde bygg nær sjø i planen.

Hending nr. 12 og 13 – Sårbar flora og fauna/fisk

Ingen registrerte verdiar i området, men nedbygging kan generelt medføre tap av sårbar flora og fauna/fisk.

Hending nr. 14 – Verneområde

Det ligg eit automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Potensiale for ytterlegare funn er liten då det har vore føretatt registreringar i området. Gravfeltet på Tettaneset er teke omsyn til i planen, der den er vist som bandlagt etter lov om kulturminne. Arealet inngår som det av omsynssone for bevaring av kulturmiljø, som igjen inngår i eit offentlege friområde. Føresegnene gir at det i området ikkje kan utførast noko arealinngrep, jf. kulturminnelova § 3. Skjøtsel av gravfeltet skal skje i samsvar med Skjøtselsplan for arkeologisk kulturminne på Tettaneset – lokalitet 35553, og i samråd med kulturminnevernstyresmaktene.

Hending nr. 18 - Veg, bru, knutepunkt

Planområdet får vegutløysing ved brua over Dalevågen, og vil dermed føre til auka trafikk og slitasje på brua.

Hending nr. 19 - Hamn/kaianlegg

Det er avsett areal til ei småbåthamn i planen. Dette representerer fare som ikkje utan vidare let seg løyse ved inngjerding mv., men bryggekanter bør forsynast med livredningsutstyr, leier og god belysning.

Hending nr. 28 og 29 – Rekreasjonsområde og Område for friluftsliv

Planen vidarefører i all hovudsak dei areala som i gjeldande reguleringsplan er avsett til friområde og friluftsområde. Strandsona er i dag stadvis vanskeleg tilgjengeleg. Strandsona vert berørt ved bygging av småbåthamn, men planen legg òg til rette for bruk av strandsona og forbetra tilkomst til terrenget. Det er i planen lagt inn turdrag og store areal til friområde og friluftsførmål, både rundt og mellom utbyggingsområda, som skal være lett tilgjengelige og opne for ålmenta.

Hending nr. 38 – Høgspenlinje (em-stråling)

Det går ein kraftleidning (24 kV) gjennom øvre del av planområdet, som skal leggest i jordkabel. I reguleringsplanen er det teken med ei omsynssone på 18 meter på kvar side av kraftleidninga.

Hending nr. 49, 50, 51 og 53 - Ulykker

Ulykker kan førekome. Planen sikrar tilhøva etter gjeldande normer og krav, og aukar trafikktryggleiken for mjuke trafikkantar med fortau og gangareal.

10 VEDLEGG

- Plankart datert 17.01.2017
- Føresegner datert 17.01.2017
- Geologisk rapport (SWECO) datert 25.11.2015
- Geologisk rapport (Noteby) datert 11.01.1982
- Merknader til 1. gongs offentlig høyring, melding om oppstart, samt merknader til opphavsleg utlegging til offentlig ettersyn



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
03/2017	Valstyret	PS	20.02.2017
16/2017	Kommunestyret	PS	06.03.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 011	16/553

INNFØRING AV ELEKTRONISK AVKRYSSING I MANNTALET PÅ VALDAGEN / ENDRING/NEDLEGGING AV VALKRINSAR

Vedlegg:

Elektronisk avkryssing i manntallet på valgdagen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommunestyre vedtek at det frå Stortingsvalet 2017 skal vere 3 valkrinsar i Vaksdal kommune; Vaksdal, Dale og Eidsland. Røystelokala vert lagde til Vaksdal samfunnshus, Dale barne- og ungdomsskule og Eidsland grendahus.
2. Stanghelle og Bergsdalen vert lagt til Dale valkrins. Eksingedalen og Stamnes vert lagt til Eidsland valkrins.
3. Vaksdal kommune skal nytta elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen.

Valstyret - Sak 03/2017

VAL - Behandling:

Framlegg frå Eirik Haga om nytt punkt 3:

Det vert lagt til rette for førehandsrøysting 1 dag på Stanghelle, Stamnes og i Eksingedalen.

Framlegget frå rådmannen med endringsframlegget frå Eirik Haga vart samrøystes vedteke.

VAL - Tilråding:

1. Vaksdal kommunestyre vedtek at det frå Stortingsvalet 2017 skal vere 3 valkrinsar i Vaksdal kommune; Vaksdal, Dale og Eidsland. Røystelokala vert lagde til Vaksdal samfunnshus, Dale barne- og ungdomsskule og Eidsland grendahus
2. Stanghelle og Bergsdalen vert lagt til Dale valkrins. Eksingedalen og Stamnes vert lagt til Eidsland valkrins

3. Det vert lagt til rette for førehandsrøysting 1 dag på Stanghelle, Stamnes og i Eksingedalen
4. Vaksdal kommune skal nytta elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vallova § 9-3 seier følgjande om antal krinsar:

§ 9-3. Tid og sted for stemmegivningen. Organisering

(1) Kommunestyret, eller valgstyret etter delegering, avgjør hvor mange stemmekretser kommunen skal deles inn i. Folkeregistermyndigheten skal orienteres om endringer i stemmekretsinnstillingen innen 31. mars i valgåret.

Det ligg såleis til kommunestyret, eller valstyret etter delegasjon, å ta stode til kor mange valkrinsar kommunen skal delast inn i.

I Vaksdal kommune er det i dag 7 krinsar: Dale, Stanghelle, Bergsdalen, Vaksdal, Stamnes, Eidsland og Eksingedalen. Det har ikkje vore endringar i krinsinnstillinga sidan 1999 då Nordgrend krins var lagt ned og innlemma i Stamnes. Endring i valkrinsane må vera registrert i matrikkelen seinast 31. mars i valåret.

Ved siste val var antal manntalsførte i dei 7 krinsane slik:

Krins	Kommunevalet 2015	Pr. 01.02.2017
0000	8	7
0001 Dale	957	890
0002 Stanghelle	625	601
0003 Bergsdalen	64	61
0004 Vaksdal	1009	939
0005 Stamnes	350	336
0006 Eidsland	105	92
0007 Eksingedalen	118	113
Totalt	3236	3039

Vaksdal kommune sitt delegasjonsreglementet inneheld ikkje delegasjon til valstyret å ta avgjerd i endring av valkrinsar. Det er heller ikkje gjort særskilt vedtak om dette, saka må difor leggast fram for kommunestyret.

Elektronisk avkryssing i manntalet har vore gjennomført som eit forsøk i utvalde kommunar ved dei tre siste vala. Vallova er no endra slik at dette frå og med stortingsvalet 2017 er innført som ei permanent, frivillig ordning i alle kommunar.

Vurdering

Elektronisk avkryssing i manntalet vil effektivisere avviklinga av valet, både i vallokala og ved oppteljinga. Ein vil og redusere feilavkryssingar i manntalet ved at strekkoden på valkortet vert nytta for å slå opp veljaren i manntalet.

Rutinen med framande røyster vil falla vekk, då alle vallokala har tilgang til avkryssingsmanntalet for

heile kommunen. Veljaren kan difor gå til kva vallokale som helst for å røysta, og avgje røysta si rett i urna. Ein slepp bruk av konvoluttar for veljarar som går i andre vallokale enn der dei er manntalsførte. Alle innbyggjarane får såleis ei lik oppleving av korleis valet vert avvikla, uavhengig av kva krins og vallokale ein røystar i.

Dei siste vala har det vore investert i nye valavlukka i nokre av vallokala. For å tilfredsstillе krav om universell utforming, treng fleire av vallokala nye avlukke. Kostnaden for eit valavlukka er i overkant av kr 6 000 + mva. Ved å redusera antal krinsar vil ein raskare få oppdatert utstyr som stettar krav om universell utforming og ein kan tilby veljarane i desse krinsane eit betre utforma vallokale.

Ved elektronisk avkryssing i manntalet er det ein føresetnad med stabil nettilgang i vallokalet og ein må ha PCar tilgjendeleg for valfunksjonærane. Det er anbefalt å ha minst to PCar i kvart lokale, både for å ta unna toppar, og for å ha ei backupløysing. Dette må også sjåast opp mot vurderinga om å redusera antal krinsar

Evaluering av forsøka med elektronisk avkryssing har vist at dei kommunane som har deltatt i forsøka har vore svært nøgde. Mange kommunar går no over til denne ordninga i samband med stortingsvalet.

Ein reduksjon i antal valkrinsar vil medføre færre valfunksjonærar/medlemmer i røystestyra, og det vil vere færre vallokale å administrera. Mange kommunar har redusert talet på valkrinsar dei siste åra. For å unngå at dette svekkar valdeltakinga er det særleg to forhold som er viktige: førehandsrøysting over ein lengre periode og ambulerande røstemottaking.

Ved alle val er det mogeleg å førehandsrøysta. Ordinær førehandsrøysting skjer frå 10. august og fram til siste fredag før valdagen. I tillegg er det ei ordning med tidlegrøysting frå 3. juli og fram til den ordinære førehandsrøystinga. Vaksdal kommune har førehandsrøysting i heradshuset samt på sjukeheimane og i Sveabrekko. Utvida opningstider kan vera aktuelt dersom ein vel å redusere antal røystekrinsar.

I tillegg er det ambulerande røstemottaking. Her kan veljarar som av spesielle grunnar ikkje kan ta seg fram til eit vallokale, søkje om å få førehandsrøyste der dei oppheld seg (i heimen).

Konklusjon

Rådmannen rår til at Vaksdal kommune tar i bruk elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen frå og med stortingsvalet 2017. Som ein konsekvens av dette vert det føreslått å endra talet på valkrinsar til 3. Stanghelle og Bergsdalen vert foreslått innlemma i Dale. Eksingedalen og Stamnes vert føreslått innlemma i Eidsland. Reisetid for veljarane er tatt med i vurderinga her. Alternativt kan Stamnes oppretthaldast som eigen krins, og at Eksingedalen og Eidsland vert innlemma her.

På grunn av kort tidsfrist, er det ikkje lagt opp til at saka vert sendt på høyring. Dersom antal valkrinsar skal reduserast må ein uansett syta for god informasjon i tida fram mot valet, og legga til rette for eit breitt tilbod om førehandsrøysting.

Valgstyrene

Deres ref.:

Vår ref.:
2016/126

Dato:
01.09.2016

Elektronisk avkryssing i manntall på valgdagen

Valgdirektoratet viser til brev fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 17.06.2016 angående endringer i valgloven. Blant endringene ble det tilføyd en ny bestemmelse i § 9-5 a om elektronisk avkryssing i manntallet på valgdagen. Med dette brevet ønsker direktoratet å gi valgstyrene i kommunene noe utfyllende informasjon om hva en overgang til elektronisk avkryssing vil innebære.

Elektronisk avkryssing i manntallet har blitt gjennomført som et forsøk ved de tre siste valgene. Evalueringene har vist at kommunene som har deltatt i forsøket har vært svært fornøyde, og ønsker ikke å gå tilbake til rutinen med papirmanntall. Hensikten med å innføre elektronisk avkryssing i manntallet som en permanent frivillig ordning, er at dette vil effektivisere valgavviklingen på valgdagen både for velgere og valgfunksjonærer. Dette gjelder både i valglokalet, under opptellingen og ved valgoppgjøret. I tillegg vil elektronisk avkryssing redusere antallet feilavkryssninger i manntallet, da valgfunksjonæren gjerne benytter strekkoden på valgkortet for å slå opp velgeren i manntallet. Bruk av elektronisk avkryssing i manntallet vil videre føre til en mer ensartet valghandling for velgeren, uavhengig av hvor i kommunen man stemmer. Dette fordi man vil fjerne bruken av konvolutter for velgere som stemmer i en annen krets enn vedkommende er manntallsført. Dette vil også i større grad sikre prinsippet om hemmelige valg.

Dersom kommunen velger å benytte seg av denne ordningen, er det enkelte hensyn som må tas i planleggingen av valggjennomføringen. Valgdirektoratet ønsker å skissere disse, slik at kommunen i best mulig grad kan forberede seg til neste års valg.

Utstyr/nettilgang

Dersom kommunen ønsker å innføre elektronisk avkryssing i manntallet på valgdagen, er det

en forutsetning at dette innføres i samtlige av kommunens kretser.

Kommunen må forsikre seg om at det er stabil nettilgang i alle valglokalene på valgdagen. Direktoratet vurderer at det kan være hensiktsmessig å undersøke dette i forkant av valgdagen. Valgdirektoratet vil anbefale en kablet nettløsning, da dette er den sikreste måten å sørge for stabil nettilgang.

Videre er det viktig å sørge for gode back-up løsninger på nettilgangen, i tilfelle tilgangen er ustabil. Mulige back-up løsninger vil kunne være trådløst nett, eller kjøpte rutere med 4G-nettilgang. Det kan være fordelaktig å få bistand fra eventuelle IT-ansvarlige i kommunen til dette arbeidet. Merk at det *ikke* er anledning til å benytte papirmanntall som en back-up løsning. Dersom kommunen velger å benytte seg av elektronisk avkryssing i manntallet, er dette det eneste manntallet som skal benyttes for avkryssinger.

Ved en innføring av elektronisk avkryssing i manntallet, vil kommunen måtte benytte PC-er i alle valglokalene. Kommunen må derfor sørge for at det finnes tilstrekkelig antall PC-er til å håndtere velgermassen i valglokalene. Dersom kommunen må kjøpe inn nye PC'er til dette formålet, er det viktig at det settes av midler i valgbudsjettet til dette.

Betydning for rutiner

Fremmede stemmer

Elektronisk avkryssing i manntallet vil bety en rutineendring for kommunene. For kommuner med flere kretser, vil man ikke lenger motta *fremmede stemmer*. Dette skyldes at et elektronisk manntall vil gi tilgang til manntallet for hele kommunen. Velgeren kan da gå til hvilken som helst valglokale i kommunen, avgi stemmen rett i urnen og bli krysset av i manntallet. Denne rutineendringen innebærer dermed at kommunen ikke trenger å behandle fremmede stemmer etter at valglokalene er stengt. Kommunene må imidlertid forholde seg til en ny stemmetype, kalt *beredskapsstemmer*.

Beredskap

Dersom kommunen opplever å miste tilgang til nettet i løpet av valgdagen, og ikke greier å få koblet til back-up løsningen, må kommunen benytte en beredskapsrutine. Ved en eventuell beredskapssituasjon, må stemmegivninger avlegges i konvolutt. Det vil foreligge spesifikke oransje beredskapskonvolutter som skal benyttes i dette tilfellet. Beredskapsstemmene må behandles sentralt i kommunen etter at valglokalene er stengt. Det er ikke anledning for kommunen å benytte beredskapsrutinen i stedet for elektronisk avkryssing. Dersom kommunen velger å benytte elektronisk manntall, skal dette være tilgjengelig i alle kommunens valglokaler.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet arbeider med en forskrift for en beredskapsprosedyre. Denne vil være mye tilsvarende den som allerede benyttes under

forhåndsstemmeperioden.

Kretsvisе resultater

Det er fortsatt slik at velgeren tilhører en bestemt krets. Velgeren kan imidlertid stemme hvor som helst i kommunen. Når velgeren slipper stemmeseddelen rett i urnen, vil det ikke være mulig å spore denne tilbake til vedkommende. Stemmeseddelen må derfor telles opp i den kretsen hvor velgeren faktisk møtte opp og avga sin stemme. Dette innebærer at kretsvisе resultater og oppmøteprosent kan bli noe annerledes fra tidligere år. Det er viktig å merke at resultater og oppmøteprosent ikke blir feil, men de vil gjelde for faktisk oppmøte og resultat i den aktuelle kretsen. Videre så vil det ikke bli noe forskjell i resultater og oppmøteprosent totalt for hele kommunen.

Mer informasjon om elektronisk avkryssing i manntallet vil komme på Valgmedarbeiderportalen. Det vil også bli gitt innføring i bruken av elektronisk avkryssing under opplæringen for valgmedarbeiderne våren 2017. Ved eventuelle spørsmål, kan dette rettes til post@valg.no

Med hilsen

Elin Olderlund
avdelingsleder

Lise Merkesdal
rådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Kopi: fylkesvalgstyrene



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
19/2017	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	20.02.2017
17/2017	Kommunestyret	PS	06.03.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Verpelstad	FA - U63, TI - &58	16/1523

SANKSJONAR ETTER SKJENKEKONTROLL

Vedlegg:

Tilbakemelding frå kontrallrapporten 5-6 november

Skriftleg uttale etter kontroll 05. november 2016

Milano pizzeria Vaksdal -Tilleggsrapport etter kontroll 5. November 2016

Milano Pizzeria Vaksdal

Tilleggsrapport Milano Pizzeria 5 november 2016 U.off

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert tildelt 5 prikkar for bevillingshavar Milano pizzeria Vaksdal etter skjenkekontroll 05.11.2016.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 19/2017

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding:

Det vert tildelt 5 prikkar for bevillingshavar Milano pizzeria Vaksdal etter skjenkekontroll 05.11.2016.

Saksopplysningar:

Ein viser her til kapittel 10 i *Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv (alkoholforskriften)* – *inndraging i sals- og skjenkeløyver*. Dei bestemmelsane i alkohollova som er brotne er utheva med feit skrift.

§10-1 Ved overtredelser som nevnt i § 10-3 skal kommunen tildele bevillingshavar et bestemt antall prikker. Likeartede brudd avdekket ved samme kontroll skal anses som ett enkelt brudd. Dersom bevillingshavar i løpet av en periode på to år er tildelt til sammen 12 prikker, skal kommunestyret inndra bevillingen for et tidsrom på én uke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt flere enn 12 prikker skal kommunestyret øke lengden på inndragningen tilsvarende.

Ved beregning av toårsperioden skal overtredelsestidspunktene legges til grunn. Toårsperioden gjelder uavhengig av om bevillingen er fornyet i løpet av perioden, jf. alkoholloven § 1-6. Ved overdragelse begynner ny periode på overdragelsestidspunktet, jf. alkoholloven § 1-10 første ledd.

Følgende overtredelser fører til tildeling av fire prikker:

- salg og utlevering til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 3-1 i denne forskriften, skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 4-2 første ledd i denne forskriften
- brudd på salgs-, utleverings- og skjenketidsbestemmelsene, jf. alkoholloven § 3-7 og § 4-4 Side 2 of 3
- **skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf. alkoholloven § 1-5 første ledd**
- brudd på alderskravet til den som selger, utleverer eller skjenker alkoholholdig drikk, jf. alkoholloven § 1-5 tredje ledd.

Følgende overtredelser fører til tildeling av én prikk:

- brudd på kravet om alkoholfrie alternativer, jf. § 4-6 i denne forskriften
- brudd på regler om skjenkemengde, jf. § 4-5 i denne forskriften
- konsum av medbrakt alkoholholdig drikk, jf. § 4-4 i denne forskriften
- gjester medtar alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i denne forskriften
- brudd på krav om plassering av alkoholholdig drikk på salgssted, jf. § 3-3 i denne forskriften
- brudd på vilkår i bevillingsvedtaket, jf. alkoholloven § 3-2 og § 4-3
- **brudd på reklameforbudet, jf. alkoholloven § 9-2, jf. kapittel 14 i denne forskriften**
- andre overtredelser som omfattes av alkoholloven § 1-8 første ledd, jf. blant annet alkoholloven § 3-1 sjette ledd, § 4-1 annet ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.

Ein viser til kontrollrapport og tilleggsrapport etter kontroll av skjenkestaden 5. november 2016 og brev frå Vaksdal kommune av 29. november 2016 med tilsvar frå løyvehavar datert 21. desember 2016. I dette tilsvaret skriv løyvehavar at dei har iverksett tiltak for å hindre at slike brot på alkohollova skjer att og kva desse tiltaka går ut på.

Bakgrunn:

Skjenkekontrollen hadde kontroll av skjenkestaden laurdag 05.11.2016. Det vart då avdekka brot på to lovbestemmelsar i alkohollova.

Vurdering:

I denne saka vert 4 prikkar tildelt for brot på alkohollova § 1-5, første ledd, skjenking av alkoholholdig drikk til personar på 18 eller 19 år. 1 prikk vert tildelt for brot på alkohollova § 9-2, jf. kapittel 14 i denne forskrifta, brot på reklameforbudet.

Lovteksten er her klar og gjev ikkje rom for skjønn. Det står at kommunen skal tildele prikkar for brot på ulike bestemmelsar i alkohollova. Vaksdal kommune er elles nøgd med at løyvehavar set i verk tiltak for å hindra at slike brot på alkohollova skjer att.

Konklusjon:

Vaksdal kommune tildeler løyvehavar fem prikkar for brot på alkohollova ved skjenkekontroll 05.11.2016.

Erik Verpelstad

Vaksdal kommune.

Tilbakemelding fra Milano pizzeria Vaksdal senter.

Vi har gjennomgått kontrollrapporten fra 5 – 6 November.

Punkt 1.

Matter er nå byttet ut med matter mottatt av skjenkekontrollen.

Punkt 2.

Ved arrangementer vil det være 20 års aldersgrense i hele lokalet.

Ved tilfeller der foreldre har med personer mellom 18 – 19 år vil dette godkjennes ved at de må sitte på bord i nærhet til vokter; og ikke oppholde seg andre steder i lokalet. Opprettholdes ikke dette vil de bli bedt om å forlate lokalet for kvelden.

Med vennlig hilsen.

Amirk mustafa Abdi

For

Halis celep

A handwritten signature in blue ink, appearing to be 'Amirk Mustafa Abdi', written over a horizontal line.



Milano Pizzeria
Botnavegen 10
5725 VAKSDAL

Unnateke off.
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.
ledd nr. 2

Referanser:

Dykkar:
Vår: 16/1523 - 16/8435

Saksbehandlar:

Eirik Verpelstad
eirik.verpelstad@vaksdal.kommune.no

Dato:

29.11.2016

Skriftleg uttale etter kontroll 05. november 2016

Laurdag 05. november vart det utført kontroll av skjenkeløyvet i dykkar lokaler i Botnavegen 10. Vi ber om skriftleg uttale på vedlagte kontrollrapport innan 14. desember.

Jf. vanleg praksis og forskrift til alkohollova § 9-6 er tilleggsrapport ikkje sendt til skjenkestaden/løyveharar gjennom sals- og skjenkekontrollen. Kopi av rapport skal sendast skjenkestaden gjennom den aktuelle løyvemynde etter dei fristar som gjeld i forskrift om kontroll med salgs- og skjenkebevilling, jf. § 9-6.

Det synes elles til forskrifta kapittel 10 – inndraging av sal- og skjenkløyver.

Med helsing

Eirik Verpelstad
Leiar NAV Vaksdal

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Vedlegg:

Tilleggsrapport Milano Pizzeria 5 november 2016

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jepsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto
Org.nr. 961 821 967



Vaksdal kommune v/Sølvi Legård
Konsul Jebsensgt 16
5722 DALEKVAM

Vår ref.
16/2673-1/N - 614/MBOL

Dykkar ref.

Dato:
09.11.2016

Milano pizzeria Vaksdal -Tilleggsrapport etter kontroll 5. November 2016

Vedlagt ligg tilleggsrapport etter kontroll med skjenkeløyve på:

- Milano pizzeria Vaksdal den 05.11.2016.
- Standard kontrollskjema utfyllt på staden.

Jf. vanleg praksis og forskrift til alkohollova § 9-6 er tilleggsrapport ikkje sendt til skjenkestaden/løyvehavar gjennom sals- og skjenkekontrollen. Kopi av rapport skal sendast skjenkestaden gjennom den aktuelle løyvemynde etter dei fristar som gjeld i forskrift om kontroll med salgs- og skjenkebevilling, jf. § 9-6.

Det synes elles til forskrifta kapittel 10 – inndraging av sal- og skjenkløyver:

§10-1 Ved overtredelser som nevnt i § 10-3 skal kommunen tildele bevillingshaver et bestemt antall prikker. Likeartede brudd avdekket ved samme kontroll skal anses som ett enkelt brudd.

Dersom bevillingshaver i løpet av en periode på to år er tildelt til sammen 12 prikker, skal kommunestyret inndra bevillingen for et tidsrom på én uke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt flere enn 12 prikker skal kommunestyret øke lengden på inndragningen tilsvarende.

Ved beregning av toårsperioden skal overtredelsestidspunktene legges til grunn. Toårsperioden gjelder uavhengig av om bevillingen er fornyet i løpet av perioden, jf. alkoholloven § 1-6. Ved overdragelse begynner ny periode på overdragelsestidspunktet, jf. alkoholloven § 1-10 første ledd.

§ 10-3.Følgende overtredelser fører til tildeling av åtte prikker:

- salg, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år, jf. alkoholloven § 1-5 annet ledd
- brudd på bistspplikten, jf. § 4-1 annet ledd i denne forskriften
- brudd på kravet om forsvarlig drift, jf. alkoholloven § 3-9 og § 4-7
- hindring av kommunal kontroll, jf. alkoholloven § 1-9.

Følgende overtredelser fører til tildeling av fire prikker:

- salg og utlevering til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 3-1 i denne forskriften, skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 4-2 første ledd i denne forskriften
- brudd på salgs-, utleverings- og skjenketidsbestemmelsene, jf. alkoholloven § 3-7 og § 4-4

- skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf. alkoholloven § 1-5 første ledd
- brudd på alderskravet til den som selger, utleverer eller skjenker alkoholholdig drikk, jf. alkoholloven § 1-5 tredje ledd.

Følgende overtredelser fører til tildeling av to prikker:

- det gis adgang til lokalet til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller bevillingshaver sørger ikke for at person som er åpenbart påvirket av rusmidler forlater stedet, jf. § 4-1 i denne forskriften
- mangler ved bevillingshavers internkontroll, jf. alkoholloven § 1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i denne forskriften
- manglende levering av omsetningsoppgave innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften
- manglende betaling av bevillingsgebyr innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften
- brudd på krav om styrer og stedfortreder, jf. alkoholloven § 1-7c
- gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestedet, jf. alkoholloven § 1-8 annet ledd
- gjentatt diskriminering, jf. alkoholloven § 1-8 annet ledd.

Følgende overtredelser fører til tildeling av én prikk:

- brudd på kravet om alkoholfrie alternativer, jf. § 4-6 i denne forskriften
- brudd på regler om skjenkemengde, jf. § 4-5 i denne forskriften
- konsum av medbrakt alkoholholdig drikk, jf. § 4-4 i denne forskriften
- gjester medtar alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i denne forskriften
- brudd på krav om plassering av alkoholholdig drikk på salgssted, jf. § 3-3 i denne forskriften
- brudd på vilkår i bevillingsvedtaket, jf. alkoholloven § 3-2 og § 4-3
- brudd på reklameforbudet, jf. alkoholloven § 9-2, jf. kapittel 14 i denne forskriften
- andre overtredelser som omfattes av alkoholloven § 1-8 første ledd, jf. blant annet alkoholloven § 3-1 sjette ledd, § 4-1 annet ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.

Tilleggsrapporten og utfylt skjenkeløyve/kontrollrapport vart også sendt pr e-post til Vaksdal kommune den 05.11.2016.

Helsing

Magreth Børve Olsen

Konsulent

Telefon: 56553158

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg	Tittel
09.11.2016	Milano Pizzeria Vaksdal
09.11.2016	Tilleggsrapport Milano Pizzeria 5 november 2016

Nytt Kontrollrapport sal- eller skjenkeløyve

Submission Date	2016-11-05 20:48:29
Dato for kontroll	06-11-2016
Tid for kontroll	1:45 - 1:45
Variierende tidspunkt	Ja
Namn på sal- eller skjenkeplass	Milano Pizzeria Vaksdal
Løyvekommune	Vaksdal
Type løyve	Skjenkeløyve
Styrar til stades	Ja
Antal gjestar på skjenkeområdet	45
Eigen dørvakt?	Ja
Antal på jobb	2
Antal vakter	1
Vilkår	Gruppe 1 og 2 Gruppe 3
Alk §4-2 Vart skjenkestaden dreven i samsvar med godkjend driftskonsept?	Ja

Kontrollpunkt skjenking	Brot registert
For §4-1 Openberr rusa person tilgang til skjenkeområde	-
For §4-2 Skjenkt alk. drikk til openberr rusa person	-
For §4-2 Overskjenking	-
For §4-2 Skjenkt til gjest i lag med openberr påvirka	-
For §4-1 Openberr påvirka gjest ikkje vist bort frå skjenkeplassen	-
Alk §1-5 Alderskrav gjest/ tilsett	✓
For §4-4 Alk.holdig drikk som ikkje er utskjenkt på staden	-
For §4-4 Alk.holdig drikk teke med ut	-
Alk §4-4 Skjenkt/ drukket utenfor godkjend skjenkeområde	-
Alk §4-4 Skjenketid/ fortæringstid	-
For §4-6 Alkoholfrie alternativ/ prisliste	-
Alk §9 Reklame	✓

For §8 Kjenner personalet til IK-alkohol?	Ikkje kontrollert
--	-------------------

For §8 IK-alkohol vart gjennomgått og funne i orden	Ikkje kontrollert
Alk §4-7 Vart skjenkestaden driven på "ein forsvarleg måte"?	Ja
Merknad/ vurdering	Hals calp Smirnof ice matte på bardisk.
Tilleggsrapport sendes pga registrerte brot	Ja
Kontrollør:	Nils Anders Bolstad
Kontrollør:	Anita Herheim
For skjenke/ salsplassen	Amirk Mustafa
Epost	Amirk.abdi@iculod.com